

Kompetansevekst i spenning

- norsk dokumentasjon rundt og norske erfaringar
med Norad stipendprogram



Ein deskstudie av Renate Lunde,
i samarbeid med Kirsten Alsaker Kjerland

November 2004

Oppdrag for Senter for internasjonalisering av høgere utdanning (SIU)

SAMANDRAG	3
HOVUDFUNN	4
KAPITTEL 1. INNLEIING	5
1.1. BAKGRUNNEN FOR UNDERSØKINGA	5
1.2. METODE	5
1.3. PROBLEMSTILLINGAR OG STRUKTUR.....	6
KAPITTEL 2. HISTORIKK	8
2.1. 40 ÅR MED MÅL, SPENNINGSFELT OG VURDERINGAR.....	8
i. Formingstid	9
ii. Kontinuitet og formalisering.....	12
iii. Tilnærming til øvrig bistandsverksemd?.....	17
iv. Nedtrapping og omorganisering.....	24
KAPITTEL 3. OPPFØLGING AV FERDIGE STIPENDIATAR – POLITIKK OG ORGANISASJON	29
KAPITTEL 4. INSTITUSJONANE SINE ERFARINGAR MED NORAD STIPENDPROGRAM	38
4.1. KURSPRESENTASJON	39
MSc programme in Hydropower Development, NTNU	39
M.phil. in Social Change (Geografspesialisering), NTNU	40
M.Sc. programme in Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture (MNRSA), NORAGRIC/NLH.....	41
M.Sc in Development and Resource Economics (DRE), Institutt for økonomi og samfunn, NLH.....	43
M.phil in Public Administration Programme, Institutt for administrasjons- og organisasjonsvitenskap, UiB.....	44
M.Phil in Social Anthropology (Human Ecology), Institutt for sosialantropologi/ Senter for utviklingsstudiar, UiB.....	45
4.2. BAKGRUNNEN FOR NORSKE ERFARINGAR	45
4.3. KVA ERFARINGAR HAR NORSKE INSTITUSJONAR MED HEIMVENDTE STIPENDIATAR? ..	47
i. Kompetansebygging – i høve til relevans og nyttegjering av kunnskap.....	48
ii. Karriereutvikling og evne til påverknad	52
iii. Læringsfilosofi som indikator.....	56
4.4. KVA SKJER MED STIPENDIATANE – NOKRE KONKRETE DØME.....	61
KAPITTEL 5. STIPENDIATANE SOM RESSURS – KORLEIS BLIR DEI BRUKT? 67	
5.1. BRUK AV STIPENDIATANE – NORGESAKSEN I PRAKSIS.....	68
5.2 ETTERBRUK OG FRUSTRASJON.....	69
KAPITTEL 6. SPENNING FØR OG NO	72
6.1. NORADs ENGASJEMENT I STIPENDIATVERKSEMDA – HEIME OG UTE.....	72
i. Mot minska interesse?	74
ii. NORADs representasjonar – overarbeida eller uinteressert?	76
6.2. RELASJONEN MELLOM FAGINSTITUSJONANE OG SIU/NORAD	81
6.3. INSTITUSJONELLE ERFARINGAR: KVOTEPROGRAMMET VERSUS NORAD STIPENDPROGRAM	86
KAPITTEL 7. KONKLUSJON	92

7.1. MÅL, VERKEMIDDEL OG OMFANG	92
7.2. KVA SKJER MED HEIMVENDTE STIPENDIATAR?	94
7.3. MANGEL PÅ ETTERBRUK OG OPPFØLGING.....	96
KJELDER.....	98
LITTERATURLISTE.....	101
VEDLEGG 1: FØRANDE UTVIKLINGSTEORIER OG NORSK BISTANDSPRAKSIS 1960 - 2000	104
VEDLEGG 2: KURS I SØR ELLER I NØREG?	113
VEDLEGG 3. OPPDRAGSSKILDING	120
VEDLEGG 4: NETTVERKSADRESSER NORAGRIC	122
VEDLEGG 5. INTERVJUGUIDE	123
VEDLEGG 6: RAPPORT FRA STUDIEREISE TIL TANZANIA, TURID BRÆK NTH, 1992. ..	127
VEDLEGG 7: RAPPORT: ARBEIDSSEMINAR OM BRUK AV NORAD-STIPENDIATER SOM RESSURS. BÅRD SANDVEI, REFERENT , 1993.	127

SAMANDRAG

Dear Noragric'ers

Here's a happy greeting from Quynh Trong, MNRSA 2001 – 03, that I'd like to share with you:

I am now very happy because I have got a new and extremely interesting position due to my background and knowledge that I obtained from MNRSA course at NORACRIC. My position is Watershed Management Expert in a project of Mekong River Commission. Thanks to NORAGRIC. I do hope that I will receive more support from you for watershed management issues and related fields.

Best regards

Quynh Trong.

I meir enn 40 år har Noreg gitt støtte til utdanning til personar frå land i Sør. Kva erfaringar har sentrale norske aktørar med NORAD stipendprogram, og kva veit dei om kva som skjer med dei heimvendte stipendiatane? Dette, samt

Stipendprogrammets mål, omfang og verkemidlar var hovudproblemstillingane forfattarane av denne studien fekk i oppdrag av Senter for internasjonalisering av høgere utdanning (SIU) den 18. august 2003. Mandatet var innskrenka til å studere utvalde norske institusjonar og kursprogram ved gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg materiale, i tillegg til intervju med sentrale norske aktørar knytt til programmet.

Mål og hovudprinsipp for stipendordninga har berre i mindre grad endra seg på dei over 40 åra verksemda har eksistert. Kompetansebygging i særskilt offentleg forvaltning og undervisningsinstitusjonar i Sør har heile tida vore eit sentralt mål, og er også framtreddande i dagens målformulering. I kapittel 1 i denne studien er dei ulike fasane i verksemda kartlagt, noko som mellom anna viser at verkemidla har gått frå individuelle kurs, korte seminar og eittårige diplomkurs til mastergradsnivå på prosjektorienterte program. Dreininga til mastergrad kom på slutten av 1980-talet. I byrjinga var elles kursa eigd av NORAD, men på 1990-talet la dei om og ville at universiteta skulle både eige og drive kursa. NORAD kjøpte då plassar til stipendiatar på kursa som elles også skulle gje tilgang for andre studentar. Målet var at kursa skulle verta ein eigen del av dei norske universiteta sin internasjonaliseringsstrategi for høgare utdanning. Ei vidareføring av denne politikken var at NORAD også overførte administrasjonen av verksemda til Universitetsrådet og SIU i 1998. I same perioden minka også talet på stipendiatar gradvis. Frå 178 i 1980 til 93 i 2003. Løyvingane gjekk nedover. I 2003 var dei på 52,5 millionar kroner, berre 3,5 millionar meir enn i 1987. Kapittel 2 viser at det i praksis ikkje har vore gjennomført

systematisk oppfølging av stipendiatane trass gjentekne tilrådingar om dette gjennom dei over 40 åra ordninga har eksistert.

Hovudfunn

Dei norske informantane sine erfaringar er presentert i kapittel 3 og 4. For å anvende det innsamla materialet best mogleg, har me nytta eit sett med indikatorar som både tek omsyn til dei relativt få kvalitative funna forfattarane av deskstudien har gjort og hovudmåla for verksemda. Erfaringane er gjort ut i frå mål om kompetansebygging, karriereutvikling, påverknadshøve, stipendiatane som endringsagentar og læringsfilosofi. Funna peikar i retning av at kursa i Noreg både er relevante og medverkar til å styrke kapasiteten og kompetansen i Sør. Fleire av dei norske partane fortel om store karriereopptrykk hjå tidlegare stipendiatar. Læringsfilosofi trer elles fram som ein særskild viktig indikator og norske erfaringar tyder på at stipendiatane får styrka kritisk og etisk refleksjon; samt ny evne til å samarbeida med og inkludere - på nye måtar - individ og lokalsamfunn i arbeidet sitt. Effekten av ordninga må sjåast i lys av etterbruk og oppfølging av stipendiatane, noko som reiser kritiske spørsmål som det er retta fokus mot i kapittel 4. Det er blant anna påfallande lite etterbruk i ordninga, trass i at etterbruk er nedskrive og vedtatt i ulike periodar. Både kurstilsette i Noreg og heimvendte stipendiatar etterspør oppfølging, evaluering og kontinuerleg etterbruk av stipendiatane.

Ordninga er og har i periodar vore merka av spenningar mellom faginstitusjonane og NORAD/SIU. NORAD sine utestasjonar skapar frustrasjonar hjå både kurstilsette i Noreg og stipendiatane. Økonomiske spørsmål er elles ei anna kjelde til spenningar. Dette kjem til syne i fleire samanhengar, men er særleg klart i kapittel 6 i rapporten. I det perspektivet at ordninga har overlevd i over 40 år, kan ein også sjå spenningane som ein konstruktiv uro mellom aktørane som til sist har vore instrumentell for dei ulike mål og motiver aktørane har hatt. Det er likevel naudsynt å drøfte dei ulike typar spenningar for å identifisere uroen.

KAPITTEL 1. INNLEIING

1.1. Bakgrunnen for undersøkinga

I meir enn 40 år har Noreg gitt støtte til utdanning til personar frå såkalte utviklingsland. Kva erfaringar har sentrale norske aktørar med NORAD stipendprogram hatt? Kva veit dei om kva som skjer med dei heimvendte stipendiatane? Dette var sentrale spørsmål i oppdraget Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU) gav forfatarane av denne rapporten august 2003. Oppdraget var kortvarig, berre vel 3 månadar. Mandatet var innskrenka til å studere utvalde norske institusjonar og kursprogram ved gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg materiale, i tillegg til intervju med sentrale norske aktørar. Følgjande institusjonar og mastergradskurs skulle undersøkast nærare; alle på førehand blinka ut av SIU: "Hydropower Development" (HPD) og "Social Change" ved Norges tekniske og naturvitenskaplege universitet (NTNU), "Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture" (MNRSA) ved NORAGRIC på Norges landbrukshøgskole (NLH) og "Development and Resource Economics" ved NLH. Dei to programma som vart undersøkt ved Universitetet i Bergen (UiB) var M.phil i Public Administration Programme og M.phil i "Social Anthropology (Human Ecology)". Arbeidet vart karakterisert som ein deskstudie av dokumentasjon og erfaringar i Noreg i samband med Norad stipendprogram.

1.2. Metode

Innsamlinga av kjeldemateriale har føregått på to måtar. Tilgjengeleg arkivmateriale i form av rapportar, notat, evalueringar og meldingar har vorte granska. Størstedelen av det skriftlege materialet nytta i studien er funne i NORAD sitt fjern- og nærarkiv. Det innhenta materialet inkluderer også data som vart framlagt etter førespurnad ved dei ulike faginstitutionane. I tillegg vart det gjort intervju med 19 sentrale aktørar ved dei utvalde institusjonane NTNU, NLH, UiB, og NORAD.¹ Ei rekkje uformelle samtalar er også gjennomført med personar undervegs.² Dei fleste intervjuar var gjort med enkeltrespondentar og varte nærare to timar. Unntaksvis var det to

¹ Det skal nemnast at berre ein person ved NORAD har vorte intervjuar formelt pga 1) låg respons på førespurnader om samtale, 2) anbefaling frå NORAD om å intervjuar kun den eine personen då denne sat med det største minnet og mest erfaring om stipendprogrammet.

² Dei uformelle samtalarne har ikkje vore nytta som kjelde eller grunnlag for diskusjon i studiet, men samtalarne har sett ein på sporet av både munnlege og skriftlege kjelder ein ikkje hadde nådd elles.

respondentar i rommet. Metoden kan skildrast som fleksibel og djuptgåande. Direkte kontakt med ei rekkje sentrale aktørar har samstundes gjeve høve til å få verifisert ein del av informasjonen. Etter som informantane vart sikra anonymitet på førehand, er ikkje faren for at informantane har utelete sensitive emne særleg stor.

Materialet som studien byggjer på kan verka noko mangelfullt. Den knappe tida gjorde at me ikkje fekk snakka med mange nok; ei heller konsultera nok skriftleg materiale. Det har i tillegg til dette vore vanskeleg å få ei fullstendig oversikt over dokumentasjon, historisk materiale og ikkje minst oversyn over omfanget av stipendiatar. NORAD sitt fjernarkiv var dessutan ikkje organisert på ein effektiv måte. Dette resulterte ikkje minst i at talmaterialet vart svært mangelfullt. Det har vore eit stort problem å hente inn tal på stipendiatar dei ulike åra, og etter gjentekne førespurnader i NORAD er det i tillegg kome fram at institusjonen manglar kompetanse til å lese sine eigen statistikkdatabase *STIPSTAT*. Denne databasen er konsultert personleg av forskarane, men ettersom den verka ufullstendig, var dette lite nyttig. Talmaterialet frå dei ulike faginstitutionane er også ufullstendig. Me reknar med at materialet frå eldre arkiv kanskje er noko enklare å finna fram i. Grunna tid vart dette materialet ikkje konsultert.

1.3. Problemstillingar og struktur

Norsk bistand til høgare utdanning i utviklingsland vart på 1960-talet i all hovudsak argumentert ut i frå ei sterk tru på vitenskap og teknologi. Ordninga skulle medverke til kapasitets- og kompetansebygging. Økonomisk vekst var hovudmålet. Korleis har så målsettinga til NORAD stipendprogram utvikla seg på over 40 år? Eit kjenneteikn har vore forskyvingar i prioriteringar som etterkvart samsvara meir med dei prinsipp og målsettingar som også gjorde seg gjeldande for resten av bistandspolitikken. Frå å vere ein ordning på sida av bistandspolitikken, vart Stipendprogrammet i større grad ein del av bistanden sin hovudtrend. Noko av det karakteristiske med ordninga er det pragmatiske *ad hoc* preget på utviklinga, i tillegg til ein stor fleksibilitet. Dette legitimerer spørsmål om bistandsmål er dei einaste reelle målsettingane for verksemda. I kapittel 2 freistar me å gje eit oversyn over kva som har vore Stipendprogrammet sitt omfang, verkemidlar og retningslinjer i perioden 1960-2003. Meininga med den historiske gjennomgangen av verksemda er at den skal fungera som ei råme. Kapittel 3 presenterer ei nærare drøfting av dei retningslinjene og den praksis som har vore gjeldande i høve oppfølging av stipendiatane. Dette er sentralt

for å kaste mest mogleg lys over råma rundt det norske erfaringsgrunnlaget. Kva skjedde/skjer med ferdige stipendiatar, og korleis vurderer dei stipendprogrammet i høve til det? Denne rapporten bærer preg av å setje dei kvalitative undersøkingane i fremste rekkje. Sitat frå det munnlege kjeldematerialet er framtrudande i framstillinga; noko me har vurdert som heilt sentralt for denne studien og ikkje mindre for etterbruken av dette arbeidet.

Erfaringane med NORAD stipendprogram er vurdert i høve til eit sett indikatorar som er funne talande og viktige for dette studiet sine problemstillingar. Indikatorane³ går noko ut over dei variablane som til dømes kjenneteikna Verdsbankstudiar av utdanningseffekt⁴, men dei medverkar i større grad til å skape refleksjon kring dei norske erfaringane med kva som skjer med stipendiatane.

Dei ulike emne som vert drøfta er identifisert etter gransking av intervju. Ulike spenningsfelt har til dømes vore eit gjentakande emne framkome i kjeldematerialet, særleg i dei munnlege kjeldene. Spenningar tykkjes i det heile å ha prega/pregar stipendiatverksemda på ulike nivå. Dette meiner me legitimerer at det har fått ein eigen plass i kapittel 6.

Oppdraget er på alle vis farga av den korte tida som var gitt til rådvelde. Ideelt sett ville me ha snakka med langt fleire aktørar knytt til langt fleire institusjonar. Me ville ha konsultert langt meir skriftleg materiale. Talmaterialet som er presentert er, som sagt, mangelfullt, trass i at også SIU stilte folk⁵ til rådvelde. Likeleis er det heva over tvil at studien ville gitt ein langt betre heilskap dersom me hadde hatt høve til å snakka med ferdig uteksaminerte kandidatar. Verken tida eller mandatet i oppdraget gjorde dette mogeleg.

Alle intervju er gjort av Renate Lunde, som også har forfatta hovudteksten. Kirsten Alsaker Kjerland har hatt hovudansvar for oppdraget. Oppsett, tekstgjennomgang og analyse er gjort i fellesskap.

Bergen 1. november 2004

Renate Lunde

Senter for Midtausten og islamske studiar

Kirsten Alsaker Kjerland

Senter for Midtausten og islamske studiar

³ Indikatormåla nytta her er kompetansebygging, karriereutvikling, påverknadshøve, stipendiatane som endringsagentar og læringsfilosofi.

⁴ Sjå til dømes Samer al-Samarrai and Paul Bennell. *Where has all the education gone in Africa? Employment outcomes among secondary school and university leavers*. Institute of Development Studies at the University of Sussex, 2003.

⁵ Bodil Kjelstrup la ned mykje arbeid i å skaffa tilveges og strukturera talmaterial.

KAPITTEL 2. HISTORIKK

Heilt sentralt i mandatet står spørsmålet om Stipendprogrammets omfang, sentrale mål og verkemiddel. Korleis har desse endra seg i den over 40 år lange perioden verksemda har eksistert, og korleis har ordninga vorte vurdert av norske bistandsstyresmakter? Dette er innfallsvinkelen til ein historisk gjennomgang av NORAD stipendprogram der me også ynskjer å få fram kven som har vore sentrale aktørar for etablering og vedlikehald av Stipendprogrammet.

Grunna kjeldeproblem er spørsmålet om omfang problematisk. Talmateriala var vanskeleg å spore i NORAD, trass i at det på midten av 1990-talet vart oppretta ein database som skulle halde oversyn over kursval og tal på stipendiatar, deira nasjonalitet, kjønn og studentmånadsverk. Denne databasen, *STIPSTAT*⁶, er det altså per dags dato ingen i NORAD som har fullgod kompetanse til å bruke i følge ein NORAD-tilsett med tilgang til denne. Det har dessverre heller ikkje vore mogleg å nytta den tida som synte seg naudsynt i NORAD sitt fjernarkiv for å spore opp årlege tal på bevilgningar til Stipendprogrammet. Måten arkivet er organisert på forvanska høvet til effektive og raske søk i den korte tida som dette oppdraget varte. Likevel har me grunn til å tru at dei tala som er funne gjev eit rimeleg oversyn over Stipendprogrammet sitt omfang.⁷

2.1. 40 år med mål, spenningsfelt og vurderingar

Stipendiatverksemda kom formelt i gang før NORAD vart oppretta i 1968. Før den tid hadde Sosialdepartementet ansvaret for mottak av stipendiatar som kom på fleirsidig basis gjennom finansiell støtte frå FN. Også innan FN-systemet er stipendiatverksemd den eldste bistandsforma, og allereie frå 1946 vart dei fyrste stipendiatane finansiert.⁸

I 1962 var det norske stipendiatbudsjettet på kr. 275.000, 3,7 % av den totale bistanden.⁹ I 1970 var stipendiatbudsjettet auka til 4,2 millionar kroner, men

⁶ Databasen vart oppretta saman med nettverket Norad Fellows Network i 1995. STIPSTAT ligg i dag i IKT-seksjonen i Personal- og administrasjonsavdelinga i NORAD.

⁷ Dersom lesaren er interessert i navn, nasjonalitet, kursår og –type for dei seinaste åra skal desse data ligge hjå dei enkelte kursarrangørar også. Desse data har me ikkje tatt med i sin heilheit her då dei ikkje svarar på problemstillingane meir utførleg enn det me allereie har forsøkt.

⁸ NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: ”Innstilling fra utvalget for vurdering av NORADs stipendiatvirksomhet”, 24/11-1971, s. 5. Dei første to åra var det hovudsakleg personell frå krigsherja land i Europa som vart tildelt FN stipend, men allereie frå 1948 tok FN konsekvensen av behovet for stipend i utviklingslanda.

⁹ NORAD 700.0: ”Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD’s stipendiatvirksomhet”, 24.11.1971, s. 4.

ekspansjonen av stipendiatsida var likevel mykje mindre enn for den totale bistanden. Verksemda utgjorde då ikkje meir enn 1,6 % av det totale budsjettet. Trenden frå byrjinga av 1970-åra karakteriserer betre omfanget av denne bistandsforma, og gjennom heile perioden har opplæringstiltaka til høgare utdanning i utviklingsland hatt eit omfang på nettopp mellom 1 og 2 % av bistandsbudsjettet. Dette inkluderer støtte til tiltak både i Noreg og i heim- og tredjeland.

Tabell 2.1. Statistikk over bevilga sum til Stipendiatposten (tidlegare Opplæringsposten) 1962-2003.¹⁰

Bevilgningsår	Kroner
1962	275.000
1970	4.200.000
1972	7.000.000
1987	49.000.000
2003	52.500.000

i. Formingstid

1960-talet, som var både FN sitt fyrste utviklingstiår og det fyrste tiåret stipendiatorordninga vart sett i verk som bistandsform i Noreg, kan karakteriserast som sjølv formingsperioden til verksemda. Det hadde over fleire år vorte arrangert kurs og spesialseminar for FN-støtta stipendiatar, men den tosidige stipendiatstøtta kom fyrst ordentleg i gang med opprettinga av Norsk Utviklingshjelp i 1962. Dei fyrste åra vart det stort sett gitt støtte til deltakarar ved Den internasjonale sommerskolen i Oslo, men verksemda ekspanderte deretter gradvis. Allereie ut på 1960-talet vart det lagt til rette for langvarige (1-2 år) individuelle studieopphald i Noreg, i tillegg til at det var gjeve midlar til fleire spesialkurs for personell frå utviklingsland.¹¹ Verksemda var elles spreidd over mange tiltak og verkemiddel i denne perioden. Opplæringsformene inkluderte organiserte studieprogram som vart identifisert som korte kurs/seminarer som gjekk i mindre enn seks månader, og langvarige kurs som gjekk i minst eit halvt år. Individuelle studieprogram med korte og langvarige opphald var også ein del av verkemiddela, med ei hovudvekt på tilbod innan tekniske fag, økonomi og helsefag.¹² Kursrekka som var tilrettelagt spesielt for NORAD-stipendiatar inkluderte desse faga:

¹⁰ Statistikken er laga på bakgrunn av talmateriale frå desse dokumenta: NORAD 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", 24.11.1971, s. 4., NORAD: "Om bruk av opplæringsmidler til videreutdanning" 1987, NORAD 824.33: Bevilgningsdokument 2003.

¹¹ NORAD 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", 24.11.1971, s. 4.

¹² Ibid, s. 11.

Tabell 2.2. Opplæringstiltak i form av kurs arrangert for NORAD stipendiater 1966-1970.¹³

Kurs	Studiested	Studiestart
"Educational Administration and Teachers Training"	Hamar	Kun juni-desember 1966.
"Advanced Geology"	Mineralogisk-geologisk museum i Oslo	1966/67. Årleg.
"Clinical Neurophysiology"	Rikshospitalet	1966/67. Årleg.
"Pulp and Paper Technology"	Kjemiavdelingen, NTH	1968/69. Årleg.
"Applied Physical Chemistry"	Kjemiavdelingen, NTH	1969/70. Årleg.
"Odontologi-Periodonti"	Det odontologiske fakultet, UiO	1970/71. Årleg.
Kurs for skipsingeniører	Det norske Veritas	1970.
"Soil-Science"	NLH	1970/71.
Kurs i anleggsteknikk	Landbrukshøgskolens institutt, avd. Sortland	Kun 6 mnd, i 1970.
Kurs i fiskerifag	Statens fiskerifagskole, Gravdal	1970/71.

NU/NORAD arbeida på 1960-talet med å finna rasjonelle retningslinjer for opplæringstiltak i Noreg. Til dømes i høve til lokale styresmakter og faginstansar sine behov i utviklingslanda. Det vart også lagt vekt på at Noreg skulle tilby eigna opplæringsprogram der norske fagmiljø i særleg grad kunne bidra med formålstenleg kunnskap.¹⁴ Fokuset på menneskelege ressursar i bistandsstrategiane generelt gav særleg utslag i stipendiatorordninga ved ei understreking av behovet for å bygge opp kompetanse i teknisk-, industriell- og helsesektor.

Sosiologen Kate Halvorsen slår fast i si undersøking av NU/NORAD støtta utdanningsprosjekt i perioden 1962-1990 at Noreg har gjeve støtte til høgare utdanning frå starten av.¹⁵ Bistandsstyresmaktene i Noreg meinte at grunnutdanninga måtte initierast og drivast av utviklingslanda sjølve; det vart sett på som eit nasjonalt ansvar. På 1960- og 1970-talet var det til dømes ingen grunnskuleprosjekt som fekk støtte. Dette skjedde fyrst på slutten av 1980-talet då nokre få større prosjekt på grunnutdanning fekk norsk støtte. Sjølv på 1990-talet var det berre tre av trettitre norskfinansierte utdanningsprosjekt som gjekk til grunnskulen.¹⁶ Dette har ikkje berre vore trenden i norsk satsing, men også i internasjonal bistand til utdanning.

Vekst og grunnarbeid prega altså det fyrste tiåret med stipendiatverksemd som bistandsform. Dei fyrste åra var talet på stipendiatar lite, men i 1964 var det nitti

¹³ Tabellen er gjengjeven på grunnlag av data frå NORAD 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", 24.11.1971, s. 16ff.

¹⁴ Hestås Minken 2002, s. 22. Ho henviser til NU si årsmelding i 1963.

¹⁵ Halvorsen, Kate 1990. "The Role of Education in Norwegian Development Aid", i *Forum for utviklingsstudier* 1990 (2), s. 249-265.

¹⁶ Ibid.

deltakarar på kurs i Noreg.¹⁷ I åra 1966 og 1969 var talet på stipendiatar høvesvis 139 og 119. Fallet i stipendiatar desse åra hadde med at tunisjarane og studentane frå Elfenbenskysten, som hadde utgjort fleirtalet av afrikanske stipendiatar, plutselig sank frå 1967 til 1968. Tunis hadde til dømes 35 stipendiatar i Noreg i 1966-1967 og berre 2 i perioden 1968-1970. Elles syner den geografiske fordelinga desse fyrste åra at også fleire europeiske land fekk støtte til opplæring i Noreg, derimellom Spania.¹⁸

Tabell 2.3. Fagleg fordeling for personell frå utviklingsland under opplæring i Noreg 1966-1970.¹⁹

Fagfelt	1966	1967	1968	1969	1970	Totalt
Havforskning/fiske	5	16	2	5	10	38
Andre teknisk-naturvitenskaplege fag	19	38	34	39	71	201
Landbruks- og veterinærfag	6	7	7	9	24	53
Medisin/helse	15	27	34	30	33	139
Samfunnsfag (økonomi, handel, transp., adm., sos.fag, underv. osv)	31	25	56	35	19	166
Andre felt (generelle orienteringskurs, spåkkurs, kunst, kultur osv)	63	19		1		83
Totalt	139	132	133	119	157	680

Bruken av verkemidlar endra seg i 1969 då NORAD i tillegg til kurs i Noreg no støtta utdanning i heim- eller tredjeland. Ei stadig sterkare tru på utviklingseffekten av bistandsmessige opplæringstiltak låg i botnen for auken og veksten innan ordninga. Samstundes ser me ei sterkare interesse for ordninga ved norske faginstusjonar. Arbeidet med å planlegga og arrangere nye kursprogram engasjerte stadig fleire. Dette kan også sjåast i lys av den sterkare involveringa av norske interesser og instusjonar i utviklingsarbeidet generelt allereie på denne tida.

Den positive vurderinga av opplæringstiltak for personell frå utviklingsland vart også understreka mellom norske bistandsstyresmakter. Stipendiatverksemda vart vurdert som eit viktig verkemiddel i høve til dåtidas bistandsteoriar og praksis,²⁰ og det vart til dømes etablert eit eige stipendiatkontor ved det nyoppretta Direktoratet for utviklingshjelp (NORAD) i 1968. Det kan tyde på at NU/NORAD raskt etablerte ein praksis i høve til mellom anna "Onarheim-utvalget" si bistandsmelding frå 1966. Ei melding som fokuserte på kunnskapsmangelen i utviklingslanda som eit stort hinder for økonomisk vekst.

¹⁷ Hestås Minken 2002, s. 22.

¹⁸ Norad 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", 24.11.1971, s. 13-15.

¹⁹ Tabellen er gjengjeven på grunnlag av data frå NORAD 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av Norad's stipendiatvirksomhet", 24.11.1971, s. 9.

²⁰ Sjå meir om dominerande retningar og teoriar blant norske bistandsstyresmakter i vedlegg.

ii. Kontinuitet og formalisering

Den utviklinga som vart sett i gang på 1960-talet kjenneteiknar den vidare progresjonen av stipendiatorordninga på 1970-talet, men den vidare framveksten av verksemda som no vart formalisert i ei innstilling kom til å leggje grunnlaget for både retningslinjer, kriterier og målsettingar for stipendiatpolitikken i lang tid framover.

I november 1970 vart det bestemt at eit utval skulle vurdere stipendiatorordninga på grunnlag av dei erfaringane som var hausta dei siste ti åra. Mandatet til utvalet var å legge fram forslag til kva retningslinjer som burde gjelde for NORAD sin framtidige drift av både den bilaterale og multilaterale stipendiatverksemda som eit ledd i den generelle bistandsverksemda i Noreg.²¹ Innstillinga, som var ferdig i 1971, fastsette dei prinsipp og søkarkrav som hadde vore under utforming i åra forut. Ser ein på krava til aktuelle stipendkandidatar som den gong vart satt opp, kan ein merka seg at dei er lite endra i dag:

”Søkere må for å bli innvilget stipend:

- i) være anbefalt for dette av myndigheter i sitt hjemland,
- ii) ha fullført sin yrkesutdanning,
- iii) være i arbeid i hjemlandet og være gitt tilsagn om permisjon fra dette for etterutdanning i Norge,
- iv) ha gode kunnskaper i engelsk,
- v) være akseptert for studier (eventuelt som kursdeltaker) ved norske institusjoner”.²²

Bakgrunnen for valet av kriterier var ønskje om å i størst mogleg grad sikre ei relevant utdanning. At heimlandet prioriterte den opplæringa ein kandidat søkte om, og ikkje minst var det behov for ein viss garanti om at stipendiatane reiste heim etter å ha avslutta studiane. Utvalet diskuterte også om det var tilstrekkeleg å legge vekt på faglege kvalifikasjonar ved opptak av stipendiatar. I drøftinga vart det understreka at det var naudsynt med ei nærare vurdering av korleis Noreg sin avgrensa stipendiatinnsats ovanfor utviklingsland kunne få størst mogleg verdi for dei formål norsk utviklingshjelp skulle tene. Konklusjonen vart at ein i tillegg til faglege kvalifikasjonar måtte understreke kriterium som kunne forklare ein særleg norsk innsats i stipendiatverksemda.²³ Det vart difor tilrådd at ved utveljing av kandidatar skulle det leggest vekt på om potensielle stipendiatar var knytt til norske prosjekt eller

²¹ Norad 700.0: ”Innstilling fra utvalget for vurdering av Norad’s stipendiatvirksomhet”, 24.11.1971, s. 1.

²² Norad 700.0: ”Innstilling fra utvalget for vurdering av Norad’s stipendiatvirksomhet”, 24.11.1971, s. 23.

²³ Ibid, s. 36.

land der Noreg var særleg engasjert og kjent med forholda, eller om dei hadde tilknytning til særleg fattige land eller land som elles fekk lite norsk støtte.

Dei konkrete målsettingane var utforma med grunnlag i eit ønskje om å bidra til å løyse utviklingslanda sine problem.²⁴ Det vart trekt fram at Noreg på enkelte fagfelt hadde spesielle føresetnader for å tilby utdanning av høg kvalitet, og det måtte difor vere konsentrasjon kring desse områda då den norske prosjektverksemda i utviklingsland kunne skape behov for utdanning som andre land ikkje kunne dekke. Eit anna mål var at den norske innsatsen skulle nå grupper i utviklingslanda som elles ikkje fekk tilgong på andre stipendmidlar. Ein ønskte med andre ord ei betre sosial fordeling av utdanningshøva, noko som var i tråd med 1970-talets radikaliseringsstenking og fokus på dei fattigaste som ei naudsynt føresetnad for utvikling. Utvalet meinte at dei nemnte målsettingane ville auke utviklingseffekten av stipendiatverksemda, men argumentet synes berre å vere haldbart dersom norsk stipendiatinnsats vart konsentrert om land som Noreg allereie hadde god kjennskap til. Dette tok utvalet omsyn til, trass i innstillinga sitt forslag om å gje stipendmidlar til kandidatar som kom frå svært fattige land som Noreg elles ikkje støtta. Sjølv om utvalet ynskte ei slik brei verksemd, meinte dei, i samsvar med den sosiale fordelingstanken, at den største delen av stipendmidla burde gå til Aust-Afrika der Noreg grunna anna norsk prosjektverksemd hadde god oversikt. Eit moment som vart understreka i så måte er utvalet si tilråding om å bruke NORAD sine utestasjonar til å lette det administrative arbeidet med stipendiatordninga. I tillegg meinte dei at representasjonane enkelt ville kunne evaluere verksemda. Utvalet vurderte evaluering og oppfølging av stipendiatar som verdifullt for å sikre utviklingseffekt av stipendiatordninga. Me vil kome tilbake til ein diskusjon om korleis dette fungerte i praksis.

Bak målsettingane for stipendverksemda var det også eit ønskje om å oppnå visse verknader, som også gjaldt for det generelle samarbeidet med utviklingslanda.²⁵ Desse var ikkje ideelt legitimert, men heller i høve til norske eigeninteresser og ein politisk vurdering av vår utviklingshjelp. Dei viktigaste ringverknader ein såg for seg var at stipendiatverksemda skulle bidra til ein utvida kjennskap til norsk kultur i tillegg til å byggje ut kontaktflaten med folk i sentrale posisjonar i utviklingslanda. Stipendiatverksemda skulle også fungere som ein

²⁴ Ibid, s. 37.

²⁵ Ibid, s. 36f.

stimulans for å utvide norske forskings- og utdanningsmiljø sine internasjonale kontaktar.

Ordninga vart sett som ein stimulans for både norske interesser og for høve til å medverke i ei sosial utjamning i utviklingslanda. Utvalet vurderte difor stipendiatverksemda som ei positiv og gunstig bistandsform på byrjinga av 1970-talet. Dei understreka at den mest formålstenlege forma på utdanninga var å satse på å auke opplæringa i heim- og tredjeland med det argument at utdanninga der var betre tilpassa utviklingslanda sine eigne krav og eksisterande kompetanse. Jannicke Hestås Minken meiner at denne forma ikkje alltid var eit reelt alternativ då ein del utviklingsland på denne tida hadde dårleg kapasitet og eit svakt utbygd utdanningssystem.²⁶ Utvalet konkluderte vidare med at Noreg burde auke si satsing på organiserte kurs og såleis avgrensa talet på enkeltvise stipendiatar. Verkemiddela for stipendiatverksemda vart såleis dreia mot å organisere meir prosjektretta kurs og auke utdanningstilbodet i utviklingslanda med norsk hjelp.

Tabell 2.4. Talet på NORAD stipendiatar under opplæring i Noreg 1966-1980.²⁷

Opplæring i Norge	1966	1967	1968	1969	1970	1973			1978			1980		
						Totalt	M*	K*	Totalt	M	K	Totalt	M	K
Individuelle studieprogram	51	77	71	44	69	205	170	35	142	121	21	187	149	38
Korte (mindre enn 1/2 år)	18	28	16	4	10									
Lange (f.o.m 1/2 år eller meir) organiserte studieprogram	33	49	55	40	59									
Seminarer/korte kurs	70	45	46	45	34	48	48	0	62	57	5	90	75	15
Lange (f.o.m. 1/2 år eller meir)	18	10	16	30	54	94	83	11	139	132	7	178	160	18
Totalt	190	209	204	163	226	347	301	46	343	310	33	455	384	71

*M = mann, *K = kvinne

Kva prioritet hadde denne innstillinga for den framtidige tenking og praksis rundt stipendiatorordninga, og i kva grad vart tilrådingane og forslaga teke til følge? Me har allereie vore inne på at søkarkrava og utveljingskriteria kom til å stå nærast

²⁶ Hestås Minken 2002, s. 30.

²⁷ Tala er henta frå:

1966-1970: NORAD: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORADs stipendiatvirksomhet, Norad 700.00, 1971"

1973: NORAD: Direktoratet for utviklingshjelp – SD- 96/73. Dato 30. november 1973, Styremøte 11/73.

Direktoratet – Stipendiat og kursvirksomhet, helårsoversikt 1973

1978: NORAD: Utkast til styredokument: "Melding om stipendiat og kursvirksomhet 1978". Sendt av Rannveig Anderssen-Rysst, Oslo. 1. februar 1979

1979: NORAD: Vedlegg til styredokumenter /81

I åra 1966-1970 har me ikkje tilgjengeleg tal over talet på kvinner og menn, kun det totalt stipendiattalet.

uendra fram til i dag. Fleire av dei andre tilrådingane i innstillingsrapporten vart også implementert i stipendiatpolitikken utover 1970-talet, og det vart allereie i 1973 poengtert at NORAD ønskte å legge innstillinga til grunn ved iverksettinga av neste programrunde.²⁸ Dette førte i praksis til ei større omlegging av verksemda frå 1976. Det vart mellom anna redusert på inntaket av enkeltvise stipendiatar. Samstundes kom ei kraftig auke i talet på stipendiatar med støtte til spesialtilpassa kurs. Målet var kompetanseheving på stipendiaten sin heimeinstitusjon. Personellutviklingsprogram er eit døme på spesialtilpassa kurs. Kurset i skogbruk som vart starta opp i 1974 på Landbrukshøgskulen på Ås er eit anna spesialtilpassa kurs som vart til i eit samarbeid mellom NORAD, NLH og Universitetet i Dar es Salaam.²⁹

Tabell 2.5. NORAD studieprogram på NTH 1976-1985. Arleg oversikt over tal på stipendiatar.³⁰

Studieprogram	1976	1977	1978	1979	1980	1981	1982	1983	1984	1985	Totalt
"Pulp and Paper Technology"	6	8	10	10	8	8	9	8	8	8	83
"Hydropower Development"	8	10	14	11	13	10	22	15	20	18	141
"Electrical Power Distribution Systems"	12	12	12	12	10	11	11	13	12	14	119
"Petroleum Exploration"					10	12	16	12	15	15	80
"Marine Civil Engineering"						9	0	12	14	15	50
Totalt	26	30	36	33	41	50	58	60	69	70	473

Forslaget om å auke støtte til studiar i heim- eller tredjeland fekk også kraftige utslag på stipendiatverksemda. I 1973 var det til dømes 347 stipendiatar under utdanning i Noreg, medan 77 fekk støtte til opplæring i heim- eller tredjeland.³¹ Nokre få år seinare var dette biletet sterkt endra. Det skjedde ei forskyving i fordelinga av midlar, og i 1979 var dei fleste norskstøtta stipendiatane under utdanning i heim- eller tredjeland. Av totalt 1100 NORAD finansierte stipendiatar i 1979 var berre 328 i Noreg.³² I tråd med innstillinga frå 1971 uttrykte NORAD det som eit mål å finne dei opplæringstiltaka som i størst mogleg grad tilfredsstilte søkar og heimlandet sine utviklingsbehov. Forskyvinga i stipendfordelinga må difor sjåast som ein konsekvens av denne tenkinga som kom til å prege politikken i lang tid, og som på nytt er høgaktuell i dag.

²⁸ NORAD. Generelt. "Direktoratet – Stipendiat- og kursvirksomheten – Helårsoversikt 1973", 30/11-1973

²⁹ Hestås Minken 2002, s. 31.

³⁰ Registreringen er gjort av konsulent Berit Sterten som arbeida på NORAD kontoret ved NTH frå 1974.

³¹ NORAD. Generelt. "Direktoratet – Stipendiat- og kursvirksomheten – Helårsoversikt 1973", 30/11-1973, s. 2.

³² Hestås Minken 2002, s. 32.

Det vart derimot ikkje teke omsyn til innstillinga si vektlegging av å i størst mogleg grad rette stipendiatverksemda mot land som Noreg allereie hadde god kjennskap til då bistandsmelding nr. 29, som kom året etter innstillinga, formelt unntok stipendiatverksemda frå konsentrasjonsprinsippet. Utanrikspolitiske styresmakter påpeika at stipendiatprogrammet var eit viktig diplomatisk verkemiddel, og breidda og fleksibiliteten i verksemda måtte av den grunn oppretthaldast.³³ Dette innebar i realiteten at verksemda fall noko på sida av dei generelle retningslinjene for norsk bistand der mellom anna konsentrasjonsprinsippet var eit sterkt verkemiddel i fattigdomsorienteringa. Argumenter av bistandspolitisk, utdannings- og utanrikspolitisk art vart difor alle dominerande i praksisen med vedlikehaldet av NORAD stipendprogram frå denne tidlege perioden.

Generelt sett ser ein altså at stipendiatverksemda vart tilgodesett med mykje merksemd og stor plass i NORAD sine årsmeldingar på 1970-talet. No stod norske bistandsstyresmakter overfor ei verksemd som var godt etablert og diskutert, og som ein stort sett såg gunstige verknader av. NORAD uttrykte seg ofte og positivt om stipendiatordninga på 1970-talet, og i NORAD si pressemelding om verksemda frå 1972 trekte kontorsjefen fram som døme to menn med høvesvis naturfagleg og helseutdanning som døme på kva utdanning dei over 1000 stipendiatane frå 1962 har fått.³⁴ Ein nepalesar hadde studert ved NLH og kryssa norsk kveite med kornslag frå Nepal for å finne kornprodukt som gav eit større proteininnhald. Ein tanzanianar som leia tannklinikken ved eit offentleg sjukehus hadde avslutta tannlegestudier og vidareutdanning innan kjevekirurgi i Noreg.

NORAD argumenterte på 1970-talet for at desse stipendiatane kom til nytte i heimlandet etter utdanninga på grunn av dei forholdsreglane og kriteria som var satt av innstillingsutvalet. Det er interessant at NORAD sin kontorsjef tek for gitt at utvalskriteria sikrar nytteeffekt utan å undersøke det, når me samstundes veit at det same utvalet som foreslo forholdsreglar og retningslinjer også tilrådde ein praksis med å bruka utestasjonane til å evaluere og følgje opp heimvendte stipendiatar for å vurdere nettopp effekten. Det er ikkje funne dokumentasjon på ein evaluerings- og

³³ Ibid, s. 31. NORAD: Notat til avdelingssjef A. E. Sørensen fra Kontorsjef Rannveig Anderssen-Rysst: "Kommentar til notat av 7. august 1981 fra spesialrådgiver Karl Skjerdal om "Om NORAD's stipendiatvirksomhet", 16. september 1981. NORAD og Utenriksdepartementet fann det tenleg å anvende stipendiatverksemda på ein fleksibel måte. Verksemda har blant anna vore brukt til å skape forhåndskontakt med nye samarbeidsland, som til dømes Kina, men også som ein avstandsmarkering frå enkelte totalitære regimer ved at stipendiar har vorte trekt tilbake frå land som har brote menneskerettane ekstremt.

oppfølgingspraksis, og allereie i 1973 vart behovet for oppfølging på nytt understreka for betre å kunne undersøke nytteeffekten av verksemda.³⁵ Samfunnsvitaren Atle Hetland skreiv ein artikkel om NU/NORAD si verksemd i 1980, der han understreka kor viktig evaluering var.³⁶ Han argumenterer mellom anna med at stipendiatane vil vere prega av framand kultur og kunnskap etter å ha vore kopla til ei vestleg utdanning og vestlege ekspertar. Overføringa og relevansen av utdanninga for heimlandet burde difor underleggast evalueringar for å hindre ukritiske opplæringsprogram.

Hetland møtte i 1980 den dominerande positive haldninga til stipendiatverksemda med ei tilnærming som drog fram nokre kritiske punkt ved ordninga. Som NORAD sjølv konkluderte han med at stipendiatordninga fungerte bra, men Hetland var likevel kritisk til særleg to sider av verksemda. Han meinte både at opplæringa i Noreg var for einsretta teknisk, og at det var behov for å konfrontere kandidatane med samfunnsvitskapleg kritikk av vestlege utviklingsmodellar. Dette forslaget ville også vere i tråd med dåtidens utviklingstenking som var gått bort frå moderniseringsteoriane sitt mål om å gjere utviklingslanda til "oss" som det beste verkemiddelet i å oppnå utvikling. Hetland påpeika vidare at så få kvinner fekk stipend. Det låge talet hadde nok også samband med den fyrste delen av Hetland sin kritikk, nemleg dominansen av tekniske og naturvitskaplege utdanningstilbod. Kritikken kan seiast å vere på sin plass når ein ser at det allereie i innstillinga frå 1971 og i eit notat frå 1973 vart understreka at talet på kvinner måtte aukast, medan praksisen synte at i 1978 var berre 16,5% av det samla talet kvinner.³⁷ Prosentdelen inkluderte då både kvinner som studerte i Noreg og i heim- eller tredjeland.

iii. Tilnærming til øvrig bistandsverksemd?

Det noko kritiske blikket til Hetland var ikkje typisk for vurderingane av NORAD stipendprogram på byrjinga av 1980-talet, som saman med 1970-talet kan seiast å vere stipendiatordninga sin gullalder. Men også innan Direksjonen vart det naudsynt å ta opp ei rekkje moment knytt til stipendiatverksemda, ikkje minst etter at

³⁴ NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: Pressemelding fra informasjonstjenesten NORAD 16/3-1972: "NORAD stipendiatvirksomhet gir impulser begge veier". Intervju med kontorsjef Rannveig Andersen-Rysst.

³⁵ NORAD. Notat: "NORADs stipendiatvirksomhet", s. 15-16.

³⁶ Hetland, Atle 1980: "The NORAD fellowship programme for students from developing countries", i *Utviklingslandsseminarets skriftserie*. Oslo.

³⁷ NORAD. Utkast til styredokument: "Melding om Stipendiat- og kursvirksomheten". Rannveig Andersen-Rysst, 1. februar 1979. Totalt 872 NORAD finansierte stipendiatar i 1978, mellom dei 529 støtta for opplæring i

spesialrådgjevar Karl Skjerdal gjekk gjennom stipendiatordninga i 1981. Avdelingsdirektør A. E. Sørensen problematiserte at det i hovudsak var dei same spørsmåla som gjentok seg angående verksemda, og at dei samanfallande anbefalingane som hadde kome siste tiåret i liten grad hadde vore fulgt opp.³⁸ Han la vekt på at målsettinga for ordninga var å medverke til å gjere utanlands bistandspersonell unødige og samstundes fremje framtidig internasjonalt undervisnings- og forskingssamarbeid. Verksemda vart skildra som oppdelt i to hovudfelt på byrjinga av 1980-talet. For det fyrste var det den globale delen av stipendiatverksemda som Utanriksdepartement var interessert i, og som UD påverka bruken av. Den andre delen av verksemda var den prosjektretta modellen som omfatta studiar og kursopplegg i Noreg og i heim- eller tredjeland. Den sistnemnte delen vart på ny tilrådd styrka, men med svært kritiske råd om å avgrensa støtta til korte kurs og seminar der kostnadane vart vurdert uforholdsmessig høge i høve til nytteeffekten.³⁹ Verksemda vart også anbefala knytt sterkare til den øvrige bistandspolitikken. Det vart elles påpeika av avdelingsdirektør Sørensen at verksemda ikkje svarta til målsettingane om overføring av kunnskap og evner som hovudfaktor i bistanden.⁴⁰ Han understreka at oppfølging og evaluering måtte innførast som ein obligatorisk del av ambassadane og fagkontora sitt arbeid.

I siste halvdel av 1980-talet vart stipendiatverksemda granska for å vurdere tiltak som kunne sette verksemda i nærare tilknytning til den generelle bistandsverksemda. Det var altså ikkje nye tankar som kom til å dominere slutten av 1980-talet, men det var fyrst då tankane verkeleg vart sett ut i livet. Me såg at allereie i 1981 hadde direksjonen gjeve tilslutning til eit forslag om at ein burde satse på ei innstramming og meir målretta prosjektorientert profil for stipendiatverksemda. I 1983 vart verksemda på nytt drøfta med omtrent dei same konklusjonane som resultat. Målet var at "stipendiatvirksomheten bør brukes aktivt for å styrke opplærings- og kompetansebyggingsaspektene i bistandsvirksomheten".⁴¹ I dette låg det, som i 1981, eit ønskje om geografisk innstramming og tilnærming til den generelle norske

heim- eller tredjeland og 343 i Noreg. Kvinnedelen på 16,5 % inkluderte 104 kvinner som deltok på kurs og seminar i utviklingsland, medan 33 kvinner fekk utdanning i Noreg.

³⁸ NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen, "NORAD's stipendiatvirksomhet", 24. september 1981.

³⁹ NORAD: Notat til avdelingssjef A. E. Sørensen fra Kontorsjef Rannveig Anderssen-Rysst: "Kommentar til notat av 7. august 1981 fra spesialrådgiver Karl Skjerdal om "Om NORAD's stipendiatvirksomhet", 16. september 1981.

⁴⁰ NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen, "NORAD's stipendiatvirksomhet", 24. september 1981. S. 3, punkt 7.2.

⁴¹ NORAD. "Om bruk av opplæringsmidler, til behandling i direksjonen 21.10.1987".

bistandsverksemda. Målsettinga harmonerte også med Stortingsmelding nr. 36 frå 1984/85 som la vekt på at stipendiatstøtta burde styrast mot eit avgrensa tal av dei fattigaste landa.

Dei konkrete endringane i stipendiatverksemda starta i 1986 med ei omorganisering i NORAD. Stipendiatkontoret vart innlemma i det nyoppretta fagkontoret for undervisning (som fekk namnet Kontoret for utdanning og stipendiatvirksomhet (US). Kontoret vart lokalisert i NORAD si Prosjektavdeling, og grunngevinga for omorganiseringa var at direktoratet med dette la eit organisatorisk grunnlag for "utvikling og forvaltning av en helhetlig strategi for norsk bistand til utdanning og opplæring".⁴² Vel eit år seinare hadde det nye US-kontoret klar ei utredning av stipendiatverksemda for behandling i direksjonen. Rapporten understreka at opplæringsstøtte, som all annan bistand, er støtte til mottakarland og ikkje til individuelle personar eller bedrifter. Det vart også framheva at behovet for denne type støtte var velkjent og vel dokumentert særleg i dei afrikanske samarbeidslanda der sentrale samfunnsinstitusjonar mangla kompetanse og kapasitet til å utføre oppgåvene dei var sett til å handtere. Ei rekkje av institusjonane mangla rett og slett høve til å utnytte sine lokale ressursar, og årsaka vart peika på å vere fråværet av det kunnskapsmessige og organisatoriske fundamentet som var naudsynt for å takle dei skiftande omgjevnadane i landa.⁴³

Kontoret for utdanning og stipendiatvirksomhet viste evne og vilje til å legitimere vidare drift og forbetringar av stipendiatverksemda. Eit generelt mål vart å samla det dei meinte var til dels sprikande aktivitetar under posten opplæringsstøtte til eit meir samla program. Dei uttrykte vidare at hovudmålet var å bidra til å bygge opp ei brei og haldbar kompetanse i norske samarbeidsland. Dette kan ikkje sjåast som noko brot med tidlegare mål for stipendiatverksemda, men heller ei delvis fornying på grunn av viljen til geografisk avgrensing i tråd med resten av bstanden. Verkemidlane som skulle føre fram til hovudmålet var heller ikkje nyhende innan stipendiatverksemda, men ei utvikling i samsvar med blant anna innstillinga frå 1971. Det vart mellom anna påpeika både i 1971 og i 1987 at det måtte leggjast meir vekt på opplæringsstøtte i heim- og tredjeland og då i hovudsak i samarbeidslanda. Representasjonane fekk også, både i 1971 og i 1987 ansvaret for å tilby opplæring til institusjonar, organisasjonar og bedrifter innan eit breiare sektorengasjement i den

⁴² *ibid*, s. 3.

⁴³ *Ibid*, s. 4.

norske bistanden. Eit nytt perspektiv var for øvrig forslaget i 1987 om å gjennomføre ei kritisk vurdering av alle kursa som vart tilbydd i Noreg med sikte delvis på omstrukturering og delvis på å auke relevansen av opplæringa for utviklingslanda. Det tidlegare gode forholdet mellom NORAD og norske universitet vart aktualisert med konkretiseringa av denne dreininga som var påbegynt fleire år tilbake. Forholdet vart påpeika i rapporten frå 1987, og vurdert som meir og meir spent dei seinare åra.⁴⁴ Universiteta hadde vore tilgodesett med eit nært tilhøve til NORAD gjennom direkte instituttkontakt og finansiering, og ikkje minst oppretting av eigne NORAD kontor både i Trondheim og Ås.⁴⁵ Etter 1987 vart interessekonfliktane synleggjort. NORAD understreka fleire gonger ønskje om å bevare det viktige samarbeidet med norske utdanningsinstitusjonar, men la samstundes vekt på at dei ikkje kunne la dei norske universiteta sine interesser, og då særleg i høve til deira uttalte ønskje om breiare internasjonal kontakt, gå framføre bistandsbehova:

"Også de norske universitetene har ønske om å bygge opp sin kompetanse hjemme, f. eks. ved å stå fritt til å velge partnere og prosjekter som er til direkte nytte for dem. Vårt utgangspunkt er et annet. Tyngdepunktet i aktivitetene må foregå i våre hovedsamarbeidsland. I den grad norske universitet drar nytte av dette anser vi det som en positiv bieffekt. Interesseforskjellene viser seg ved at universitetene syns vi leder samarbeidene inn i for detaljerte spor og vi syns ofte universitetene er for lite mottagelige for hva bistand betyr. Vi ser ingen umiddelbar løsning på denne interessekonflikten."⁴⁶

US-kontoret innsåg problemet med dei ulike interessene og utgangspunkta for å engasjere seg i utviklingslanda, men understreka at det måtte ligge bistandspolitiske prioriteringar i botnen for form, innhald og omfanget av NORAD sitt samarbeid med norske universitet. Det vart samstundes, utan nærare utgreiing, påpeika at det var ei anna sak at det kunne vere heldig å fremje universiteta sine internasjonaliseringønskje av heilt andre grunnar enn bistandspolitiske.

Rapporten frå US konkluderte med behovet for ei relativt omfattande dreining i bruken av opplæringsmidlane. Arbeidsoppgåvene i neste femårsperiode, fram til 1992, skulle vere underlagt følgjande retningslinjer:

⁴⁴ Ibid, s. 6, 10, 12f.

⁴⁵ Simensen 2003, s. 129. På byrjinga av 1970-talet vart det etablert samarbeidsavtalar frå NORAD med Trondheim og Ås om faste diplomkurs for utviklingslandsstudentar der norsk fagkunnskap var sterk. Simensen legg vekt på at desse avtalane var attraktive mellom anna på grunn av auka inntekter og stillingar ved dei norske høgskulane.

⁴⁶ NORAD. "Om bruk av opplæringsmidler, til behandling i direksjonen 21.10.1987", s. 12f.

- Omstrukturering av det eittårige diplomkurstilbodet.
- Trappe opp institusjonsoppbygging i utviklingsland.
- Prosjektrelatert opplæring skulle trappast ned.
- Opptrapping av kompetanseoppbygging innan prioriterte innsatsområde i hovudsamarbeidsland.

I samband med desse vurderingane vart konsulentverksemda DECO engasjert for å evaluere diplomkurstilbodet i Noreg i høve til dei "nye" målsettingane.⁴⁷ Rapporten var meint å fungere som bakgrunnsmateriale for NORAD som ville trekke konklusjonar av den på eige hand.⁴⁸ Rapporten sine egne konklusjonar var likevel så alvorlege at NORAD ikkje hadde mykje val anna enn å ta dei seriøst. Desmond McNeill som stod i spissen for evalueringa understreka til dømes at dei fleste kurs ikkje var særleg tett knytt til prosjekter, eller medverkande til institusjonsoppbygging i utviklingsland i særleg grad.⁴⁹ Det var i tillegg fleire døme på at målsettingane for enkeltkurs og verksemda generelt ofte var i konflikt med kvarandre.⁵⁰ McNeill-rapporten føreslo endringar, og nedlegging av nokre kurs som korkje tilfredsstilte mål for stipendiatverksemda eller den generelle bistanden. Den konkluderte med at ingen kurs burde vere permanente, men underlagt kontinuerlege evalueringar i høve til behov i utviklingslanda og generelle bistandsmål. Alle kursa burde difor heile tida vurdere korleis og når dei kunne overførast til institusjonar i Sør. I tillegg vart det påpeika at den institusjonelle lenka mellom norske institusjonar og institusjonar i Sør burde styrkast. Ei tilråding i endring av stipendiatverksemda sine verkemiddel inkluderte råd om å oppgradere nokre kurs til toårige masterprogram. Til no var berre eitt kurs kvalifisert som masterkurs, MNRSA-programmet på Ås, som vart etablert som MA etter initiativ frå NORAD.⁵¹ Ei slik oppgradering gjaldt for øvrig ikkje alle kurs på dette tidspunktet, der i mellom ikkje kursa i Trondheim.⁵²

⁴⁷ Målsettingane var som sagt ikkje heilt nye, men meir resultat av ei gradvis utvikling frå dei fyrste retningslinjene frå 1971 og fram til at erfaringane med verksemda sidan 1970-talet vart nedfelt i policydokumenter.

⁴⁸ Hestås Minken 2002, s. 39.

⁴⁹ McNeill, Desmond, Lexow, Janne og Wirak, Anders Helge: "Review of Diploma Courses financed by the MDC/Norad. Final Report", DECO, Oslo 1988, s. 3.

⁵⁰ Ibid, s. 6 og Hestås Minken 2002, s. 40.

⁵¹ Hestås Minken 2002.

⁵² McNeill, Lexow, og Wirak 1988, s. 100.

NORAD tok kritikken og tilrådingane svært alvorleg og kom til at det var naudsynt med nærare drøfting av rapporten. Allereie same året som McNeill-rapporten var ferdig tok difor underdirektør i NORAD, Even Sund, initiativet til å samle alle dei ulike kursarrangørane til diskusjon og utveksling av erfaringar og synspunkt omkring NORAD stipendprogram. Initiativet var unikt; det var fyrste gongen i verksemda si historie. Rapporten vart grundig diskutert, og Desmond McNeill oppsummerte sine konklusjonar og fann grunnlag for å hevda at NORAD burde sjå dei nasjonale styresmaktene som dei viktigaste aktørane for vurdering av utviklingslanda sine behov.⁵³ Ikkje minst fordi styresmaktene burde samordne prioriteringar med tilgjengelege nasjonale ressursar. McNeill-rapporten hadde mellom anna fått tydelege signal frå folk i Sør om ein auka fare for overproduksjon av høgt utdanna personell innan visse fagfelt, noko som tyda på manglande omsyn til dei nasjonale styresmaktene sin vurderingar. Rapporten hevda også at mange av dei norske ambassadane var alarmerande negative til verdien av diplomkursa. Det kunne i nokre tilfelle kome av at dei visste lite om kursa, men det i seg sjølv vart sett som eit viktig funn. Rapporten hadde avdekka at ingen av kursa hadde vorte etablert eller driven på grunnlag av ei formell behovsprøving i utviklingsland, men at det heller hadde vore mangel på kommunikasjon mellom norske kursleiarar og dei norske representasjonane i utviklingslanda. Ei av tilrådingane var difor forbetra kontakt mellom kursleiing og NORAD ute og heime. Rapporten vista at for å kunne kome i mål måtte ein tett diskusjon og eit nært samarbeid mellom kursarrangørar og NORAD koma i stand.⁵⁴

På konferansen, som var eit ledd i å nettopp auka samarbeidet, skisserte underdirektør Even Sund dei nye målsettingane for verksemda. NORAD ønska no å legge større vekt på "en helhetlig institusjonsbygging i mottakerlandene, hvor målet er en selvberende utvikling".⁵⁵ Kunnskapsoverføring skulle vere ein viktig del av institusjonsbygginga i Sør, noko alle deltakarane på konferansen støtta. Kunnskapsoverføring vart for øvrig lansert som ei *ny* målsetting, men dette var ikkje tilfelle då det same omgrepet vart nytta i samband med stipendiatverksemda sine mål allereie i innstillingsrapporten frå 1971. Elles vart viktige problemstillingar drøfta i to

⁵³ NORAD. "Rapport fra konferanse om bistand til høyere utdanning og institusjonsutvikling finansiert av Departementet for utviklingshjelp/NORAD." (Rica Hotell, Sandvika 26.-27.10.1988). Kontoret for utdanning og stipendiatvirksomhet, NORAD.

⁵⁴ Ibid, s. 8. Fleire kursarrangørar uttrykkjer også i dag frustrasjon over manglande kommunikasjon med dei norske utestasjonane.

dagar, og institusjonsutvikling i utviklingsland, gode og dårlege erfaringar med kursa og spørsmålet om korleis ein kunne auka kvinnedelen var mellom hovudproblemstillingane. Fleire av deltakarane påpeika at utviklinga av diplomkursa virka noko tilfeldig til no, og at kvart enkelt kurs utvikla seg i høve til sin eigen dynamikk og ikkje i samsvar med måla for verksemda.⁵⁶

På slutten av 1980-talet var altså hovudfokus på korleis ein betre kunne relatere stipendiatverksemda til den generelle norske bistanden. Dei bistandspolitiske styresmaktene var no klar i sine prinsipp om at bistandsprosjekta Noreg finansierte også måtte vere relatert til bistanden sine grunngevingar. For NORAD stipendprogram var konsekvensane fleire, som me har sett. Retningslinjene, målsettingar og verkemiddel vart fornya og forsterka, og eit utgangspunkt var at ein igjen måtte auke støtta til kurs i heim- og tredjeland som eit av verkemidla for å nærme seg bistandspolitikken sine prinsipp om grunnbehovsstrategi og fattigdomsorientering. Det som kunne legitimere stipendiatverksemd i samband med fattigdomsorientering på slutten av 1980-talet var den aktuelle utviklingsteorien om den såkalla *trickle-down* effekten; at innsats på toppen ville sive ned til dei breie lag av folket.⁵⁷

Sjølv om ordninga vart via ein del merksemd gjennom vurderingsrapportar og konferansar var dette meir eit uttrykk for vilje til kritisk vurdering og drøfting av ei ordning som hadde fått eksistere noko på sida av den generelle bistanden i mange år, enn interesse for å vidareutvikla verksemda. I NORAD sine årsmeldingar forsvann til dømes stipendiatverksemda som eige kapittel. No vart ordninga berre omtala i eit avsnitt under Fagleg bistand. Det var med andre ord ei dramatisk endring i merksemd, innsats og vurdering av stipendiatordninga som bistandsform på slutten av dette tiåret, i sterk motsetnad til i perioden då ordninga hadde sin gullalder på 1970- og byrjinga av 1980-talet. Stipendiatverksemda vart såleis sterkt redusert i omfang og den politiske interesse for den vart redusert. Denne utviklinga fortsette inn i det neste tiåret.

⁵⁵ Ibid, s. 3 og 11.

⁵⁶ Ibid, s. 11.

⁵⁷ Hestås Minken 2002, s. 43f.

iv. Nedtrapping og omorganisering.

Det internasjonale biletet endra seg kraftig ved inngangen til 1990-åra, noko som førte til at rammevilkåra for bistand også til dels vart endra.⁵⁸ Landa i Sør stod no fram som ei heterogen gruppe med store sosiale, kulturelle, økonomiske og politiske skilnadar. Noreg la difor fram Stortingsmelding nr. 51 i 1991-92: "Om utviklingstrekk i Nord-Sør forholdet og Norges samarbeid med utviklingslandene" for å fremje forståing for ein gjennomført norsk Sør-politikk. Hovudfokus i denne meldinga var at det var viktig å oppretthalde eit høgt nivå og status på bistanden, men no med ei endå sterkare vektlegging av bærekraftig utvikling, fattigdoms orientering og demokrati og gode styresett som føresetnader for utvikling.⁵⁹

Anne Welle-Strand kritiserer på 1990-talet den norske bistanden til høgare utdanning for uklare retningslinjer.⁶⁰ Ho argumenterer mellom anna med at Stortingsmelding nr. 51 ikkje ein gong har uttrykt klare prinsipp for utdanning generelt som saksområde, men at utdanning berre er inkludert implisitt i dei generelle skildringane og retningslinjene av norsk bistand. Ho påstår at Noreg prioriterte denne bistandsforma i liten grad i fyrste halvdel av 1990-åra, noko som samsvarar med dei funn som er gjort på slutten av 1980-talet. Welle-Strand hevdar at NORAD sine strategidokument for 1990-åra syner dei same tendensane. Utdanning er til dømes ikkje nemnt spesifikt under sentrale strategiar og innsatsområde i NORAD sitt strategidokument frå 1992, trass i at det står at det skal satsast på tilgang på utdanning, og kompetanse- og institusjonsutvikling.⁶¹ Den einaste retningslinja som er nemnt for stipendiatverksemda er at den måtte tilpassast til dei lokale føre- setnadane, og eit aktuelt tiltak i den samanheng var auka fokus på institusjons- samarbeid.

Ei av årsakene til nedtrappinga i NORAD stipendprogram på 1990-talet var at fleire av McNeill-rapporten sine tilrådingar frå 1988 vart implementert. NORAD uttrykte igjen at kursa måtte vurderast i høve til norske bistandsmål generelt, og difor vart målet om institusjonsoppbygging og nærare tilknytning til prosjektverksemd og hovudsamarbeidsland på ny framheva.⁶² I dette lyset vart det trappa ned på kurstalet

⁵⁸ Ibid, s. 44.

⁵⁹ Ibid, s. 45.

⁶⁰ Norad: "Norske og utenlandske bistandspolitiske retningslinjer, - bistand til høyere utdanning, opplæring og kursvirksomhet". Til Norad/UTD v/Sissel Volan, fra UNESCO-kommisjonen v. A. Welle-Strand, 16. juni 1994.

⁶¹ Ibid, s. 4.

⁶² Hestås Minken 2002, s. 45.

i Noreg, fleire kurs vart overført til Sør, men samstundes heldt talet på stipendiatar seg stabilt i fyrste halvdel av 1990-talet med ca 120 stipendiatar årleg. Nedanfor er det to tabellar for å syne talet på kandidatar og kurs i Noreg i 1980 og 1994/95:

Tabell 2.6. Statistikk over NORAD-stipendiatar på diplomkurs i 1980.⁶³

Akademiske kurs/diplomkurs 1980	Kvinner	Menn	Kandidatar totalt
Treforedling	3	14	17
Vasskraft	1	23	24
El-kraft	0	22	22
Oceanografisk instrumentering	1	8	9
Fiskeriteknologi	3	7	10
Petroleumsprospektering	1	9	10
Shipping	4	48	52
Kvalitetskontroll – skip/ Oljerigger	0	17	17
Totalt	13	148	161

Tabell 2.7. Statistikk over NORAD-stipendiatar på diplomkurs i 1994/95.

Akademiske kurs/ diplomkurs 1994/95	Kvinner	Menn	Kandidatar totalt
EPD ("Electrical Power Distribution")	1	15	16
FSB	4	6	10
HPD ("Hydropower Development")	1	11	12
MNR ("Management of natural resources")	10	12	22
PCE	0	13	13
PET	1	11	12
PPT ("Pulp and Paper Technology")	2	7	9
SHI ("Shipping")	10	13	23
Totalt	29	88	117

Målsettinga med NORAD stipendprogram var i 1993 formulert som støtte til utdanning for å bygge opp ei brei og varig kompetanse i utviklingsland. Virkemidla skulle vere direkte støtte til nasjonale og regionale utdanningsinstitusjonar, kurs i Noreg der det eksisterer norsk spisskompetanse eller der Noreg bygger opp relevant kompetanse for utviklingsland. Det vart også uttrykt vilje til å tilby opplæring til organisasjonar og bedrifter innanfor norsk sektorengasjement.⁶⁴ Me ser at desse målsettingane ikkje er nye, men heller uttrykk for kontinuitet når det gjeld overordna mål og prinsipp frå tidleg på 1970-talet. Det har i staden for store endringar i dei

⁶³ Tabellen er laga på bakgrunn av tal frå NORAD generelt 1980-1984, 532.00: NORAD-STIPENDIATER UNDER OPPLÆRING I NORGE, pkt. 1.3. Dette talet på utgjer 178 stipendiatar av totalt 455 stipendiatar under opplæring i Norge det året. Dei resterande 277 NORAD-stipendiatane har delteke på andre opplæringstiltak som individuelle studier og korte kurs/seminar.

⁶⁴ Ibid, s. 46. Hestås Minken henviser til NORAD si årsmelding frå 1993.

overordna mål og prinsipp førekome ei viss utvikling synleggjort med eit stadig sterkare fokus på institusjonsoppbygging, mottakaransvar og kvinner på 1990-talet.

NORAD si generelle interesse for stipendprogrammet var framleis tilsynelatande redusert på midten og slutten av 1990-talet. Trass i mindre endringar i målsettingar og retningslinjer for programmet kom det etterkvart fleire større strukturelle endringar for programmet som kan gje grunnlag for ein slik påstand.

Det vart frå midten av 1990-talet føreteke ein del endringar i sjølve kursopplegga. NORAD ville ikkje lenger eige stipendiatkursar, men heller kjøpe plassar frå norske faginstitusjonar. Universiteta måtte som ein konsekvens av dette integrere kurs for NORAD stipendiatar som ein del av det øvrige undervisningsopplegget ved institusjonen.⁶⁵ Kursar og stipendiatane skulle såleis i størst mogleg grad bli ein del av det faglege og sosiale miljøet ved faginstitusjonane. NORAD la dessutan vekt på at dei engelskspråklege kursar skulle vere opne for andre studentar, både norske og utanlandske studentar som mottok anna finansiering.

Ein observasjon verd å merke seg er for øvrig at interessekonflikten mellom norske universitet og NORAD på slutten av 1980-talet, der kjernen var at bistandsbehova alltid måtte gå framfor dei norske utdanningsinstitusjonane sine internasjonaliseringsbehov, ikkje lenger var påtrengande for NORAD. Dette vart ytterlegare understreka då NORAD stipendprogram sin administrasjon og forvaltning skifta hender i 1998. NORAD ønskja fagleg assistanse i samband med gjennomføringa av stipendiatverksemda og innleia difor eit samarbeid med Universitetsrådet i 1998. Avtalen, som SIU fekk ansvar for å utøve, syner at stipendiatverksemda på slutten av 1990-talet prioriterte ein strategi med eit delmål om å styrke norske undervisningsinstitusjonar i deira internasjonaliseringsprosess innan høgare utdanning.⁶⁶ Det skulle stimulerast til nærare samarbeid mellom fagmiljø og institusjonar i Noreg og i Sør, og dette vart seinast i 2002 presisert som ei av retningslinjene for NORAD stipendprogram: "Den bistandsfaglige satsingen på kompetansebygging i utviklingsland skal i størst mulig utstrekning forenes med en strategi for å styrke norske institusjoner i deres internasjonaliseringsprosess".⁶⁷ I

⁶⁵ Hestås Minken 2002, s. 48f.

⁶⁶ NORAD: "Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om NORADs stipendprogram". Signert og datert 29. juni 1998.

⁶⁷ NORAD: NORADs stipendprogram samrådsmøte: "NORADs retningslinjer for opptaket". Møtedato: 04.02.2002.

tillegg anmoda Universitetsrådet om ei samordning av NORAD stipendprogram med andre stipendprogram i Noreg. Det var særleg kvotetprogrammet som Statens Lånekasse finansierer og NUFU som var aktuelle.⁶⁸ I Utenriksdepartementet sitt strategidokument angående styrking av forskning og høgare utdanning frå 1999 vert det også understreka at stipendprogrammet skal bidra til "en positiv synergieffekt" i høve til dei nemnde program.⁶⁹

Avtalen med Universitetsrådet hadde, trass den nemnde utdanningspolitiske prioriteringa, bistandsmåla som overordna fokus. Avtalen innleier med at "det overordnede mål med NORADs stipendprogram er å bidra til strategisk kompetanseutvikling innenfor offentlig sektor og det sivile samfunn i utviklingslandene".⁷⁰ Retningslinjene på slutten av 1990-talet la til grunn ei auka betydning av den institusjonelle forankringa i samarbeidslanda, og dette prinsippet ligg framleis til grunn for utveljing av stipendiatar som ein garanti for at dei uteksaminerte kandidatane returnerer til relevant arbeid i sine heimland. Relevans og kvalitet skulle såleis sikrast ved jamn kontakt mellom institusjonane i Noreg og i Sør. Me ser altså at grunntanken bak stipendiatverksemda framleis er tilnærma den same som i den fyrste tida, men kompetanseomgrepet vart meir framheva utover 1990-talet og inn i den nye forvaltninga som SIU leia. Ei av dei fornya målsettingane for dagens stipendprogram, slik NORAD og UD uttrykker det, er at NORAD stipendprogram skal stimulere til regionale samarbeid i Sør om høgare utdanning. Bakgrunnen for dette er ei forgreining av målet om bærekraftig utvikling i Sør: "regional konsentrasjon av ressurser vil også gjøre det enklere å oppnå den nødvendige "kritiske masse" for en bærekraftig etablering av kunnskapssentra i Sør".⁷¹

Dagens stipendprogram er med andre ord underlagt ei rekkje føringar frå NORAD og Utenriksdepartementet, og ikkje minst stramme økonomiske rammer.⁷² Utviklinga syner likevel at SIU ønskjer ei meir autonom rolle i høve til NORAD i

⁶⁸ NUFU er Universitets- og høgskolerådets program for utviklingsrelatert forskning

⁶⁹ "Strategi for styrking av forskning og høyere utdanning i tilknytning til Norges forhold til utviklingslandene", Utenriksdepartementet 1999.

⁷⁰ NORAD: "Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om NORADs stipendprogram". Signert og datert 29. juni 1998, s. 1.

⁷¹ "Strategi for styrking av forskning og høyere utdanning i tilknytning til Norges forhold til utviklingslandene", Utenriksdepartementet 1999, pkt. 2.3.5, s. 5.

⁷² Per 2003 er det bevilga 55,6 millioner til drift av NORAD stipendprogram. I tillegg skreiv FAG avdelingen i NORAD, som eig NORAD stipendprogram, i eit notat at "det foreligger pr. i dag ingen indikasjon på at de økonomiske rammene for NORADs stipendprogram vil økes i tiden fremover". (NORAD: NOTAT til ambassadene fra FAG/UFK: "NORADs stipendprogram: anmodning om innspill til bistandsrelaterte relevanskriterier for valg av nye master/diplomkurs, høsten 2004". Dato: 10.01.03, s. 3

samband med forvaltninga av NORAD stipendprogram. Kursbreidda har under SIU vorte større enn tidlegare, og fleire norske institusjonar og fagfelt har no høve til auka internasjonalisering etter tilslag på kurssøknader. Det tyder ikkje at det har vorte rom for opptak av fleire stipendiatar per år, snarare tvert om som me vil sjå reaksjonar på i neste kapittel. Omfanget til Stipendprogrammet har vorte redusert med tanke på talet stipendiatar, men altså noko auka i talet på kurs.

Tabell 2.7. Oversyn over NORAD-stipendiatar i Norge i opptaksperioden 1999-2003.⁷³

År	Menn	Kvinner	Totalt
1999	91	43	134
2000	97	50	147
2001	60	38	98
2002	49	55	104
2003	61	32	93
Totalt	358	218	576

Det utdanningspolitiske aspektet ved NORAD stipendprogram synes altså endå meir forsterka enn tidlegare, og spørsmålet som NORAD stiller seg er i kva grad dette går ut over det bistandspolitiske grunnlaget som verksemda eksisterer ut i frå. NORAD sendte i 2003 førespurnader til ambassadane om innspel på deira erfaringar med den auka kursbreidda og andre bistandspolitiske problemstillingar. Dette brevet inneheldt punkt som antydgar at stipendiatverksemda kan vere i endring, og at NORAD framleis ønskjer å beskytte bistandsmåla ved fortsatt å leggje føringar på drifta av verksemda:

- "Er det ønskelig å opprettholde eksisterende kursbredde på fremtidige kurstilbud?
- Hvilke bistandspolitiske kriterier er det viktigst å legge til grunn for valg av nye kurs? I så fall, hvilke?
- Er det ønskelig med større fokus på bestemte sektorer/fagområder i valg av nye kurs? I så fall, hvilke?
- For ambassadene: hvilke nåværende kurs anses som nyttig i forhold til pågående norskfinansiert bistandsinnsats i landet?"⁷⁴

⁷³ Utarbeida av SIU hausten 2003. Me ser at talet på stipendiatar har sunke gradvis sidan den fyrste perioden. Som vist i tabell ovanfor var det til dømes i 1980 178 stipendiatar under opplæring i Norge, til forskjjel frå 2003 med totalt 93 kandidatar.

⁷⁴ NORAD: NOTAT til ambassadane fra FAG/UFK: "NORADs stipendprogram: anmodning om innspill til bistandsrelaterte relevanskriterier for valg av nye master/diplomkurs, høsten 2004". Dato: 10.01.03.

KAPITTEL 3. OPPFØLGING AV FERDIGE STIPENDIATAR – POLITIKK OG ORGANISASJON

I denne framstillingen har me valt ein relativt vid definisjon av mandatet. Valget er ein konsekvens av våre funn: Det er ved norske insitusjoner god hukommelse for studentpopulasjonen, men avgrensa kunnskap om kva som har skjedd med studentane etter endt utdanning. I NORAD er hukommelse både på system og individnivå svak. Me har også funne at det kun i korte perioder har vore norsk politikk å følgje opp studentane i deira heimland. Desse funnene har gjort det rimeleg å løfte forskingsinteressen til eit meir overordnet systemnivå – med vekt på NORAD og UHR/SIU.

"Vi har vært opptatt av at dette stipendprogrammet fungerer som kompetansebygging for landene og at når NORAD har gitt stipend til en person, så er det for så vidt ikke den personen i seg selv som er det interessante, men det er fordi personen får en utdanning som kan komme landet til gode i kompetansebyggingssammenheng. Det er det vi har vært opptatt av. Men vi har ikke hatt kapasitet eller overskudd eller folk til å følge opp hvordan det har gått med folk siden. Det har vært mer den holdningen at når de reiser herfra har vi gjort vår jobb. Pluss at vi også har vært veldig opptatt av at de skulle reise hjem slik at landet fikk nytte godt av investeringen, og det har vært en veldig høy returprosent. Så vi har ikke gjort noe mer ut av det, for å begynne å følge opp stipendiatene ville gå langt utover det vi har kapasitet til å gjøre".⁷⁵

I dette kapittelet vil me undersøke kor vidt sitatet skildrar ei dominerande haldning i NORAD i samband med oppfølging av heimvendte stipendiatar. Ei slik drøfting er naudsynt for å få framlagt dei relevante og vesentlege momenta som dannar grunnlaget for å svare på hovudproblemstillinga i mandatet: Kva veit norske institusjoner om kva som skjer med studentane etter endt studieopphold i Noreg? Spørsmåla me stiller her synleggjer også ein viktig del av dei historiske erfaringane ein kan gjere seg i høve framtidig arbeid med stipendiatverksemda og oppfølging av uteksaminerte stipendiatar. Kva har vore gjort tidlegare av oppfølging, og korleis har eventuelle tiltak vore møtt i praksis? Føreligg det konkrete opplegg for og eventuelt resultat av tidlegare oppfølgingstiltak som kan vere til nytte i det framtidige arbeidet med stipendprogrammet?

Utvalget som vurderte NORAD stipendprogram i 1971 reiste spørsmål om korleis ein på best mogleg vis kunne sikre nytteeffekt av stipendiatverksemda. Innstillinga rapporterte, som nemnt, nokre søkarkriterium som langt på veg skulle sikre at den utdanninga stipendiatane fekk i Noreg var til nytte for utviklinga i

⁷⁵ Samtale med ID, 16/9-03.

heimlandet og den institusjonen dei arbeida ved. Det vart likevel drøfta og anbefala at evaluering og oppfølging av heimvendte stipendiatar var viktig om ein skulle legge vekt på utviklingseffekten av verksemda.⁷⁶ Utestasjonane vart difor føreslått som kontaktpunkt for stipendiatane og i samband med det vart evalueringsoppgåver anbefala lagt under representasjonane. Desse tilrådingane vart gjenteke allereie to år seinare i eit notat om NORAD si stipendiatverksemd.⁷⁷

På byrjinga av 1970-talet vart med andre ord nytteeffekt og evaluering tematisert i samband med stipendiatverksemda ved fleire høve, men det vart samstundes påpeika at opplæringsbistand var ein av dei vanskelegaste bistandsaktivitetane å vurdere effekten av. Vurderingar av verksemda vart likevel sett som ønskjelege og verdifulle tiltak. Ein av konklusjonane i notatet frå 1973 vart difor at oppfølging av heimvendte stipendiatar var ønskjeleg ved konkrete tiltak som undersøking av stipendiatane sine arbeidsplasseringar og påverknad i sine faglege miljø, i tillegg til utsending av spørreskjema for seinare analyse. Det er for øvrig ikkje funne dokumentasjon på at nokon av forslaga vart realisert i, og det er sannsynleg at dette ikkje vart sett ut i livet når ein ser at temaet vert gjenteke og etterspurt fleire gonger det neste tiåret.

Då spesialrådgjevar Karl Skjerdal vurderte stipendiatordninga i 1981 var ein av konklusjonane at oppfølging og evaluering måtte innførast som obligatoriske oppgåver for utestasjonane.⁷⁸ På konferansen om bistand til høgare utdanning i 1988 var temaet på nytt oppe skildra som "den mangelfulle kontakten med tidlegare stipendiatar".⁷⁹ Fleire av dei same problemstillingane som vart skissert fyrste gong 17 år tidlegare var på ny problematisert: virka kursa etter sin intensjon om utvikling og kompetansebygging i utviklingslanda? Konferansen hevda at det fans lite informasjon om vesentlege spørsmål som kvar stipendiatane går når dei er ferdig med etterutdanninga i Noreg og om dei i det heile teke får brukt den kompetansen dei har tilegna seg i Noreg. Konferansen konkluderte, som fleire notat og rapportar tidlegare, med at Noreg må leite fram og vere til hjelp for dei ferdige kandidatane. Til skilnad frå 1970-talet vart no norske utdanningsinstitusjonar også peika på som viktige aktørar

⁷⁶ NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", s. 51.

⁷⁷ NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: Notat, "NORAD's stipendiatvirksomhet", 1973.

⁷⁸ NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen: "NORAD's stipendiatvirksomhet", s. 3. 24. september 1981.

⁷⁹ NORAD: "Rapport fra konferanse om bistand til høyere utdanning og institusjonsutvikling finansiert av Departementet for utviklingshjelp/NORAD", s. 12 og 23. Rica Hotell, Sandvika 26.-27.10.1988.

for å leite fram ferdige stipendiatar. Likevel kom ikkje forslaga og tilrådingane lenger enn til papiret i denne omgang heller. Heller ikkje i 1988 vart det teke stilling til korleis oppfølginga og evalueringa av kursa sin nytteeffekt skulle gjerast i praksis og kven som skulle ha ansvaret for utarbeiding og gjennomføring. Oppfølging kom såleis til å verta eit emne som vart gjenteke i rapportar og notat med jamne mellomrom heilt fram til i dag, men merksemda på emnet var, fram til midten av 1990-talet, kjenneteikna med korte avsnitt om den høge verdien av evaluering og oppfølging utan å legge fram konkrete handlingsplanar som kunne setjast ut i livet.

Ferdige stipendiatar etterlyste på byrjinga av 1990-talet oppfølging frå norske bistands- og utdanningskontaktar. I 1992 føretok sosialsekretæren ved NTH ei studiereise til Tanzania med nettopp den intensjon å kontakte tidlegare Trondheimstipendiatar. Ho møtte over 35 ferdige stipendiatar, og reiserapporten peikar på at det var fare for at stipendiatane kunne gå frå å vere gode til dårlege Noregsambassadørar på grunn av den manglande viljen og interessa for kontakt med dei heimvendte stipendiatane. Medan enkelte land var ivrige på å halda kontakt, var det ikkje praksis i Noreg:

"Enkelte andre lands ambassader holder kontakt med sine stipendiater etter hjemkomst. Japan ble her nevnt som eksempel. Noen av våre stipendiater har også vært i Japan på stipend. Et par ganger i året blir de invitert til den japanske ambassaden i Dar es Salaam og det setter de stor pris på. Det gjør tilknytningen til landet sterkere, og er med på å bevare en positiv holdning til landet."⁸⁰

Det same synet kjem fram i ein *tracer study* NORAGRIC/NLH nyleg har fått utført mellom tidlegare stipendiatar i Etiopia og Eritrea.⁸¹ Etiopiske stipendiatar understrekar ei rekkje positive effektar og forhold knytt til sin etterutdanning i Noreg, men i høve kontakten med norske aktørar etter heimkomst er dei kritiske. Stipendiatane i denne undersøkinga samanliknar også med andre land, og i høve til nederlandsk og tysk innsats kom Noreg dårleg ut. Også denne rapporten peikar på faren for at stipendiatane sitt sterke band til Noreg vil forsvinne over tid så lenge kontakten med ferdige stipendiatane manglar.

I Tanzania uttrykte stipendiatane også i utgangspunktet stor begeistring og glede over sitt noregsopphald, og dei hadde sjølve teke initiativ til etableringa av ei foreining som skulle styrka kontakten mellom stipendiatar og norske representantar i Tanzania. TANA (tanzaniansk-norsk foreining for tidlegare stipendiatar) og NORAD

⁸⁰ NTNU: "Rapport fra studiereise til Tanzania 18.11-2.12 1992", s. 3, av Turid Bræk, sosialsekretær.

⁸¹ Waktola, Aregay og Dejene, Sileshi 2002: Draft: "Educating change agents: the contribution of The agricultural university of Norway (NLH) in Ethiopia and Eritrea".

personell – organiserte mellom anna arrangement der tilsette ved den norske utestasjonen i Dar es Salaam var invitert. Stipendiatane opplevde liten tilslutnad og manglande interesse i NORAD, noko som også her vart varsla som negativt på sikt i høve til deira begeistring for Noreg. I tillegg var stipendiatane skuffa over at dei ikkje vart nytta som ressurspersonar i norske prosjekt i deira lokalområde når dei ikkje berre hadde fagkompetanse, men også innblikk i norsk kultur og tenkemåte.

Sosialsekretæren ved NTH drøfta dette uformelt med direktør i NORAD Per Ø. Grimstad, og ikkje lenge etter kom det til endringar. Oppfølging av ferdige stipendiatar vart aktualisert frå toppen av NORAD systemet i 1993 då Grimstad tok initiativ til å etablere eit nettverk for tidlegare utviklingslandsstudentar som hadde vore i Noreg i 3 månader eller meir. Grimstad var ein av heller få i NORAD som viste stor interesse for stipendiatverksemda, og han hadde ønskje om å stimulere kontakten mellom Noreg, det norske samfunnet og utviklingslanda. Eit slikt nettverk skulle ta sikte på å følgje stipendiatane betre opp og i tillegg sjå dei som ressurspersonar. NORAD stipendprogram vart slik sentral i hans ide om Norgesaksen, noko som tydeleg kjem fram i målsettingane med nettverket for tidlegare stipendiatar; å nytte stipendiatane som eit viktig bindeledd mellom norske institusjonar og institusjonar i utviklingsland. Stipendiatane kunne slik fungere som "dørøpnarar" for utviklingsprosjekt i heimlandet og for norsk næringsliv.⁸² Ei vidare målsetting var at nettverket kunne avdekka lokale behov og samstundes vere eit verkemiddel i å finne lokal ekspertise for både bistands- og næringslivsprosjekt. Stipendiatane var tenkt å kunne medverke som brubyggjarar for institusjonelt samarbeid nord-Sør og Sør-Sør, som springbrett for kompetanseheving i norske miljø og ikkje minst som Noregsambassadørar.⁸³

Bård Sandvei, dåverande sosialsekretær i Oslo og ved Det norske shippingakademiet, skreiv i 1993 ein rapport på bakgrunn av eit arbeidsseminar NORAD hadde invitert til for å få fram forslag om betre bruk av heimvendte stipendiatar. Sandvei spurte mellom anna kor ektefølt samarbeidet var:

"Det er våre holdninger som styrer våre interesser, ønsker og til syvende og sist våre handlinger. Før vi går inn i en samarbeidsrolle, må vi derfor spørre oss selv om vi virkelig ønsker å samarbeide, eller om vi egentlig foretrekker "å leke" samarbeid, samtidig som vi fortsatt legger alle premissene selv. Vi

⁸² NORAD: "Nettverk for tidligere NORAD stipendiater", Bård Sandvei, 1994.

⁸³ NORAD 531.311: "Notat fra UTD/arbeidsgruppen til Per Ø. Grimstad: Nettverk for tidligere stipendiater – fase 1", datert 8. desember 1994.

arrangerer f. eks. fremdeles utviklingslandsdager og diskuterer utviklingslandenes problemer, men vi glemmer å invitere representanter/stipendiater fra utviklingsland”.⁸⁴

Seminaret konkluderte med at det var ønskeleg å arbeide med eit samarbeidskonsept, og anbefalte i tillegg at arbeidet med nettverk og oppfølging burde oppgraderast i NORAD. Målet skulle vere å behalde stipendiatane som gode Noregsambassadørar, og det vart difor understreka at NORAD sine utestasjonar burde søke å forbetre kontakten med tidlegare stipendiatar ved mellom anna samlingar, invitasjonar og etablering av venskapsgrupper. I tillegg vart det slått fast, som i 1988, at arbeidet med nettverket burde forankrast i fagmiljøa.

På bakgrunn av diskusjonane på arbeidsseminaret vart det laga ei matrise for kva roller og funksjonar NORAD stipendiatane kunne identifiserast med, og på kva måte dei ville fungere som ressurspersonar for både sitt eige lands utvikling og for Noreg. Følgande roller vart stipendiatane identifisert med:

1. kontaktskapar/dørøpnar
2. konsulent/rådgjevar
3. medarbeidar
4. kunnskapsoverførar
5. planleggar/strateg
6. informator på sosio-kulturelle forhold

Matrisa som vart utarbeida på bakgrunn av rollediskusjonen tok for seg på kva måte og i kva relasjonar ein tenkte seg stipendiatane som ressurspersonar i Sør. Modellen er direkte gjengjeve frå seminarrapporten:

Tabell 3.1. NORAD stipendiatane sine potensielle roller i utviklingsland.

Stipendiatanes rolle i høve til:	Mottakerlands styresmakter	Mottakerlands fagmiljøer	Mottakerlands næringsliv	Mottakerlands private org'er
NORAD, Oslo	1, 2, 4	2, 3, 4	1, (2), 4	2, 4
Norske ambassadar/NORAD representasjonar	2, (3), 4	2, 3, 4	2, 3, 4	2, 3, 4
Norsk næringsliv	1, 2, 3, 4, (5), 6	3	1, 2, 3, 4, 5, 6	
Norske fagmiljøer	1, 2, 3, 4, 5	1, 2, 3, 4, 5, (6)		2, 3
Norske private org.	1	1, 2, 3, 4, 5	1	1, 3, 5

⁸⁴ NORAD: "Rapport. Arbeidsseminar om bruk av NORAD-stipendiater som ressurs", s. 4. Trondheim 3. juni 1993.

Seminaret avslutta ikkje berre med semje om sterk interesse for vidare arbeid med eit stipendiatnettverk og oppfølgingstiltak, men NORAD engasjerte også Sandvei til å utarbeide eit formålstenleg nettverkskonsept.⁸⁵ Oppdraget gjekk ut på å konkretisere og vidareutvikle eit nettverk for tidlegare stipendiatar ved å foreslå fagleg og administrativ oppbygging, inkludert eit informasjons- og kartleggingssystem for å fange opp stipendiatane. Sandvei sitt konsept gjekk mellom anna ut på at det burde utarbeidast adresselister over stipendiatar og fagmiljø i Sør, i tillegg til ei nettverkspakke med nyhetsbrev, orientering om lokale og regionale prosjekt og om nye kurstilbod i Noreg. Dette førte vidare til at NORAD sette ned ei arbeidsgruppe for iverksetting av nettverket, med Sandvei i spissen, men med koordineringsansvaret lagt hjå Kontoret for utdanning og institusjonsutvikling (UTD) i NORAD.⁸⁶ Den fyrste fasen i det som vart kalla NORAD Fellows Network (NFN) skulle starte opp på nyåret 1995 og hadde konkrete arbeidsplanar for utsending av nyhetsbrevet *Connexion*, ei informasjonspakke med materiale frå NORAD i Oslo, i tillegg til informasjon frå dei stadlege representasjonane. Planen var vidare å oppfylle stipendiatane sin etterspurnad av årlege samlingar på ambassadane. Det siste punktet var imidlertid noko den enkelte utestasjon fekk rom til å kunne legge opp i høve til kapasitet og interesse.⁸⁷

Utestasjonane var i varierende grad interessert i NORAD stipendprogram, og det synes å vere personavhengig kor vidt det vart arbeida med det. Det same kjem til syne etter Grimstad sitt oppfølgingsinitiativ.

"Jeg vet at noen (ambassader) har i tråd med slik som Grimstad la opp til i nettverket, med at de skulle arrangere samlinger ute, noen har gjort det regelmessig mens andre har ikke gjort det i det hele tatt. Så hvordan dette har vært fulgt opp ute har vært veldig varierende".⁸⁸

Det er ikkje funne dokumentasjon på kva som skjer med nettverksarbeidet etter 1995, og det er ved fleire høve gjort forsøk på å kome i kontakt med Sandvei utan å lykkast. Det seier seg sjølv at det ville vore interessant å snakka med Sandvei og andre som jobba med saka. Dei ville truleg kunne forklare kvifor nettverket og

⁸⁵ NORAD 531.311: Brev frå Bård Sandvei til Dir. Per Ø. Grimstad, juni 1994.

⁸⁶ NORAD 531.311: "Notat fra UTD: Nettverk for tidligere NORAD-stipendiater – etablering av arbeidsgruppe", datert 9. august 1994, og "Notat fra UTD/arbeidsgruppen til Per Ø. Grimstad: Nettverk for tidligere stipendiater – fase 1", datert 8. desember 1994. Arbeidsgruppa sine medlemmer: Bård Sandvei, sosialsekretær Oslo, Tron Stranden, NORAD INFO, Janne Knutrud og Eldrid Røine NORAD UTD.

⁸⁷ NORAD 531.311: "Notat fra UTD/arbeidsgruppen til Per Ø. Grimstad: Nettverk for tidligere stipendiater – fase 1", datert 8. desember 1994.

⁸⁸ Samtale med 1D, 16/9-03.

oppfølgingsarbeidet relativt raskt vart lagt ned. Bladet *Connexion* kom til dømes ut i berre to eksemplar. Det fyrste nummeret førekom som entusiastisk i å uttrykke og nå målsettingane med nettverket: "The NORAD Fellows Network has been established with the intention of enhancing the cooperative relations between Norway and developing nations. We hope the network will develop into a vivid arena [...]".⁸⁹ Trass i den tilsynelatande gode starten synes ikkje arbeidet vidareført med same driv som initiativet bar preg av:

"NORAD hadde jo et opplegg med et newsletter, men det falt jo død om nesten før det kom opp".⁹⁰

"NORAD førskte å satse på dette, de startet for eksempel opp et blad som het Connexion i 1995. De var her og snakket med oss, men NORAD fikk aldri dette til".⁹¹

Det kan vere fleire årsaker til at oppfølgingsinitiativet som omsider vart teke ut i handling ikkje synte seg levedyktig likevel. I kapittel 5 drøftar me kva rolle dei interne omorganiseringane i NORAD har hatt for engasjementet for stipendiatverksemda, og det er rimeleg å tru at det er samanheng mellom ei ny omorganisering og flytting av verksemda på den tida nettverket synes å ha vorte lagt brakk. Likevel er det meir slåande at interessa innan NORAD for oppfølging av ferdige stipendiatar verkar å ha vore minimal. Då nettverksarbeidet kom i gang var det, som me har sett, etter initiativ frå øvste hald i NORAD. Grimstad gjekk imidlertid av som direktør i 1996, og spørsmålet er om den spesielle interessa for stipendprogrammet forsvann med Grimstad. Det går elles klart fram at det vart lagt mykje arbeid og tenking ned i NORAD Fellows Network. I tillegg vart det gjort tilgjengeleg økonomiske ressursar for å oppretthalde stipendiatane som Noregsambassadørar, og ikkje minst sikre nytteeffekten av programmet, som me også har sett har vore etterspurt sidan byrjinga av 1970-talet. Likevel har ein sentral aktør knytt til utdanningssatsing i NORAD sagt det slik:

"Slik som tenkingen har vært hos oss så regner vi med at den effekten vil være der uten at vi gjør noe mer fordi de går jo tilbake til jobbene sine. Vi vet at en del av dem stiger i gradene etter hvert. Så hvis vi skulle følge opp og legge noe arbeid i det for å måle effekten av alt det der ville det være veldig mye arbeid for oss, og vi har ikke sett det formålstjenlig å investere så mye i det. Vi har mer sett på det som at det er en investering å få dem hit, og de får en tilleggsutdannelse som vi mener er rimelig relevant i forhold til det de skal gjøre hjemme, og så regner vi med at det er en effekt. Hvis vi skal gjøre noe mer ut av det da måtte vi ha satt av tid, ressurser og tenkning rundt hvordan gjøre det. Så vi

⁸⁹ NORAD Informasjonstjenesten: *Connexion*. A NORAD Fellows Network Bulletin, s.2, Grimstad sitt leiarinnlegg. 1995.

⁹⁰ Samtale med 4B, 10/9-03.

⁹¹ Samtale med 2A, 25/8-03.

ser relativt pragmatisk på det, og vi har valgt ut kurs som vi mener er relevante kursområder for de forskjellige utviklingslandene og folk søker fordi de er interessert. Og vi ser jo i søknadene om dette har relevans for deres arbeidsplass og jobb”.⁹²

På bakgrunn av den historiske gjennomgangen av oppfølgingsinitiativ og -tiltak i NORAD stipendprogram er det rimeleg å påpeika at det ikkje utelukkande dominerte manglande interesse for oppfølging og evaluering, men at denne sida av stipendiatverksemda var prega av varierende interesse alt etter det personlege og faglege engasjementet hjå dei enkelte tilsette i avdelingane.⁹³ Me har sett at forsøka på og etterspørselen etter oppfølgingsinitiativ har fylgd heile verksemda si historie, noko som igjen syner at interessa for å vurdere nytteeffekten ved direkte oppfølging i Sør har vore framtrudande hjå enkeltpersonar. Desse haldningane har tilsynelatande ikkje vore særleg utbreidd i NORAD systemet og såleis ikkje gjeve grobottn for handling eller dynamisk eksistens av oppfølgingsinitiativa. På dette grunnlaget kan me slå fast at Sandvei ved oppstart av nettverksarbeidet i 1993 difor hadde eit høgst relevant spørsmål då han spurte om det verkeleg var vilje til samarbeid.

Til slutt skal det her nemnast at NORAD Fellows Network ikkje forsvann, men det låg mellombels nede. I avtalen mellom NORAD og Universitetsrådet/SIU vart NFN lagt vekt på som eit av arbeidsområda til SIU. Avtalen gjekk ut på at nettverket skulle vidareførast og utviklast under den nye stipendiatadministrasjonen. SIU har lagt ned arbeid i denne delen, og mellom anna vart det etablert ein nettstad der informasjon kan hentast og leggst inn av nettverket sine medlemmer. Nettstaden har elles e-post adresser til stipendiatar som har registrert seg som medlemmer av nettverket, evalueringsskjema, *abstracts* av masteroppgåver og nyhende om kursa og programmet generelt. Målet med nettstaden, og nettverket i sin heilskap slik det er formulert i avtalen mellom NORAD og Universitetsrådet er imidlertid at det skal fungere som eit kommunikasjons- og oppfølgingsverktøy for dei uteksaminerte kandidatane. Det skal vere eit personnettverk som skal kome kandidatane og deira heimland til gode i tillegg til relevante aktørar i norsk bistand.⁹⁴ Universitetsrådet forplikta seg også til å vidareutvikla NORAD Fellows Network med sikte på å oppretthalde kontakt mellom kandidatane og deira institusjonar i Noreg, og samarbeidsinstitusjonar i Sør. Etter samtalar med ei rekkje sentrale aktørar i

⁹² Samtale med ID, 16/9-03.

⁹³ Me har til dømes sett at Ingrid Ofstad, Even Sund, Erik Jacobsen, Kirsten Bjøre var svært engasjert i stipendprogrammet i tillegg til Per Ø. Grimstad.

⁹⁴ NORAD: “Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om NORADs stipendprogram”, s. 3, pkt. 3.1 og 3.2. Signert 29. juni 1998.

stipendprogrammet synes dette framleis å vere eit problemfylt område og også i si noverande form er det klart at faginstitusjonane ynskjer seg noko meir av dette:

"Jeg synes ikke at det er et nettverk, men at det er et informasjonskanal verktøy. Jeg synes ikke det kan kalles et nettverk. Det skal være noen diskusjonsgrupper, men de fungerer ikke i det hele tatt. Det er i hvert fall veldig dårlig. For meg er et nettverk et sted hvor mange kommer sammen og utveksler ting, men slik NFN fungerer er det en kanal for informasjon. Det er lite utveksling. Det å engasjere seg i et nettverk krever litt dugnadsånd og innsats. Det er noe du gjør fordi du vet at det er verdt det, du får tilbake noe en gang som er verdt den investeringen du gjør. Men når det er så pass statisk som jeg ser det blir du usikker på om investeringen din av tiden og kreftene du bruker på det noen gang vil gi avkastning. Faglig sett kan jeg ikke se at det i dag er noe utbytte".⁹⁵

Kva har utdanningsinstitusjonane då sjølve gjort i samband med oppfølging av NORAD stipendiatane, og heilt sentralt: kva er deira erfaringar med stipendprogrammet? I neste kapittel spør me som dei gjorde i ein konferanserapport i 1988⁹⁶: kvar går stipendiatane etter dei er ferdige, og kva skjer med dei etter utdanningsopphaldet i Noreg? I 1988 kom det ingen svar, i dag skal faginstitusjonane medverke med sine erfaringar.

⁹⁵ Samtale med 4B, 10/9-03.

⁹⁶ NORAD. "Rapport fra konferanse om bistand til høyere utdanning og institusjonsutvikling finansiert av Departementet for utviklingshjelp/NORAD." (Rica Hotell, Sandvika 26.-27.10.1988). Kontoret for utdanning og stipendiatvirksomhet, NORAD, s. 12.

KAPITTEL 4. INSTITUSJONANE SINE ERFARINGAR MED NORAD STIPENDPROGRAM

Me såg ovanfor at NORAD som har vore ansvarleg for stipendiatprogrammet i over 40 år ikkje har hatt eit reelt oppfølgingssystem for å vurdere effekten av programmet generelt og likeleis ikkje kva som skjer med dei ferdige stipendiatane spesielt. Ei systematisk og formalisert oppfølging har også mangla ved norske faginstitusjonar. Noko som ferdige kandidatar fleire gonger har peika på.

Hovudproblemstillinga i mandatet vil vere fokus i dette kapitlet: kva veit norske institusjonar og sentrale aktørar om kva som skjer med dei heimvendte stipendiatane. Me vil også seie noko om kva utviklingseffekt ordninga kan ha, både indirekte gjennom informantane sine erfaringar og ved ei kort drøfting i slutten av kapitlet.

Det skal ikkje stikkast under ein stol at kjeldeproblema har vore formidable. På grunn av det stramme tidsaspektet i prosjektet er det kun intervjuar 19 aktørar. Utforming av intervjuguide og sjølve dybdeintervjuar var tidkrevjande. I tillegg vart det brukt ein del tid på å forsøke å få fleire sentrale aktørar til å stille til intervju. Dette var ein utfordring, spesielt i NORAD der responsen på førespurnadane om intervju var liten.

Ein kan rettmessig argumentere for at det låge talet på informantar svekkar reliabiliteten i dette arbeidet, men samstundes lyt me informera om at det munnlege kjeldematerialet me no sit på har mange likskapstrekk då det er sams for nærast alle intervjuobjekta at dei ikkje har hatt fokus på systematisk oppfølging av dei uteksaminerte stipendiatane. Dette samsvarar, som me har sett, med dei skriftlege kjeldene for stipendiatverksemda sin historie. Eit motargument i høve reliabilitetsproblemet kan difor vere at sjansane for å få meir utfyllande dokumentasjon ved fleire intervju, angående kva som skjer med heimvendte stipendiatar, er noko små. Me meiner likevel at talet på informantar og den relativt svake dokumentasjonen ikkje gjer materialet godt nok eigna til dybdeanalyse. Me vil likevel påpeike at det absolutt er interessant å sjå nærare på dei erfaringane som aktørane har gjort seg, og at det også er verd å sjå dei fåtallige erfaringane kring heimvendte stipendiatar som eit interessant funn i seg sjølv. Vår vurdering er at dei data som her er framskaffa på kort tid er verdfulle når dei er satt inn i ulike perspektiv slik me har forsøkt her, og at det kan bidra i vurderingar og design av

problemstillingar og metodiske grep i seinare undersøkingar av NORAD stipendprogram.

Denne rapporten refererer berre til eit utval av institusjonar: NTNU, NLH/NORAGRIC og UiB. Kursomtalar og erfaringar inkluderar Hydropower Development og Social Change ved NTNU, Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture (MNRSA) ved NORAGRIC senteret på Noregs landbrukshøgskule (NLH), Development and Resource Economics (DRE), NLH og til slutt to kurs ved Universitetet i Bergen: Public Administration Programme ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitskap og Human Ecology ved Institutt for sosialantropologi. Kursomtalanane er basert på informasjon henta frå institusjonelle årsrapportar, evalueringar, programpresentasjonar og –brosjyrer, i tillegg til informasjon frå samtalar med tilsette ved programma.

Kurspresentasjonen vert etterfylgd av underkapittel som går inn på korleis institusjonane har skaffa seg sine erfaringar, og vidare kva erfaringar som er kome fram i samtalar med fagleg og administrativt tilsette i tillegg til ved undersøking av tilgjengeleg skriftleg materiale.

4.1. Kurspresentasjon

MSc programme in Hydropower Development, NTNU

Professor Dagfinn K. Lysne grunnla programmet Hydropower Development som eittårig diplomkurs i 1976 ved Institutt for vassbygging som vart etablert ved NTH i 1910.⁹⁷ I 1993 vart diplomkurset omgjort til toårig masterkurs, og det har vore studentopptak kvart år også etter 1993. I perioden 1976-1993 utdanna diplomkurset til saman 256 NORAD stipendiatar, og frå 1993 til sommaren 2001 hadde 95 stipendiatar avslutta si Masterutdanning i Hydropower Development.⁹⁸ Det årlege omfanget har dei seinaste åra vore eit inntak på ca. 12 NORAD stipendiatar i året, og dei startar fyrste semester med ein 5-dagars ekskursjon til ulike vasskraftverk i Noreg. Hovudfeltarbeidet går vanlegvis til stipendiaten sitt heimland der dei samlar inn materiale for masteroppgåva.

⁹⁷ Halvorsen, Tor, Havnevik, Kjell J., og Simensen, Terje, "Gjennomgang og vurdering av kurs innen NORADs stipendprogram", s. 32, mai 2000.

⁹⁸ NTNU: "Annual Report, NORAD-sponsored courses. M.Sc, M.phil., and Diploma Programme and Institutional Development", 2001.

Vasskraftutbygginga i Noreg vart redusert på 1970-talet, og fokuset ved Institutt for vassbygging vart i tråd med marknadsbehova dreia mot utviklingsland som hadde stort potensiale for utbygging av vasskraftressursar. Den norske fagkompetansen innan feltet vart såleis internasjonalisert som resultat av marknadsforskyvinga. Høve til å utnytte den unike kompetansen som fans i Noreg fungerte som ei sterk drivkraft bak etableringa av kurset. Det faglege fokuset på masterkurset er knytt til to av instituttets komponentar: vassdragsteknikk og hydrologi. Programmet vert annonsert som eit tverrfagleg generalistkurs der ingeniørfag i tillegg til økonomi og miljø er inkludert i kurset, og i hovudsak rettar det seg mot profesjonelle ingeniørar innan planlegging eller utbygging av vasskraftprosjekt.

Kursevaluering i 1987 konkluderte mellom anna med at kurset var bra organisert med ein lærarstab som hadde høg kvalitet. Evalueringa undersøkte også kor vidt kursinnhaldet var tilpassa utviklingsland, og dei fann at det ikkje var tilstrekkeleg orientert i høve til dette.⁹⁹ I 2000 vart kurset på ny drøfta etter initiativ frå styret for NORAD stipendprogram som oppnemnte ein komité for gjennomgang og vurdering av fleire kurs før programperioden 2001-2004. Komiteen konkluderte med at Hydropower Development videreførast på grunn av at det fans eit sterkt behov i fleire utviklingsland for vasskraftutvikling, og programmet hadde fleire bistandspolitiske grunnar for at den norske kompetansen i sektoren kom relevante land til gode. Utviklinga av kurset, med eit sterkt og bevisst internasjonaliseringsfokus, var også tungtvegande i den positive vurderinga.¹⁰⁰ Instituttet har sjølv gjennomført interne evalueringar av programmet, og kursdeltakarane har kome med gode og til dels svært gode tilbakemeldingar.

M.phil. in Social Change (Geografispesialisering), NTNU

Dette programmet starta opp i 1997 ved Institutt for geografi som eit viktig bidrag til auka internasjonalisering ved NTNU. Bakgrunnen for etableringa var elles semje om at internasjonaliseringa av undervisning ved NTNU var mangelfull innan dei humanistiske og samfunnsvitskaplege faga, medan tildelinga av mellom anna NORAD stipendiatar gjekk i favør av dei tekniske faga. Grunnlaget var meint å vere

⁹⁹ NORAD: "Gjennomgang av Opplæringsposten. Rapport fra fase 1 (utkast)." Kontoret for Utdanning og Institusjonsutvikling NORAD, september 1994.

¹⁰⁰ Halvorsen, Havnevik og Simensen, s. 32, 2000.

tilstades for eit eige samfunnsvitskapleg program då det allereie eksisterte fleire internasjonale og utviklingsrelaterte prosjekt ved instituttet.

Det årlege inntaket av studentar har vore på mellom 17 og 20. Fire av desse var NORAD stipendiatar, ti kvotestudentar og opp til seks norske. Til saman 62 stipendiatar hadde gjennomført kurset fram til sommaren 2003, inkludert 17 NORAD stipendiatar.

Programmet gjer studentane innsikt i sjølvstendige forskningsteknikkar og kritisk tenking i høve til samfunnsvitskap og Nord-Sør relasjonar gjennom eit tverrfagleg opplegg som består av tre obligatoriske kurs og eitt valfritt kurs over eitt semester. Målet er å oppretthalde eit fleksibelt studieopplegg som skal ivareta interessene til dei ulike målgruppene for programmet, som i det vesentlege er studentar frå utviklingsland. Dei obligatoriske kursa er Theories of Social Change, History of Geographical Thought og Research Methodology. I 2003 var dei valfrie kursa som følgjer: Landscape and Planning, Geographical Information Systems, Remote Sensing, Geography, Health and Development, Gender and Social Change samt Planning and Construction in Developing Countries.

I 1999 sette NTNU saman ei arbeidsgruppe som skulle evaluere dei fyrste åra av programmet for å vurdere om det fans grunnlag for vidare satsing. Arbeidsgruppa fann programmet verdifullt og viktig med ein positiv stimulans på både utanlandske og norske studentar. Det vart også peika på at programmet var eigna til å styrke NTNU sine band til samarbeidsinstitusjonar i utviklingsland. Det vart elles understreka at skilnadane mellom kvote- og NORAD studentar var problematiske og skapa to "klassar" innan same klasse.¹⁰¹ Studentevalueringane er positive, særleg etter nokre forbetringstiltak som kom etter dei fyrste semestra av programmet.

M.Sc. programme in Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture (MNRSA), NORAGRIC/NLH

I 1986 tok NORAD initiativ til å få etablert eit stipendiatkurs der miljøvern og ressursforvaltning skulle stå sentralt. Målgruppa skulle vere offentlege tenestefolk, planleggarar, forvaltalar og undervisningspersonell i utviklingsland. Resultatet av dette initiativet var oppstarten av MNRSA-kurset som var det fyrste masteprogrammet som fekk støtte frå NORAD. Programmet vart såleis utvikla i starten av ein akademisk og politisk prosess der miljødebatten i aukande grad vart

¹⁰¹ NTNU: "Innstilling og tilrådingar fra Evalueringsgruppen for M.Phil. in Social Change", mai 1999.

del av den offentlege debatten. Miljøvern vart på same tid tettare knytt til saker som velferd, økonomisk vekst og sysselsetting.¹⁰²

I følge NORAGRIC sin årsrapport i 2002 hadde 460 stipendiatar frå 51 land vorte uteksaminert frå programmet. Det har vore mottak av ca 40 stipendiatar kvart år, og av desse har ca 30 vore NORAD-stipendiatar. NORAD-finansierte stipendiatplassar har gått ned dei seinaste åra, og til neste programperiode kjøper NORAD berre ni plassar. Søkartalet har imidlertid auka kraftig sidan 1996 då 90 søkte om plass, og var oppe 393 søknader i 2002 medan 533 søkte om opptak i 2003.

MNRSA kurset er eit studie i naturressursforvaltning og jordbruksutvikling i tropiske- og subtropiske strøk. Målsettinga er å tilby eit tverrvitskapleg program som søker å gje profesjonelle kapasitetar i utviklingsland ei meir heilskapleg forståing av problem og løysingar innan naturressursforvaltning. Det tverrfaglege vert oppnådd gjennom tilbod av grunnleggande kurs i økologi, statistikk, ressursøkonomi og sosialantropologi, før eit breiare kursopplegg følgjer med fokus på tropiske jordbrukssystem og bærekraftig naturressursforvaltning. Feltarbeidet utgjer eitt semester i eit utviklingsland der MNRSA har samarbeidsinstitusjonar.

Kurset vart evaluert i 1994 og ein av konklusjonane var at programmet trengte å etablere eit sterkare institusjonelt samarbeid med universitet og relevante organisasjonar i Sør. Det vart også påpeika at meir undervisningsansvar burde overførast til utviklingsland. I andre halvdel av 1990-talet har fleire av tilrådingane som kom fram i evalueringa vorte sett i verk. Frå 2002 har det til dømes vore ei tilknytning til Makerere universitetet i Uganda og Tribhuvan University i Nepal. Samarbeidet er etter typen *sandwich-modell* med mål om å gjere kurset meir relevant og feltorientert.¹⁰³

Det er vorte etablert fleire liknande undervisningsopplegg i utviklingsland av tidlegare stipendiatar på MNRSA. I Tanzania har dei til dømes oppretta eit eige kurs i naturressursforvaltning. MNRSA-kurset ser det som si framtidige rolle å tilby meir

¹⁰² Vedeld, Pål 2002: "Some piece of cake! Crafting Interdisciplinarity in Teaching in Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture – experiences from an M.Sc. Programme in Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture from the Agricultural University of Norway".

¹⁰³ Sandwichsamarbeidet kom i gang frå 2002, "NORAGRIC ANNUAL REPORT 2002". Med sandwich modell meiner me eit utdanningssamarbeid der det vesentlege av utdanninga foregår i Sør, men med korte kurs ved Nord-institusjonar.

innovative, eksperimentelle, tverrfaglege og tverrkulturelle utdanningsopplegg enn de tradisjonelle som er begynt å starte opp i Sør.¹⁰⁴

M.Sc in Development and Resource Economics (DRE), Institutt for økonomi og samfunn, NLH.

Programmet starta opp i 1998 og uteksaminerte dei fyrste kandidatane i 2000. Til saman 19 stipendiatar har vorte uteksaminert frå DRE-programmet, og dei fleste kandidatane har til no kome frå Etiopia, Tanzania og Uganda. Kurset vart etablert etter ein ide frå Stein Holden ved NLH, og har sidan oppstart hatt 5 NORAD stipendiatar årleg. Frå og med neste år aukar talet på stipendiatplassar og NORAD kjøper då 9 studieplassar ved DRE-programmet. Kurset er populært og var i 2003 oppe i 214 søknadar om opptak. Kurset har ikkje vorte evaluert.

Stipendiatane gjennomfører eit to-tre månaders feltarbeid i samla gruppe med NORAD stipendiatane til eit land der minst to av stipendiatane høyrer heime. Feltarbeidet, som inngår som ein del av institusjonssamarbeidet i programmet, vert neste år lagt til Malawi.¹⁰⁵

Målet med programmet er å gje eit solid fagleg grunnlag innan økonomifaget, noko instituttet reknar som heilt sentralt i utviklingsdebatten. Fagansvarleg Arild Angelsen understrekar programmet sitt fokus i høve til spørsmål om fordeling av knappe ressurser, og korleis oppnå økonomisk utvikling og vekst. I tillegg vert spørsmålet om auka inntekt knytt opp til ressursforvaltning og fattigdomsspørsmål der økonomisk teori og metode vert nytta som verktøy for å forstå slike problem og for å foreslå politikk. Programmet tek sikte på å utdanne økonomar som arbeider innan ressursforvaltning, jordbruk, utviklingsøkonomi og internasjonale spørsmål. Jobbmarknaden vert skildra som god innan departement, forskingsstasjonar og NGO'ar i utviklingsland.

Nedanfor presenterer me dei uteksaminerte kandidatane ved kurset. Dette er den einaste komplette lista over ferdige kandidatar på eit kurs som me har fått tilgjengeleg.¹⁰⁶ Me ser blant anna at ein god del av kandidatane fortset med Ph.d

¹⁰⁴ Samtale med 1B, 8/9-03.

¹⁰⁵ Samtale med 2B, 10/9-03. NLH International Student Office: "Studying at the Agricultural University of Norway. Information for International Students", 2002.

¹⁰⁶ Me har etterspurt liknande lister på dei andre kursa, men det vart ikkje klart til denne studien. Oversikt over alle stipendiatane skal elles også vere tilsendt NORAD/SIU, men me klarte ikkje å finne det i NORAD sine arkiv.

anten ved NLH eller i eit anna land etter avslutta mastergrad. Av dei som er tilbake i arbeid ser me at dei fleste er i heimlandet sitt.

Tabell 4.1. Uteksaminerte kandidatar ved MSc in Development and Resource Economics.¹⁰⁷

Uteksam.	Land	Kjønn	Noverande jobb / land
2000	Etiopia	Kvinne	Ph.d i Nederland
2000	Tanzania	Mann	
2000	Etiopia	Mann	Addis Ababa Univ. i Etiopia
2000	Uganda	Kvinne	Arb.laus i Noreg
2000	India	Kvinne	Statistisk analytiker i Bank of Ireland
2001	Etiopia	Mann	Ph.D NLH
2001	Tanzania	Kvinne	Ph.D Tyskland
2001	Etiopia	Mann	Ph.D NLH
2002	Nepal	Mann	Ph.D NLH
2002	Nepal	Mann	Ph.D NLH
2002	Uganda	Kvinne	
2002	Vitenam	Kvinne	I ein belgisk NGO
2002	Zimbabwe	Mann	Foreleser, Univ i Zimb.
2002	Uganda	Mann	Labour Office, Min. of Gender, Labour and Social Dev. i Uganda
2003	Eritrea	Kvinne	Framleis i Norge
2003	Etiopia	Kvinne	I Noreg
2003	Tanzania	Mann	Vice President's office, Tanzania
2003	Tanzania	Mann	Foreleser Mzumbe Univ. i Tanzania
2003	Vietnam	Mann	Forskar, Ministry of Planning and Investment I Vietnam

M.phil in Public Administration Programme, Institutt for administrasjons- og organisasjonsvitenskap, UiB.

Programmet starta opp i 1994 og er i hovudsak retta mot utanlandsstudentar.

NORAD har frå 1998 kjøpt 5 årlege plassar ved kurset, og i 2002 søkte 249 personar opptak på desse. Dei fleste søknadane om NORAD støtte kom frå Etiopia, Nepal og Bangladesh, medan fleirtalet av kandidatane har kome frå Bangladesh og Tanzania. Konsentrasjonen av stipendiatar frå mellom anna Bangladesh er resultat av instituttet sin prioritet av kandidatar frå eksisterande samarbeidsinstitusjonar.¹⁰⁸

Målet med kurset er å utdanne kandidatane innan organisasjonsmetode og i tillegg auke stipendiatane sin evne til sjølvstendig analyse av politiske, administrative og organisatoriske strukturar og prosessar. Stipendiatane reiser heim på feltarbeid i

¹⁰⁷ Tabellen er utforma på bakgrunn av data frå Institutt for Økonomi og samfunn NLH. Det fins tilgjengeleg både e-post og a-post adresser til ein del av kandidatane.

¹⁰⁸ Det ligg ei oversikt over studentar, land og avhandlingstema på desse sidene: <http://ugle.svf.uib.no/admorg/default.asp?kategori=489&versjon=true> . Oversikten syner alle studentane ved MPA kurset, og skil ikkje ut NORAD stipendiatane.

8-10 veker på slutten av det andre semesteret. Masteroppgåva vert oftast skriven kring aktuelle problemstillingar frå heimlandet. Eit døme er NORAD stipendiaten Lucy Willy Massoi frå Tanzania som vart uteksaminert i 2001 med oppgåva "Local Government and Women Political Representation in Tanzania". Programmet har ikkje vore evaluert.

M.Phil in Social Anthropology (Human Ecology), Institutt for sosialantropologi/ Senter for utviklingsstudiar, UiB.

Dette programmet vart ein del av NORAD stipendprogram sitt kurstilbod i 1998, og dei fyrste tjue stipendiatane vart uteksaminert i 2000. Kurset har opptak annakvart år og er særleg retta mot antropologar ved universitet eller utviklingsretta organisasjonar. Dei fleste stipendiatane kom frå Kina i 2000.

Målet med kurset i Human Ecology er å utdanne deltakarane i antropologiske perspektiv som er særleg relevante i studiet av eit samfunns sosio-kulturelle tilhøve. Samspelet mellom prosessar i natur og samfunn utgjer hovudorienteringa i programmet med det formål å kunne nytte utdanninga i formulering og iverksetting av praktiske prosjekt innan til dømes regional planlegging. Kurset er tverrfagleg og gjer eit innblikk i antropologi i høve til økologi, demografi, medisin, økonomi og offentleg administrasjon. Feltarbeidet utgjer seks månadar i Sør, og i løpet av denne tida vert stipendiatane rettleia via e-post og fekk besøk frå professor Gunnar Håland som er fagansvarleg.

4.2. Bakgrunnen for norske erfaringar

Årelange samarbeid mellom norske faginstitusjonar og institusjonar i Sør har vore eit sentralt grunnlag for erfaringar spesielt ved dei eldre kursa. Ein av institusjonane som har hatt eit bevisst forhold til oppfølging og som har skaffa seg kunnskap ved sjølvsyn, er NTNU. Dei føretek nærast årlege reiser for å kartlegge kompetanse- og etterutdanningsbehov ved aktuelle institusjonar. I tillegg ynskjer dei å undersøke korleis det har gått med stipendiatar som har fått sin etterutdanning i Trondheim. Slike reiser har førekome så lenge NORAD stipendprogram har eksistert, og sosialsekretærar og anna administrativt tilsette har fleire gonger vitja sentrale samarbeidsland, seinast i oktober 2003 då ein delegasjon frå NTNU fekk møte mellom anna aktørar knytt til stipendprogrammet i offentlege ministerier i Bangladesh. Institusjonskontakt Rita Kumar har fleire gonger vore på reise, men det

er likevel oftast akademisk sentrale aktørar som reiser, og då gjerne i samband med eigne forskingsprosjekt i samarbeidsland. Det same gjeld ved andre norske institusjonar som anten har arbeida med utviklingsspørsmål eller vore kursarrangør for NORAD stipendprogram i lengre tid:

"Vi følger de studentene som er inne i våre samarbeidsinstitusjoner. Vi har kontakt med dem hele livet, de blir jo våre venner. Og det nettverket vi har innenfor naturressursforvaltning i vid forstand, og innenfor ministerier, direktorater og innenfor universiteter og høyskoler er bra. Det skaper en bred samfunnskontakt mellom folk og institusjoner i Norge og utviklingsland på en veldig fin måte".¹⁰⁹

"På antropologi er det professor Gunnar Håland som har drevet kurset. Han reiser for egen del veldig mye, og så reiser han i tillegg i enkeltprosjekter og han reiser for å følge kull 1 i felten, deretter kull 2 og nå er han ute og følger kull 3 i felten. Det vil si at han er innom en rekke institusjoner, blant de institusjonene som rekruttene kommer fra. Han bringer da tilbake en faglig vurdering av kandidater og samarbeidsforhold og andre aktuelle ting. Og andre ganger lokalkunnskap som vi andre kan ha interesse av. Andre ganger er det andre typer personale som reiser ut".¹¹⁰

Ved NORAGRIC har administrativt tilsette initiert fleire landbaserte nettverksgrupperingar for uteksaminerte stipendiatar. Jon Kristian Øiestad og Ingunn Andersen reiste i 1997 til Tanzania, som er det landet med flest uteeksaminerte stipendiatar frå MNRSA-programmet, då dei i lengre tid hadde vore merksame på at dei ikkje hadde så god kontakt med heimvendte stipendiatar som ønskjeleg. Målet med initiativet var å undersøke og legge til rette for at heimvendte stipendiatar på eige hand kunne drive eit nettverk med eigne retningslinjer og aktivitetar. Dei var bevisst på at det måtte ligge eit mottakaransvar til grunn for opplegget; stipendiatane måtte ønskje å drive eit nettverk sjølve. Tanken bak prosjektet var å legge til rette for utveksling av erfaringar i etterkant av studiet, og ikkje minst vurdere kva stipendiatane treng av profesjonell fagleg oppfølging etter studiet. Til no har det vorte etablert stipendiatnettverk i tre land; Tanzania, Nepal og Etiopia.¹¹¹ Ved dette initiativet har MNRSA-programmet sikra seg nær kjennskap til kva ferdige stipendiatar driv med og korleis dei får forankra sin lærdom frå Ås etter at dei er komne heim.

Evalueringar av ferdige stipendiatar er ein annan metode for oppfølging som har funne stad ved nokre få norske faginstitusjonar. Hydropower development kurset ved NTNU sendte til dømes ut evalueringsbrev til over 20 institusjonar i 1999/2000, og i 1986/87 føretok dåverande NTH ei *tracer study* av alle stipendiatar frå Tanzania

¹⁰⁹ Samtale med 1B, 8/9-03.

¹¹⁰ Samtale med 1C, 24/10-03.

¹¹¹ Nettverket i Tanzania fungerer ikkje særleg godt, men aktiviteten er relativt stor ved nettverket FONAREM i Nepal. Dei arrangerer mellom anna ulike aktivitetar, planlegg prosjekt saman, og held årsmøter kvart år.

som var uteksaminert frå NORAD stipendprogram i Trondheim. Den sistnemnde undersøkinga vart gjennomført og analysert av Brita Utne, men den er dessverre ikkje vorte tilgjengeleg til denne studien.¹¹² Ved både NLH/NORAGRIC og MPA-kurset i Bergen er det nyleg utført *tracer studies* av tidlegare stipendiatar frå utvalde land, og hovudfunna vil me koma tilbake til.

Sporadisk kontakt ved til dømes e-post korrespondanse har også gjeve noko kjennskap til kva som skjer med stipendiatane. Initiativet synes i hovudsak å kome frå stipendiatane sjølve, og då ofte i samband med førespurnader av ulike slag. Det er imidlertid ein aukande e-post tilgang ved arbeidsstadane i Sør, og dette synes å ha styrka høve til enkel kontakt mellom stipendiatane og deira norske faginstitusjonar.

Det har som sagt ikkje funne stad systematisk oppfølging av stipendiatane ved nokon av dei konsulterte kursa og institusjonane. Dei nemnde tiltaka for kontakt har likevel gjort fleire kurs i stand til å hauste generelle erfaringar med kva som skjer med ferdige stipendiatar, og såleis kunnskap om korleis stipendprogrammet har fungert. Nokre institutt har imidlertid opparbeidd meir spesifikk kunnskap om uteksaminerte stipendiatar enn andre, og dette vil me kome inn på i eit seinare delkapittel og sjå kva nokre få stipendiatar gjer i dag og korleis deira karriereutvikling har vore. Noko av intensjonen med dette kapitlet er såleis å gje eit oversyn over kva norske aktørar veit om ferdige stipendiatar på fleire nivå. Målet med å sjå på nokre få namngjevne stipendiatar er å leggje til rette for enkelt å kunne etablere kontakt med norske evalueringseiningar ved seinare undersøkingar.

4.3. Kva erfaringar har norske institusjonar med heimvendte stipendiatar?

I vurderinga av norske aktørar sine erfaringar med kva som skjer med heimvendte stipendiatar er det naudsynt med eit sett indikatorar som reflekterer både dei kvalitative funna i dette studiet og dei overordna måla for stipendiatverksemda. Det har også vore viktig å finna indikatorar som fungerer metodisk og analytisk for å kunne utnytte det relativt skrinne kjeldemateriale best mogleg.

Kompetansebygging og –utvikling er omgrep som vert gjenteke av norske aktørar, og det vil difor vere ein av indikatorane i vurderinga av kursarrangørane sine generelle erfaringar. Andre erfaringar institusjonane har hausta er her identifisert som

¹¹² Brita Utne har framført ein gjennomgang av rapporten på NORAD, og det vart overlevert eit eksemplar av rapporten der. Den skal med rett ligge i arkivet, men me klarte ikkje å spore den opp. Ingen av dei tilsette me

karriereutvikling, høve til påverknad/stipendiatane som endringsagentar og læringsfilosofi. Indikatorane er nært knytt til kvarandre og kan skildrast som komplementære, men me meiner at utvikling av læringsfilosofi er den viktigaste indikatoren på verdien av kursa i Noreg. Me synes læringsfilosofi er det som i størst grad gjer stipendiatane i stand til å påverke, endre og stige i posisjon. Summen av funna i dette kapitlet synes også eigna til å kunne reflektere noko kring verksemda si nytteeffekt.

i. Kompetansebygging – i høve til relevans og nyttegjering av kunnskap

Kompetansebygging er ei kompleks samansetting av faglege, kulturelle, pedagogiske og karrieremessige faktorar som ideelt sett fører med seg ei styrking av kapasitet i aktuelle sektorar og nasjonar. Me skal no fyrst vurdere NORAD stipendiatane sin evne til kompetansebygging i forhold til den norske utdanninga sin *relevans* for institusjon og land. I tillegg vil me undersøke kva erfaringar som fins i samband med stipendiatane sine høve til å forankre lærdomen i sin lokale kontekst knytt til aktuelle problemstillingar der.

Relevans var ein av variablane Verdsbanken undersøkte i ei *tracer study* mellom uteksaminerte studentar frå universitet i Malawi, Tanzania, Uganda og Zimbabwe, og funna i det omfattande studiet gjer det svært interessant å vurdere NORAD stipendprogram sin relevans i Sør. Verdsbanken konkluderer mellom anna med at "there is an urgent need to improve both the quality and relevance of university and secondary education".¹¹³ Er NORAD stipendprogram eit verkemiddel som kan medverke til å fylle noko av det gapet som eksisterer i utviklingslanda i samband med at ein del utdanningsinstitusjonar i Sør enno ikkje tilbyr tilfredstillande opplæring?

Noregs Landbrukshøgskule starta i 1988 eit engasjement i Etiopia som mellom anna inkluderte etterutdanning for etiopiarar på Ås. Over 80 av kandidatane frå Etiopia er tilbake i sitt heimland, og det er nyleg gjennomført ei undersøking av kva som har skjedd med fleire av dei tidlegare stipendiatane. Sileshi Dejene og Aregay Waktola har ved hjelp av *enquete* og intervju undersøkt tidlegare stipendiatar

snakka med visste heller ikkje kvar den fins. Brita Utne har sjølv eit eksemplar, men den vart dessverre ikkje tilgjengeleg i tide til denne studien.

¹¹³ al-Samarrai og Bennell 2003. Sjå s. 89ff og s. 100.

og arbeidsgjevarar si oppfatning av relevansen i den norske utdanninga.¹¹⁴ Ei stor overvekt av kandidatane har vore studentar ved MNRSA programmet ved NORAGRIC og utgjer cirka 70 % av uteksaminerte etiopiarar frå NLH. Resultata frå studiet indikerer at kandidatane etter Noregsopphaldet arbeider ved institusjonar der dei aktivt får høve til å nytte sine evner og kunnskap. Fleire kandidatar uttrykte likevel misnøye med byråkratiske "flaskehalsar" i høve til å få forankre utdanninga i praksis. Det er i den samanhengen interessant å merke seg ein del av kandidatane si forskyving innan arbeidsmarknaden. "Flaskehalsane" er sannsynlegvis ei av årsakene til den tydelege kapasitetsforskyvinga frå den offentlege forvaltningssektoren til universitet og private organisasjonar. Tala frå NLH sin *tracer study* tyder på at kompetansebygginga har kome utdannings- og forskingsinstitusjonar meir til gode enn offentlig forvaltning, då berre 40 prosent av stipendiatane som frå før arbeida innan offentlege ministerier fortsette i den sektoren etter endt studieopphald i Noreg.¹¹⁵

MNRSA kandidatar viser elles til Etiopia sine enorme utfordringar innan naturressursforvaltning og behovet for å handtere desse når spørsmålet om utdanninga si relevans kjem opp. I tillegg vert studiet sett i samband med kor viktig jordbruket er for nasjonaløkonomien, og MNRSA studiet vert såleis også direkte kopla til fattigdomsfokus, matkontroll og behovet for eit tverrfagleg landbruksfokus i Etiopia. Arbeidsgjevarar er referert i undersøkinga til å ha trekt fram NLH-kandidatane si sjølvstende, evne til å ta initiativ og ikkje minst korleis dei styrkar kompetansen ved sine institusjonar ved at dei klarar å identifisere og skissere nye forskingsprosjekt i samband med utviklingsproblem.¹¹⁶ Kandidatane sjølve har kommentert i spørreskjemaer at dei får nytta etterutdanninga si i praktisk handsaming av lokale problemstillingar:¹¹⁷

"The training at NLH has helped me a great deal to cope with not only the local context but also to develop a team spirit in an interdisciplinary working environment. Interdisciplinarity was one of the greatest merits of the training at NLH".
(kjelde: Ali Said, Project Management Specialist, USAID/Ethiopia).

"The training in MNRSA is of paramount importance in terms of its relevance to local context. Besides, it further proved to provide more theoretical background on NRM and strategies to attain sustainability in resource use and development".

¹¹⁴ Dejene og Waktola 2002.

¹¹⁵ Ibid.

¹¹⁶ Ibid, kapittel 3.1.

¹¹⁷ Ibid, kapittel 3.3.

(Kjelde: Zealbowesen Asfaw, Interchurch Aid Development Division Head, EOC DICAC).

Er landbrukshøgskulen sine erfaringar, slik dei er kome fram i Dejene og Waktola si *tracer study* i Etiopia, representative for den innsikta norske kursarrangørar har oppnådd?

Det framtreddande er at kurs og institusjonar med ei lengre historie innan NORAD stipendprogram har hatt høve til å tilegne seg både sterkare generelle og konkrete erfaringar. Det blir mellom anna påpeika at ein på reiser har fått sjå kor innebygd NORAD stipendprogram er som strategi i ulike institusjonar og bedrifter sin bevisste kompetansebygging. Kandidatane får høve til utdanning i Noreg og vert sidan forankra og nytta innan sitt spesialfelt for å styrke kapasiteten ved institusjonen eller til dømes for å leie større prosjekt der institusjonane i Sør tidlegare har mangla kompetanse.

"For fire år siden hadde vi en stipendiat som hadde assisterende direktørstilling i CWC (Central Water Commission) i New Delhi. Han har alt ansvar for vannutvikling i India. Nå sitter han i direktørstilling. I fjor ble det valgt en stipendiat fra samme organisasjon etter tilråding fra direktøren. Han skrev at de håpte på videre samarbeid og at de setter stor pris på dette kurset fordi det er det eneste kurset av den typen som tilfredsstiller deres behov".¹¹⁸

Som nemnt ovanfor har ei *tracer study* nyleg også vorte gjennomført av Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap ved UiB. Ishtiaq Jamil som er fagansvarleg for MPA programmet der har stått for utforming og gjennomføring av studiet, som i skrivande stund ikkje er heilt avslutta. Eit utkast av arbeidet har imidlertid vore tilgjengeleg til denne rapporten.¹¹⁹ MPA studiet sin kontekstuelle og utviklingsrelaterte relevans er stikkord for undersøkinga. Funna er basert på personlege intervju med ti kandidatar frå Tanzania og Uganda, samt fem frå Bangladesh. I tillegg har fem kandidatar, som det ikkje var høve til å intervju personleg, svara på utsendte spørreskjema. Arbeidsgjevarar er også konsultert. Programmet synes å ha hatt stor grad av relevans for kandidatane både på eit individuelt og organisatorisk nivå, då fleirtalet av kandidatane hevdar at dei etter studiet har vore i betre stand til å forstå og analysere utviklingsrelaterte problem i sin kontekst. I tillegg svarar 75 prosent av kandidatane at dei nyttar den nyerverva lærdomen i sin arbeidssituasjon.

¹¹⁸ Samtale med 2A, 25/8-03.

¹¹⁹ Jamil, Ishtiaq: "Higher education and development: A tracer study on knowledge production and knowledge transferability," Førebels utkast frå 2003.

Studiet samsvarar elles med landbrukshøgskulen sine funn frå Etiopia, då også Jamil si undersøking tyder på at graden av praktisk nyttegjering av studiet er minst i offentlege direktorat og ministerier, medan kapasitetsutviklinga på kort sikt betre kan sjåast i akademia og i forskingsinstitusjonar. Kapasitetsforskyvinga synes å skapa noko problem i vurderinga av relevans. Kandidatane får som meldt ofte nytta sin nyerverva lærdom i den arbeidssituasjonen dei har når dei blir spurt, men kva med relevansaspektet i høve den arbeidsplassen dei fekk permisjon frå? Eit av utvalskriteria i stipendiatorordninga er at studenten får permisjon frå sin arbeidsplass som han sidan skal tilbake til for å akkurat auka kapasiteten der. Når me no ser at det skjer ei kapasitetsforskyving i arbeidsmarknaden er det rimeleg å setje spørsmålsteikn ved den reelle kompetansebygginga i høve ordninga sine retningslinjer og mål. Burde ein kanskje vri fokuset på omgrepet hjerneflukt og heller undersøke om det skjer hjerneflukt frå offentlig forvaltning og ikkje frå sjølve nasjonen, som før har vore i sentrum?

Enkelte av kursarrangørane i Noreg meiner at kandidatane fungerer som eit styrkande verkemiddel for å vidareutvikla institusjonane dei arbeidar ved. NTNU opplever til dømes at konkrete utdanningsprogram som vasskraftutvikling er etterspurt mellom arbeidsgjevarar som ønskjer å senda sine tilsette til Noreg for å styrka staben i høve til bestemt kunnskap og sidan bruke dei i store prosjekt. Andre program opplever at kandidatane får høve til å praktisere som innovative og skapande arbeidstakarar i mellom anna utforming av nye prosjekt knytt til utvikling av sine institusjonar og i neste omgang sine nasjonars utfordringar. Eit kjenneteikn er at norske universitet har fått tilbakemelding på at ferdige stipendiatar ser og løyser problem annleis, og dette er etterspurt lærdom ved ei rekkje institusjonar i Sør.

Trass i at norske aktørar påpeikar sterk relevans i kursa lyt ein vurderer fleire aspekt enn dei som kjem fram frå eit lite tal norske erfaringar. Det er uforutsigbare tilhøve på fleire plan i ein del av mottakarlanda som gjer at relevansaspektet lyt vurderast ofte i høve til dei siste endringar innan nasjonen sine behov. Me har sett at det fins problem med byråkratiske flaskehalsar og hierarkiske organisasjonar der det tek lang tid å forankre ny lærdom og evner. Overproduksjon av visse typar personell er eit anna moment. Dette aspektet gjer at det ikkje er sikkert at dagens relevante studiar er fagleg verdfulle og reelt etterspurde i morgondagens arbeidsmarknad i Sør.

Ressursar og nasjonal infrastruktur i dei respektive samarbeidsland må også vurderast i studier av kva grad kandidatane har høve til å forankre sin auka

kompetanse. Nettverka som NORAGRIC har vore initiativtakarar til i mellom anna Nepal og Etiopia opplever til dømes redusert evne til å sette i verk prosjekt på grunn av økonomi og politikk. Dette er naturlegvis ikkje unike fenomen for utviklingsland, men problemet kan synes å vere av større dimensjonar nokre stadar. Perspektivet på vurdering av kompetansebygging bør difor alltid vere langt, og både indirekte og direkte verknader lyt undersøkast.

ii. Karriereutvikling og evne til påverknad

Utviklinga av kandidatane si karriere fins det ein del erfaring med ved norske utdanningsinstitusjonar. Ein del fagfolk knytt til kursprogram har vore i personleg kontakt med ferdige stipendiatar i sine heimland, og i tillegg til institusjonsbesøk har det førekome ein del korrespondanse over e-post der karrieremessig utvikling har kome fram.

Denne type indikator er i fremste rekkje ein anvisar for om utdanninga har vore relevant for den individuelle stipendiaten. I tillegg kan ein slik indikator vonleg nyttast for å undersøke om arbeidsgjevar og heimeinstitusjonen vurderer etterutdanninga til å ha styrka kandidaten sin kapasitet i slik grad at det i seg sjølv kvalifiserer til opprykk. Som ein ekstra indikator for å vurdere erfaringar utover det individuelle nivået skal me også undersøke kva norske kursarrangørar har opplevd av stipendiatane sine påverknadshøve. Me spør difor: Har kandidatane opplevd karrierestigning som resultat av NORAD stipendprogram, og har dei påverknadskraft som endringsagentar ved sine institusjonar?

I 1999/2000 gjennomførte Hydropower Development (HPD) ved NTNU ei spørreundersøking mellom institusjonar som over ei årrekkje hadde sendt kandidatar til Trondheim. Spørsmålet institusjonane fekk var mellom anna om kandidatane etter endt studieopphald i Noreg hadde nådd høgare posisjonar raskare eller i same takt som andre arbeidstakarar utan etterutdanning i utlandet. Av 14 institusjonar svara ni at HPD kandidatane rykka opp raskare enn andre, medan fem institusjonar svara at det skjedde i same takt som dei andre ved institusjonen. Dei institusjonane som ikkje gav spesielle vilkår til NORAD stipendiatane forklara ofte institusjonens prinsipp slik som ZESCO Ltd. i Lusaka, Zambia:

"Promotions are done on merit through performance and when vacancies at the higher level are there. Other promotions follow a progression chart which takes into consideration the qualification plus years of experience".¹²⁰

Fleirtalet av institusjonane legg imidlertid mest vekt på kunnskapsnivået og etterutdanninga til sine tilsette i vurderingar om opprykk, noko som kjem fram i deira svarkommentarar. Alle institusjonane i spørreundersøkinga, inkludert dei som ikkje prioriterte NORAD kandidatane særleg for opprykk, svara elles at dei uteksaminerte stipendiatane påverka på sin arbeidsplass. Eit døme er henta frå svaret til det vietnamesiske selskapet Power Engineering Consulting Company No. 1 (PECC 1) som er lokalisert i Hanoi:

"They reach higher positions faster than do their colleagues. In our company, one's promotion mostly depend on his knowledge. Our engineers with HPD course background have an impact on the professional development not only within our company bur also without it, especially in fields of multipurpose project of hydro resources, design of underground structures, environment, and resettlement".¹²¹

Kandidatane i NTNU si undersøking som fekk karrierestigning hadde studert eit teknisk fag. Det er difor naudsynt å undersøke i kva grad kandidatar på ei generalistutdanning, til dømes studentar ved MNRSA programmet ved NORAGRIC, har opplevd karriereutvikling.

Studiet av dei etiopiske stipendiatane synleggjer ei positiv utvikling av karrieren også mellom naturforvaltarane. Dei fleste har etter noregsopphaldet kome i ansvarlege posisjonar i offentlege og private organisasjonar. Resultata frå undersøkinga indikerer at 20 prosent er i topp-posisjonar innan sine organisasjonar, 20 prosent utgjer prosjektleiarar og programkoordinatorar, medan senior rådgjevarar tilsvarar 31 prosent og 29 prosent er forskarar.¹²²

Kva er så oppfatninga og erfaringane mellom norske fag- og administrativt tilsette som har vore i direkte kontakt med stipendiatane etter dei er komne heim?

"De fleste får det mye bedre når de kommer hjem fordi de får doblet eller tredoblet lønna si. Det gjelder de fleste. De får også en ganske rask karrierestigning".¹²³

"Det er positivt i de landene jeg har hatt mye kontakt, og delvis jobbet og møtt tidligere studenter. Bhutan for eksempel som er et lite og oversiktlig land. Der har vi hatt fire studenter på

¹²⁰ NTNU, Hydropower Development: Evaluations 2000.

¹²¹ Ibid.

¹²² Dejene og Waktola, 2002.

¹²³ Samtale med 1B, 8/9-03.

masterutdanning. Vi vet at de på forskjellig vis har gjort en veldig bra jobb. En av dem ble prosjektleder for et NORAD-støttet prosjekt og gjorde det så mye lettere for konsulentene å gjennomføre prosjektet. Han forsvant så ut av prosjektet og da oppdaget man hvor forferdelig viktig den ene personen var som maktet å være prosjektleder. Det har gått så mye tråder i andre retninger at han for eksempel også gjør en stor innsats innenfor østerriksk bistand".¹²⁴

"Det varierer litt fra fag til fag. Men det er litt morsomt, for vi fikk en mail i fra en vietnameser som forteller at han har blitt ansvarlig for et watershed management project som han er helt klar på at han ikke ville blitt om det ikke hadde vært for studiet her".¹²⁵

"Vi går rett inn i bedriftene og treffer de gamle NORADstudentene. Vi ser hvordan de har steget i karriere og i tillegg at NORAD-studentene har et nettverk seg i mellom. De kjenner hverandre".¹²⁶

"Ja, det er ingen tvil om at det blir karrierestigning. Men det er klart det varierer litt fra arbeidsplass til arbeidsplass. Slik er det jo her også. Det er ikke alle sjefer som ønsker å få den yngre garde opp og frem. Da kan din egen posisjon trues".¹²⁷

"Vi kjenner en god del land og har institusjoner som vi samarbeider med, har hatt studenter fra og har interaksjoner med. Vi har hatt veldig stor andel av studentene som vender tilbake til sitt land og arbeidsssted og blir hjemme. Det er en forbløffende stor andel som gjør karriere innenfor det fagområdet de har utdannet seg".¹²⁸

"For akkurat det med å utdanne folk på et litt høyere nivå enn grunnskole, det har en veldig positiv signaleffekt. Mange av de som har vært her og utdannet seg de reiser tilbake til hjemlandet sitt og kommer ofte i ledende stillinger i store ministerier blant annet, og kommer dermed i posisjon til å påvirke beslutninger på flere felt. Så vi er sikker på at stipendprogrammet har vært utrolig viktig i bistandssammenheng".¹²⁹

"Mange av de jeg har veiledet er jo mektige menn. I Tanzania er som jeg sa de tre toppene i viiltforvaltningen utdanna her, det sitter også topper i parlamentet som er tidligere studenter jeg har veiledet. Det sitter mange av dem i viktige posisjoner. Men det er dessverre ikke alle det går bra med. Det er en del som dør av AIDS, flere av mine studenter har dødd av AIDS".¹³⁰

"En del som kommer hjem møter frustrasjoner fordi de vet de sitter inne med kunnskaper og entusiasme også møter de et forferdelig byråkrati og jantelov. For eksempel i India, som er et veldig byråkratisert land, er det veldig mye vanskeligere for en person å kunne bidra i løpet av få år. Men jeg tror likevel at det betyr noe, og folk gjør karriere, får viktigere og viktigere posisjoner med bestemmelsesrett. For eksempel på Sri Lanka, i Nepal og India har jeg møtt tidligere studenter som har blitt ledere og har fortalt at de har hatt en positiv effekt på utvikling innenfor administrasjon i selskapet eller i institusjonen som helhet".¹³¹

Som nemnt tidlegare er det i hovudsak dei eldre kursa som sit på denne verdfulle erfaringa som antydgar at NORAD stipendprogram medverkar til individuelle karriereoppbygg. Dei same institusjonane har også oppfatningar og konkrete erfaringar med at ein del av kandidatane ser seg sjølve som endringsagentar, eller at dei faktisk er det i kraft av den påverknad dei har på sin institusjon, kollegaer og ikkje

¹²⁴ Samtale med 6A, 25/8-03.

¹²⁵ Samtale med 3B, 8/9-03.

¹²⁶ Samtale med 3A, 25/8-03.

¹²⁷ Samtale med 3B, 8/9-03.

¹²⁸ Samtale med 6A, 25/8-03.

¹²⁹ Samtale med 5A, 26/8-03.

¹³⁰ Samtale med 1B, 8/9-03.

¹³¹ Samtale med 6A, 25/8-03.

minst påverknad i eit større perspektiv utanfor sin arbeidsstad. Me har allereie sett nokre sitat ovanfor som reflekterer kandidatar i høge posisjonar og som såleis har sterk innverknad ved at dei sit i stillingar med avgjerslerett. Toppene i viltforvaltninga i Tanzania, som er utdanna ved NORAGRIC, er eit døme. Det som verkeleg er interessant er ikkje berre det at NORAD stipendiatane kjem i avgjerande posisjonar, men korleis dei utviklar denne posisjonen og påverknadskrafta si til å utvikle og styrke sine sektorar, og då indirekte sine nasjonar. Karriereutvikling og utdanninga si relevans vert slik indikatorar som er tett kopla saman i undersøkinga av om stipendiatane kan vere endringsagentar. Lat oss sjå litt nærare på viltforvaltninga i Tanzania.

"Vi jobber veldig bevisst med samfunnsfaglig forståelse av naturfenomener som en forretningsidé. Vi jobber for eksempel innenfor viltforvaltningen, og alle de vi fikk hit var rene naturvitere. Vi gir dem da en ballast i samfunnsfaglig forståelse av det de driver med i forhold til lokalbefolkning, prosesser, hvordan håndtere mennesker i konflikt osv. Viltforvaltningen i Tanzania har for eksempel endret karakter fordi mange av våre studenter sitter der og driver på høyt nivå. De har det perspektivet at det er viktig å arbeide sammen med lokalbefolkningen for å redusere konfliktnivået rundt nasjonalparker. Problemene de har med nasjonalparkene der er jo av en helt annen skala enn her, der blir jo folk drept på grunn av slike konflikter. Vi ser i praksis at forvaltningen endres".¹³²

Fleire norske kursarrangørar sit med erfaringar av same typen. I Uganda er til dømes store endringar i gang ved universitetet i Makerere etter innverknad frå NORAD stipendiatar:

"Umiddelbart er det de fem i Uganda som utmerker seg spesielt. De er i ferd med faktisk å endre undervisningsprofilen på det antropologiske instituttet ved Makerere universitetet".¹³³

Det er likevel ikkje riktig å konkludere med at NORAD stipendiatane automatisk vert endringsagentar etter at dei har kome heim. Me ser ovanfor at den posisjonen stipendiatane får ved sin institusjon etter studiet er viktig for kor vidt dei kan medverke til endringar. I tillegg må det leggjast vekt på at det tek tid å bryte ut av innarbeidde system og rutinar. Kandidatar har også uttrykt frustrasjonar i høve til kjensla av å måtte avgrense sin entusiasme då andre ved same institusjon ikkje har interesse av å vere med å endre. Norske erfaringar tyder mellom anna på at janteloven lever godt også utanfor Skandinavia:

¹³² Samtale med 1B, 8/9-03.

¹³³ Samtale med 1C, 24/10-03.

”Det som noen oppfatter frustrerende er at de må være forsiktig og ikke bare komme her og komme her når de er hjemme igjen. Sjefen har kanskje ikke vært utenlands og har ikke forståelse for det samme som studenten, så det kan skape frustrasjoner”.¹³⁴

Det som imidlertid er eit gjentakande moment i høve kandidatane si påverknadskraft er verdien av den mentale utviklinga stipendiatane opplever i løpet av studiet i Noreg. Det som skjer med stipendiatane etter returen til heimlandet synes i relativt stor grad å vere knytt til den læringa som har vorte tilegna i Noreg. Norske institusjonar sine erfaringar er at den faglege lærdomen er ei side av saken, men det synes vel så avgjerande for kandidatane sine evner til å fungere som kompetansebyggerar i sine heimland at dei har utvikla sin mentale kapasitet og læringsfilosofi.

iii. Læringsfilosofi som indikator

Utvikling av læringsfilosofi er ein særskilt viktig del av stipendiatane sitt utbyte etter kurs i Noreg. Innhaldet i omgrepet læringsfilosofi kan synast lite handfast, men i dette studiet vil me understreke grunntanken i omgrepet som den læring ein oppnår, utover det faglege utbyttet, som kan påverke ein kandidat sin vidare utvikling både fagleg og menneskeleg. Me utdjupar dette seinare.

Me erkjenner at læringsfilosofi er ein komplisert indikator å vurdere effekten av på grunn av det abstrakte nivået i ein slik anvisar, som også i relativt høg grad kan hevdast å vere styrt av kandidaten sin personlegdom. Likeleis kan ein hevde at personlegdom er ein usikker faktor i statistikkar om lønsutvikling ettersom ein arbeidstakar sin personlegdom i relativt høg grad kan avgjere i kva grad personen er i stand til å tilegne seg ny kunnskap og ikkje minst forankre den i praksis. Dette påverkar såleis kva posisjon og lønsutvikling ein kan oppnå.

På bakgrunn av dei sterke faglege resultata NORAD stipendiatane har oppnådd i over 40 år kan det synes som om institusjonar og bedrifter i utviklingsland signaliserer deira verdsetting av den aktuelle kandidaten og hans evner. Det er rimeleg å tru at NORAD stipendprogram i ei viss grad har sikra seg kandidatar med sterke evner til å ta inn lærdom då opptakskriteriane mellom anna seier at kandidaten må vere anbefalt frå ansvarlege i sitt land. Norske institusjonar vurderer også det faglege nivået ut frå vanlege søknadsprosessar.

Trass i dei ugunstige eigenskapane ein indikator som læringsfilosofi kan ha vil me no få fram kva erfaringar norske kursarrangørar har i samband med dette:

¹³⁴ Samtale med 1A, 26/8-03.

"Vi ser det i en rekke land at den tradisjonen å lytte til og gjengi det professoren har sagt, i stedet for å lese, diskutere og skape et eierforhold til teorier og kunnskap og deretter prøve å utvikle dette, det er en veldig vanskelig prosess, men det er noe av det nyttigste vi kan bidra til. Rett og slett en total endring i læringsfilosofi, pedagogisk tenkning og ideologi. Det går ikke ut på å gi de en ideologi vi har, men på å gi de en metode til å være kritisk til en hvilken som helst faglig eller politisk ideologi som måtte komme opp gjennom studiet. Vi ser det i Nepal, Kina, Bangladesh og mange land i Afrika at denne kollisjonen mellom den tradisjonelle, autoritetsbundne måten å lære på og det å faktisk å studere og tenke, det er noe av det viktigste de kan få med seg".¹³⁵

"De er lite kritiske og analytiske. De kommer fra systemer der de er flinke til og vant til å ta eksamen, men når det kommer til å jobbe individuelt, skrive og tenke selv da kommer de til kort. Det har med kultur å gjøre, ikke noe med at de ikke er smarte nok, for det er de. De er vant til å tro på alt professoren sier, så de sliter med å gå inn i diskusjoner".¹³⁶

"De får mer kritisk refleksjon både i forhold til egen og vår kultur, og det gjelder også oss som jobber med de. Det er veldig givende".¹³⁷

"Alle jeg har besøkt har veldig god nytte av studiene både faglig og menneskelig. For eksempel var det en som sa at før sprang de alltid til sjefen dersom det var noe de lurte på, mens de etter utdanning her har lært å være mer selvstendig og at de kan finne ut av ting på egen hånd ved å slå opp i bøkene sine. Det er jo problemer med mangel på selvstendig tenking på mange universiteter i utviklingsland. De er bare forventet å komme med enkle oppgull av kunnskap, og eksamener er bare små spørsmål som krever kun pugg og ikke egen refleksjon".¹³⁸

"Det er viktig å gi utdanning til eliten og utvikle deres kritiske refleksjon, for dersom du ikke utdanner de vil den samme eliten likevel være der. Men du får da ingen endring og utvikling i systemet. Så enten utdanner man eliten til å vise vilje til endring eller så gjør du ingenting og eliten er der likevel og holder lokk på all utvikling".¹³⁹

Ei rekke erfaringar signaliserer at kandidatane på NORAD stipendprogram utviklar eit sjølvstende som hjå mange ikkje var framtrødande før etterutdanninga. Evna til kritisk tenking, refleksjon og mot til å gå inn i diskusjonar er noko av utbyte ein har høve til å hauste etter utdanning utanfor sitt eige system. Verdsbanken påpeikar også verdien av kritisk refleksjon som ein avgjerande faktor for utvikling: "It is self-evidently the case that the entire development process hinges on the availability of a critical mass of well-trained personnel, especially in the context of rapid globalisation".¹⁴⁰ Det kan samstundes argumenterast for at sjølvstende i høve til å stå for eigne meiningar og evna til å ha eit kritisk perspektiv er noko kandidatane ville ha utvikla i sine eigne land ved høgare grads universitetsutdanning der. Kritisk tenking er ikkje i særleg grad inkludert i det norske lågare gradssystemet heller. På den andre sida er det akkurat problemene ved høgare utdanning i utviklingsland som har vorte understreka i den store verdsbankundersøkinga. Universitetsutdanninga i dei

¹³⁵ Samtale med 1C, 24/10-03.

¹³⁶ Samtale med 2B, 10/9-03.

¹³⁷ Samtale med 4A, 26/8-03.

¹³⁸ Samtale med 1A, 26/8-03.

¹³⁹ Samtale med 1C, 24/10-03.

¹⁴⁰ al-Samarrai og Bennell 2003. Sjå s. 89ff og s. 100.

fire afrikanske landa som vart undersøkt tilfredstiller ikkje relevanskravet studentane sjølv har. I tillegg er det viktig å påpeike at det personlege utbyte kandidatar frå Sør får ved etterutdanning i Noreg er noko av det som blir vektlagt i den norske kvalitetsreforma si oppmoding til norske studentar om å studere utanlands.

Det å utvikle eit større perspektiv på sin eigen kultur, internasjonale forhold og samanhengar på mikronivå til dømes i samband med forholdet overordna/underordna er også mellom erfaringsgrunnlaget norske institusjonar har med kva som er med å påverke stipendiatane etter studieopphaldet er forbi. Nett det set fleire sentrale norske aktørar ord på:

"Mange studenter sier at det er viktig å komme bort hjemmefra for å få andre perspektiv på ting de trodde var riktig for eksempel, og i tillegg er det verdifullt å møte studenter fra andre land. Det har en enorm effekt å se at studenter fra Pakistan og India finner hverandre hvert år. Det har ikke direkte med utdanninga å gjøre, men i løpet av studieoppholdet finner de ut at de har faktisk mer felles en de har med studenter fra andre land. Spinup effekter som det er viktig. Det gir rom for en annen form for refleksjon. Det var en student fra Butan som sa "every minute in Norway is a minute of learning".¹⁴¹

"Studentene kommer hjem med nye ideer som de får bruke. De ser at det går an å jobbe og undervise i grupper blant annet. De lærer ikke bare det faglige innholdet, men undervisningsteknikker også".¹⁴²

"Jeg vil også si at det er viktig at de har vært her og sett hvordan det drives her. Det er jo ofte helt annerledes enn det de er vant til, for eksempel angående korrupsjon. Mange har sagt det etter endt utdanning her at de har lært å drive jobb og politikk på en helt annen måte enn før. De har altså lært moral i tillegg til teknologi. Og jeg vil også si at vi har lært veldig mye av stipendiatene. De har bidratt med mye fra sitt hjemland og sin institusjon sånn at vi har fått et mye større perspektiv på ting. Så det har ikke vært noe enveis".¹⁴³

"Jeg tror mange opplever den kulturelle biten ved læring. Vi ser for eksempel at den norske universitetspedagogikken er annerledes for mange enn det de er vant med fra sine hjemland. Noe vi strever mye med er dette med kritisk læring, at de skal kritisere, skape sin egen kunnskap, lage sin egen arena og sørge for sin egen læring. Vi har noe typisk kateterundervisning vi også, men vi har da mer annet enn de er vant til. Dette med studentdemokratiet, forholdet til studentveiledere og forelesere er også veldig annerledes for dem. Mange er redd for å banke på døren til veilederen sin. De har en helt annen tilnærming til mennesker og særlig til lærere og veiledere. Det er også en veldig stor læringsbit, det at de tør å sette spørsmålstejn og innser at de lærer noe her for siden å lære mer. Jeg ser godt at de her får en fin base for å lære mer og lede og administrere. Mange av studentene sier også det at de synes de lærer veldig mye av vår måte å undervise på, og hvordan hele universitetet er organisert. De føler det som en eye-opener. Vi ser veldig godt på kursevalueringene våre at de lærer noe av den biten også. Når de skal evaluere det første semesteret er det mye tusen takk og alt er bare bra. Men så etter hvert utover i studiet på evalueringene kommer det opp mer kritiske ting".¹⁴⁴

"Jeg har besøkt mange i Nepal og India som venner, men også da fått sjansen til å se hvilken jobb de har gjort. Jeg har også vært engasjert i utviklingsspørsmål mye selv, og funnet ut at her er det noe som ikke er lettvis, men som bærer frukter. Det er både personer som utvikles og prosjekter, infrastruktur, mulighetene til å bruke naturressurser på en fornuftig måte og annet utvikles i landene i Sør. Jeg mener det har en stor utviklingseffekt slik undervisningstilbudet er her i Norge".¹⁴⁵

¹⁴¹ Samtale med 6A, 25/8-03.

¹⁴² Samtale med 1B, 8/9-03.

¹⁴³ Samtale med 5A, 26/8-03.

¹⁴⁴ Samtale med 4B, 10/9-03.

¹⁴⁵ Samtale med 6A, 25/8-03.

"Vi bidrar også til å styrke internasjonale kontaktapparater mellom landene i regionene. Inderne får ikke bare bli kjent med folk fra Nepal, men de får også mulighet til å lære den kulturen og næringskulturen spesielt i det landet. Det er jo forskjeller i alle land, og dette er helt nødvendig kunnskap å ta med seg. Det bidrar naturligvis til et bedre samarbeid når de kommer til sine hjemland og blir sjefer i hvert sitt land og skal samarbeide på hver sin side av bordet. (..)
En person som er her er den viktigste personen fra indisk side når det nå straks skal settes i gang et stort vannprosjekt som går mellom India, Nepal og de fire-fem andre landene rundt. Han har truffet den ansvarlige personen for vannprosjektet for Nepal her på kurset, og de har nå en ypperlig mulighet til å diskutere det og knytte kontakter. Så går de tilbake til sine land om to år og da er det kanskje de samme to personene som møtes rundt bordet for å diskutere prosjektet. Det er et prosjekt der Nepal skal produsere strømmen, men den skal bli brukt i India for Nepal klarer ikke å konsumere alt de produserer selv".¹⁴⁶

"Ja, det er ikke bare på studiet de lærer noe. Men også ved å være en del av det norske samfunnet. For eksempel det egalitære norske samfunnet. Et eksempel er en student fra Sri Lanka som hadde vært på ekskursjon i buss. Han kom til meg etterpå og sa forundret at bussjåføren faktisk spiste sammen med deltakerne på ekskursjonen. Gjør han ikke det i Sri Lanka sa jeg. Nei ikke tale om, sa han. Der må buss sjåføren sitte for seg selv på en billigere restaurant. Det er noe som imponerer studentene. Og jeg synes det er et stort poeng at man skal lære å behandle alle likt og høflig uansett posisjon. De blir imponert og forundret over at professoren koker sin egen kaffi for eksempel".¹⁴⁷

"Når det gjelder aspektet med kulturell læring så er det viktig at de kommer og ser et annet miljø. De oppdager jo at det ikke er himmelrik på jord her heller, men de ser at tingene er forskjellig fra hva de har hjemme. Det gjelder på utstyr, infrastruktur, organisering og effektivitet i en kostnadsanalyse. Men de ser også at det menneskelige aspektet det taper man noe på i vårt samfunn i forhold til hvordan de har det selv. Jeg tror at når de kommer tilbake så er det verdifullt at de har vært her og sett at man gjør ting annerledes her, og det kan kanskje på sikt stimulere til å endre dersom man kommer i posisjon til det hjemme".¹⁴⁸

Til sist er det interessant å merke seg at summen av den faglege og menneskelege kapasitetsauken stipendiatane har høve til å få med seg gjør fleire ei høgare sjølvrespekt og dermed tillit til sine eigenskapar. Dette er faktorar som kan spele ei stor rolle i kandidaten si evne til å forankre sin kompetanse i utviklingsfremjande arbeid og tenking i den lokale kontekst. Ein av kursarrangørane har erfart konkrete resultat:

"Blant menige ingeniører er det også vokst frem en selvrespekt. Noen av våre tidligere studenter tok blant annet initiativet til å etablere en interesseorganisasjon, Nepal Hydro Association, for vannkraftingeniører. De organiserer seminarer og mye annet, og de har en enorm selvaktelse som ikke fantes for ti år siden. Det å mene at de kan noe og har noe å fare med og kan matche de fleste, den selvrespekten har de fått her. De kjenner de som betyr noe og kjenner andre som betyr noe. Vi har fremdeles ganske mange nepalesere her som et resultat av dette. Erkjennelsen av å kunne få opprykk på grunn av sin faglige kompetanse og ikke på grunn av politisk og pengenepotisme har økt etter å studert ute. (..)Hydrolab for eksempel som er et privat selskap hadde ikke kunnet være mulig uten de folkene som har vært her og den interaksjonen vi har hatt med dem etterpå nettopp fordi de har vært her. I Etiopia er det noen som har begynt å jobbe litt for seg selv i samarbeid med utenlandske firmaer. For eksempel en som leder Norplans arbeid der. Han hadde aldri villet kunne dra dette i gang dersom han ikke hadde vært her. I Uganda er det tilsvarende kontorer der tidligere

¹⁴⁶ Samtale med 2A, 25/8-03.

¹⁴⁷ Samtale med 1A, 26/8-03.

¹⁴⁸ Samtale med 3B, 8/9-03.

studenter har slått seg sammen med lærekrefter herfra. Så det er en del blomstrende aktiviteter. (..) De aller fleste som uttrykker seg overfor meg, sier at det har vært to spennende år, at de har lært mye og at det har vært veldig nyttig for dem i deres videre arbeid. De har en ballast og selvsikkerhet som de ikke får ved utdanning hjemme".¹⁴⁹

Denne lærdomen kan knytast til nokre refleksjonar om kva nytteeffekt stipendprogrammet har i utviklingslanda. Basert på det innsamla materialet synes stipendiatverksemda å kunne medverka til kapasitetsbygging og styrking av kompetanse på individuelt og institusjonelt nivå. Behovet er stort for kompetente leiarar og høgt utdanna personell innan politikk, administrasjon, utdanningssystem og private organisasjonar i mange utviklingsland som ofte elles synes å vere avhengig av kompetanse henta inn frå andre land. NORAD stipendprogram synes såleis å medverke til å styrke den faglege kapasiteten i sektorar som er relevant for vidare utvikling i landa i Sør. I tillegg kan stipendiatverksemda argumenterast som gunstig i høve til å gje personell frå utviklingsland moglegheit til å påverke det sivile samfunnet ved å medverke til å auke fokus på etikk, likskap og ei profesjonalitet som tek omsyn til og inkluderar lokalsamfunna. Ved styrka kritisk refleksjon kan også stipendiatane ha effekt som agentar for å reise sosiale og etiske spørsmål i samband med framtidige design av utviklingsrelaterte problemstillingar og prosjekt. Ein kan difor argumentere med at utdanning er meir langsiktig bistand enn til dømes bygging av infrastruktur, men samstundes er nasjonane avhengig av velfungerande infrastruktur for å kunne nytte den auka kompetansen maksimalt på alle nivå. Det er likevel eit viktig poeng å sjå utdanningstiltak i eit langt tidsperspektiv i viten om at ein ikkje kan fjerne den personlege utviklinga av fagleg og mental kapasitet som kandidatar opplever.

"Da jeg kom inn i bistand, jeg har jobbet for Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan på midten av 1970-tallet da det var et ganske stort distriktsutviklingsprogram der. Og de hadde jo hatt borgerkrig i Sudan som siden kom tilbake. Så det eneste vi trøster oss med som var der og bidro til dette det var nettopp at det vi hadde klart å putte inn i hodene til sudaneseerne, viss de fortsatt var i live, det er det som er av varig verdi. Selv om de kanskje ikke får brukt alle disse kunnskapene med det samme så gav det dem kanskje noen holdninger og tanker om hvordan ting kan gjøres dersom de ytre forhold legges til rette. Men det er klart man kunne ønske raskere resultater, men jeg tror det er slik med all utvikling. Vi her hjemme har det rimelig greit og regulert, men vi må innse at slik er det ikke alle steder, og vi må derfor akseptere tingene slik de er".¹⁵⁰

Spørsmålet om nytteeffekt bør etter vår meining også knytast opp mot ei meir kritisk vurdering av etterbruken av stipendiatane. Grimstad hadde ein intensjon om å best

¹⁴⁹ Samtale med 6A, 25/8-03.

¹⁵⁰ Samtale med 3B, 8/9-03.

mogleg ta vare på den kompetansen Noreg hadde investert i, og samstundes utnytte potensialet i den ressursgruppa dei heimvendte stipendiatane er. Idear om gjensidigheit, likeverd og likskap er relevante i diskusjonen om stipendiatorordninga sin moglege nytteeffekt, og etterbruken avgjer kanskje kor langsiktig og mangfaldig verdien og effekten er frå verksemda. Me kjem tilbake til dette i neste kapittel .

4.4. Kva skjer med stipendiatane – nokre konkrete døme

Innleiingsvis i dette kapittelet kom det fram at enkelte institusjonar har opparbeidd ei nærare kjennskap til ferdige stipendiatar enn andre. For kort å skildre den sida av det norske erfaringsgrunnlaget skal me her gje døme på institusjonar sin konkrete kjennskap til kva som skjer med enkeltstipendiatar etter endt studieopphald i Noreg. Me vil ikkje drøfte dei konkrete erfaringane, men skildre dei for å stimulere til refleksjon og drøfting av korleis ein kan nytte stipendiatane som ressurspersonar seinare. Vonleg kan opplysningane vere tenlege som grunnlag for vidare undersøkingar og direkte kontakt med stipendiatar.

Margareth Kyakuwa frå Uganda har vore stipendiat ved Senter for Utviklingsstudier i Bergen på sosialantropologikurset i Human Ecology. Ho arbeider no som junior lecturer ved Makerere University. Kyakuwa rettleia eit ukjent tal av studenter, derimellom ein norsk student. Ein av dei tilsette ved SFU, UiB vitja nyleg dei tidlegare stipendiatane i Uganda og skriv i sin reiserapport:

"Den norske studenten kunne ikke rose henne nok. Margareth innrømmet også at hun hadde et spesielt forhold til de norske studentene all den tid hun hadde vært der selv. Margareth fikk sluttkarakteren A+ (1.9) da hun tok sin Master i 2002. Den beste på sitt kull. Hun er enslig kvinne og har greid å skaffe seg en høy posisjon ved Makere, hun har kjøpt seg en liten bil og hun er i ferd med å bygge seg et eget hus. Dette mente hun selv at hun aldri hadde greid uten den erfaringen hun fikk som NORAD stipendiat og den ballasten den ga henne. Har søkt om å bli tatt opp som PhD student ved UiB".¹⁵¹

Eria Olowo Onyango er også tidlegare NORAD stipendiat ved Human Ecology programmet i Bergen. Han er no junior lecturer ved Makerere University, og undervisar omtrent 750 studentar. Han uttrykte fleire gonger at studiet i Noreg hadde vore viktig for han, og han har skrive ned nokre av sine erfaringar som NORAD stipendiat.

"These are some of the things the NORAD scholarship did and meant to me:

¹⁵¹"Reiserapport fra Uganda", Senter for Utviklingsstudier, UiB, november 2003.


1. I was able to attain a higher qualifications than what I had originally got in Uganda. This has particularly enabled me to be able to teach effectively in Makerere. Infact, Makerere University does not offer degrees in Social Anthropology and the NORAD scholarship enabled me to have that opportunity of mastering in Anthropology, a chance I wouldn't have had if the scholarship was offered in Uganda.

2. By going to Norway, I was not only able to learn the subject matter of Anthropology but also to practically undergo the experience of living in another culture. This enabled me to comprehend the diversities that exist across human societies since there I mixed with the students from different parts of the world. I was able to appreciate these diversities, hence, opening up my horizon which was otherwise restricted to the Ugandan and African situation. This has opened me up to a rich world of experience which very much informs my teaching at Makerere. Many of the examples I give in class involve sharing with my students personal experiences of what goes on in other cultures, something which I wouldn't have got if I persued the MPhil in Makerere.


3. Generally university education is about making a contribution to the existing pool of knowledge. The Norad scholarship enabled me to achieve this in two major ways. First of all, it provided me with the opportunity to go and live in a culture other than my own, in this way I have managed to acquire certain skills, ways of reasoning and looking at things which are different from the Ugandan ways, hence, it makes me an authority of sorts in expressing issues of diversity in the department of sociology and

social anthropology, surely after that course my contribution in the department is really felt. Secondly, the NORAD scholarship availed me with the rare opportunity of meeting face-to-face with one of the leading professors of the discipline in our time. My meeting with Professors, Fredrik Barth, Andrew Vayda, Gunnar Haaland, Bruce Kapferer, Leif Manger to mention but a few equipped me with the rare confidence that my colleagues at the department who only read about them will never have. This has heightened my contribution to the pool of knowledge and most effectively, teaching at the University. Particularly, the research methods that I shared with them, enhanced my confidence and practice of doing research. When I returned from Norway and gave a few papers on research, I was immediately asked to begin teaching research methods, and as I write now, even the School of Fine Arts at Makerere has asked me to take up teaching of research methods there. All this I attribute to my experience in Bergen, and particularly, getting words from the horses mouth".


På førespurnad gjorde Hydropower Development, NTNU nokre klassebilete tilgjengeleg med dels utfyllande opplysningar om korleis det går med tidlegare stipendiatar og deira arbeidssituasjon.




Khalid Reuben James og George Michael Nderingo var stipendiatar ved HPD i 1997-1999. Dei er begge tilbake i Tanzania i dei same institusjonane som dei arbeidde ved før noregsopphaldet. Dei har fått utvida ansvar og høgare posisjonar innan sine institusjonar.



Kamal Laksiri frå Sri Lanka og Resham Dhakal frå Nepal er også uteksaminert i 1997-1999 kullet ved HPD. Laksiri har i vel to år arbeida på eit nytt utbyggingsprosjekt i Sri Lanka i ei betre stilling enn den han hadde før. Dhakal har opparbeidd spesialkompetanse i sitt firma på bakgrunn av si masteroppgåve om kraftlinjebygging. Han har også fått ei betre stilling enn tidlegare.



Thinley frå Bhutan var ferdig med sin mastergrad i 1998. Han er i dag driftssjef for eit kraftverk i Bhutan og har ein svært ansvarsfull jobb.




Vietnamesaren Vu Huu Phuc gjekk ut i 2002 og har fortalt at han hadde vorte forfremma eit halvt år etter heimkomst. Han blir verdsett på grunn av den tekniske og faglege kompetansen han har tilegna seg, men like viktig var det at han var blitt god i engelsk så han fungerte no som kontakten med utlandet i sitt selskap.




Pravin har eit treårig engasjement i eit fagtidsskrift i England: *Hydropower & Dams*.

Krishna er tilbake i Trondheim for dr. ing. studier. I følge Sandvik har han ei "høg stjerne" hjå leiinga i firmaet han er tilsett i, Himal Hydro i Nepal.

Begge to var kandidatar i kullet 1996-1998.




Meg Bahadur Bishwakarma frå Nepal studerte ved NTNU 1996-1998. Han reiste tilbake til Nepal i 1998, og arbeida ved Hydro Lab i perioden 1998-2002. I januar 2002 kom Meg tilbake for å ta dr. ing studier i Trondheim.



Narayan Pokherel vart uteksaminert i 2002. Han arbeidar i dag hjå Bhutwal Power Company Ltd i Nepal som Acting Manager of Engineering Consultancy Division. Han skriv at BPC har vorte privatisert, noko som har resultert i ei vanskeleg omstillingstid.

Nedanfor vert den utfyllande e-posten frå den tidlegare stipendiaten Emmanuel Jiunju frå Uganda gjengjeve. Han studerte Hydropower Development i 2000-2002, og har sidan arbeida i heimlandet, men under ulike arbeidsgjevarar. Han gjer eit

informativt innblikk i korleis ein tidlegare NORAD stipendiat har utvikla seg etter endt studieopphald i Noreg.



"Ever since I left Norway, I have had a wonderful experience career-wise. As I wrote to you earlier, the course provided me with increased capacity to work in the electricity and water resources sectors. Before I left Uganda to come and study in Norway, I was working with a private consultant (Kagga and Partners) and it is to private consultancy that I returned, but this time I joined NORPLAN in Uganda, which is a subsidiary of NORPLAN AS of Norway. My joining this company was mainly as a result of the interaction I got with NORPLAN while working with my thesis which was related to a problem they wanted to deal with, regarding a project in Uganda.

While with NORPLAN Uganda, I participated in both water and electricity projects. I participated in preparing strategies for water supply to Rural Growth centres, I participated in writing 2 winning proposals, one for the reform of the water resources management Division, and another for Construction of small dams and tanks for water supply meant for livestock. I was the lead in writing the latter. However the most interesting project that I participated in was the Uganda Alternative Energy Resources Development Program study, in which I was the local hydropower engineer. Under this study, we evaluated over 12 potential hydropower sites for supply to some of the energy "starved" districts of Uganda. We went on to make a prefeasibility study for the 3 most promising.

I left NORPLAN and joined The Electricity Regulatory Authority (ERA) of Uganda. With ERA my continuous participation in the Electricity Sector is guaranteed, which would not be the case in the consultancy where I worked because the market is still small and the jobs do not always come by, implying that there would not always be opportunities to work with Hydropower and other energy projects.

In ERA, I was as the Assistant Engineer in charge of projects. The purpose of my job is to do a feasibility evaluation of technical plans of new applicants and making recommendations for improvement where necessary, reviewing investment plans of licences and recommending changes or approval, develop supply and demand side management data and performance benchmarks, working with stakeholders to identify new developing amendments to policy, legislation and regulations.

The responsibilities are quite challenging. I hope that I will rise to all the tasks. We have just restructured the energy sector in Uganda, and our organisation needs a lot of capacity building since Regulation of the Electricity Sector is a new thing here. We are in the cooperation with NVE and I believe that we could also use some cooperation from NTNU if the policy exists. In the past there was cooperation between NTNU and the Uganda Electricity Board (UEB). UEB was disbanded to allow entry on the private sector in electricity production. This was done during the reform process that also set up ERA".¹⁵²

¹⁵² E-post frå Emmanuel Jjunju til Hydropower Development, NTNU. 25. september 2003.

Dette er berre nokre få døme frå materialet NTNU gjorde tilgjengeleg. Namn og opplysningar om resten av stipendiatane i klassane, samt andre klassar kan gjerast tilgjengeleg.¹⁵³

¹⁵³ Ein kan kome i kontakt med tidlegare kandidatar og deira arbeidsgjevarar ved til dømes å kontakte desse institusjonane som samarbeider med NTNU Hydropower Development og som har utdanna fleire av sine tilsette i Trondheim: I Nepal: Hydro Lab. General Manager Pratik M. S. Pradhan er ein tidlegare HPD kandidat. Ein annan tilsett ved Hydro Lab som er uteksaminert i Trondheim er Tulsi P. Phuyal. Telefon: + 977 14 543195 og fax: +977 14 543195. Himal Hydro. General Manager Shiva Kumar Sharma er tidlegare HPD diplomkurskandidat., nettstad: www.himalhydro.com.np). I Bhutan: Bhutan Power Corporation (BPC) og Department of Energy (DoE), Ministry of Trade and Industries, Royal Government of Bhutan. Managing Director BPC og Director DoE): Mr. Sona, Tshering. Tidlegare HPD kandidatar er Dorji Namgay og Tashi Dorjee.

KAPITTEL 5. STIPENDIATANE SOM RESSURS – KORLEIS BLIR DEI BRUKT?

I 1981 vart det presisert at opplæringstiltak skulle medverke til å gjere utanlands bistandspersonell overflødig. Gjennom utdanning til landet sine eigne folk ville ein sikra norskfinansierte prosjekt vidare i samarbeidslanda.¹⁵⁴ Planen var at stipendiatane slik kunne kome NORAD til gode ved å bygge opp under og styrke dei øvrige norske bistandstiltaka. I tillegg skulle verksemda medverka i utviklinga og vidareføringa av mottakarlanda. Det tilgjengelege arkivmateriale syner ikkje at dette har vorte fylgd opp, og i 1993 vart det på ny aktualisert gjennom Per Ø. Grimstad si lansering av "Norgesaksen".¹⁵⁵ Kva vert så heimvendte NORAD-stipendiatar brukt til? Kva erfaringar har norske institusjonar med nyttegjering av stipendiatar som den ressurs dei er i norske samarbeidsland? Dette er også, som sagt, direkte knytt til den reelle utviklingseffekten stipendiatverksemda kan ha: Kva er norske aktørar sin oppfatning om Stipendprogrammet sin utviklingseffekt på både individnivå og institusjonelt nivå? Sistnevnte spørsmål inngår som ein del av mandatet til denne studien. Spesialrådgjevar Skjerdal problematiserte stipendiatverksemda i 1981, og hans spørsmål kan aktualiserast på ny:

"Bør stipendiatstøtten primært benyttes som komplementær bistand til utførelse og oppfølging av igangværende og avsluttede bistandsprosjekt/programmer, eller bør den stå på egne ben med en selvstendig begrunnelse og en videre anvendelse?"¹⁵⁶

Direksjonen i NORAD konkluderte i 1981 med at stipendiatverksemda måtte utnyttast til å bygge opp under og støtte bistandstiltaka elles. Målet med dette kapittelet er å skape refleksjon i høve til kva ein vil stipendprogrammet skal vere i framtida, ved mellom anna å vurdere historiske bistandsstrategiar i praksis. Kva var og er altså praksisen på bruk av stipendiatane etter at dei vart uteksaminerte?

¹⁵⁴ NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen: "NORAD's stipendiatvirksomhet", 24.september 1981.

¹⁵⁵ Omgrepet "Norgesaksen" dukka opp i 1992 og var eit initiativ for å stimulera norske institusjonar og organisasjonar til samarbeid med tilsvarande einingar i utviklingsland. Hovudmotivet var å auke kvaliteten på norsk bistand, men eit anna viktig motiv var å arbeide for det gamle målet om at bistand skulle føre til gjensidig utnytting og utveksling "mellom likeverdige parter". Liland og Kjerland 2003, s. 161.

¹⁵⁶ Ibid, s. 2.

5.1. Bruk av stipendiatane – Norgesaksen i praksis

Me har tidlegare drøfta oppfølgingstiltak initiert frå norske bistandsstyresmakter, og me har sett at Grimstad sin nettverksidé (NFN) skilde seg ut frå tidlegare initiativ. Me har og sett at det ikkje gjekk lenge før konseptet fall saman. Dette skjedde omlag samstundes med at initiativtakaren vart avløyst av ny NORAD-direktør i 1996. På denne tida var òg stipendiatverksemda flytt til ein ny avdeling. Før NFN vart lagt ned fekk informasjonstenesta i NORAD gitt ut eit nummer av nyhetsbrevet *Connexion* som skulle sendast til tidlegare stipendiatar. Der står det mellom anna å lesa:

“This new concept within the Norwegian Agency for Development Cooperation (NORAD) is seeking to give added-value to the Norwegian scholarship programmes which have been in existence for several decades. The objective of the Network is to utilise the potential inherent in the former NORAD Fellows, a group of resource persons who, at some point in their lives, established a professional connection with Norway. (...) They represent a resource group with potential which should be utilised further, for mutual benefits for Norway, for NORAD's partner countries in the South as well as for the individual scholars themselves”.¹⁵⁷

Grimstad sitt initiativ ville medverka til at tradisjonell utviklingshjelp vart erstatta av eit utviklingssamarbeid som både partar kunne dra fordelar av. Slik ville tilhøva landa i mellom verta gjensidig og fortsette å eksistere.¹⁵⁸ Ei nyttegjering av kandidatane ville såleis vere å praktisere ideane med Norgesaksen. Representantar for norsk næringsliv støtta initiativet fullt ut, og Bjørn A. Nordby, visedirektør i Eeg-Henriksen Group si utanriksavdeling, understreka det positive med eit nettverk som skulle gjere det lettare for alle involverte partar å oppnå, utvikle og oppretthalde kontakt. Han påpeika at bruken av bistandsmidlar ville få tilført ekstra verdi ved eit slikt nettverk for oppfølging og etterbruk av kandidatane.¹⁵⁹ Men, som ved tidlegare initiativ skulle det heller ikkje no fungere. Dei rapportane som hadde konkludert med at NORAD burde nytte seg av det norskutdanna personellet i utviklingsland hadde ved tidlegare høve ikkje kome lenger enn til papiret, og på ny var det der det stansa.

Dei to representantane frå Noregs landbrukshøgskule, Dag Guttormsen og Kristoffer Haugum uttrykte at deira erfaring med NORAD var nettopp det at utdanningsprosjekt vart lågt prioritert i Direktoratet.¹⁶⁰ Dei meinte også at NORAD såg opplæringstiltak isolert i høve til annan bistandsverksemd noko som medverka til at til dømes oppfølgingsinitiativ ikkje vart realisert. Jan Arne Munkeby, dåverande

¹⁵⁷ NORAD Informasjonstjenesten: *Connexion*. A NORAD Fellows Network Bulletin, s.1, 1995.

¹⁵⁸ Ibid. Sjø Grimstad sitt leiarinnlegg i *Connexion*, s. 2.

¹⁵⁹ Ibid, s. 3. Nordby i intervju med *Connexion*.

¹⁶⁰ Ibid, s. 4.

ambassadør i Botswana, uttala i intervju med *Connexion* at han aldri hadde opplevd tilfeller av at tidlegare stipendiatar hadde vorte brukt i samband med norske prosjekt. Han var elles positiv til å arbeide for at utestasjonane skulle ta vare på nettverket og dei tidlegare stipendiatane då det på hans ambassade ikkje ville by på nokon problem å oppretthalde kontakt:

"I can't see any problems whatsoever when it comes to organising a reception or similar events. As to the possible contents of such gatherings, we have a number of information activities which could be integrated, e.g. lectures about Norway or the programme "Norway Now" from the Norwegian Ministry of Foreign Affairs".¹⁶¹

Sentrale aktørar i NORAD meinte, som me har vist, at ein ikkje kunne påleggja utestasjonane slikt arbeid. Arbeidsbyrda dei hadde var allereie stor. Spenningane i høve til NORAD heime og ute, som er drøfta i eit eige kapittel, ser me såleis att i spørsmålet om bruken av stipendiatane. Interessa for å følgje opp er ikkje forankra i meir enn nokre få tilsette ved NORAD sitt heimkontor, og utestasjonane sine aktivitetar vert såleis styrt av varierende interesser hjå dei enkelte ambassadørar. Me går difor vidare for å sjå kva stipendiatane sjølve meiner om å bli brukt i norske prosjekt og likeeins kva nokre faginstusjonar har erfart i samband med dette.

5.2 Etterbruk og frustrasjon

Har NORAD ikkje tru på sine egne prosjekt? Har NORAD ikkje tillit til stipendiatane dei har finansiert etterutdanninga for? Dette er spørsmål fleire stipendiatar har teke opp i samband med den manglande etterbruken av heimvendte stipendiatar i NORAD finansierte prosjekt. Sosialesekretæren ved NTNU opplevde at dette var eit heilt sentralt tema og ikkje minst kjelde til frustrasjon mellom kandidatane då ho snakka med nærare 40 av desse i Tanzania i 1992.¹⁶² Tidlegare NORAD stipendiatar i Sri Lanka og India gav uttrykk for det same. Deira interesse for å bli brukt i norskfinansierte prosjekt og som "dørøpnarar" i heimlanda sine var stor, men moglegheitene dei fekk var få.¹⁶³ Kandidatane i Tanzania kunne gje døme på fleire situasjonar der dei meinte sjølve å vere kvalifisert for arbeid, men det dei opplevde var at det alltid vart henta inn ekspertar frå Noreg.

¹⁶¹ Ibid, s. 3.

¹⁶² NTNU: "Rapport fra studiereise til Tanzania 18.11-2.12 1992". Av Turid Bræk, sosialesekretær.

¹⁶³ "Studietur til India og Sri Lanka", av Tony Noonan, kursleder Shippingakademiet og Bård Sandvei, sosialesekretær Oslo.

"En av de gamle studentene, G. Njau, fortalte at når NORAD trenger en ekspert til å gjøre noe i Tanzania så går de ikke og ser etter lokale eksperter som er utdannet i Norge, men de henter inn folk fra Norge. Han sa at i akkurat det ene spesielle tilfellet der var han selv ekspert i det som trengtes, og i tillegg kjenner han kulturen. Men norske ble hentet inn".¹⁶⁴

"Prosjektet blir jo også mye dyrere når de henter inn norske når det faktisk finnes ypperlig kompetanse på stedet. Så det er jo misbruk av ressurser".¹⁶⁵

"NORAD kan heller ikke argumentere med at de trenger noen som kan tenke litt norsk, for stipendiatene har vært i Norge mellom to og fem år, da noen også har tatt doktorgrad. Så de kjenner jo norsk tenkemåte også".¹⁶⁶

"Jeg tenker at hvis vi ser for eksempel på Nepal ville det ikke da være interessant å samle studentene som har vært i Norge for i det minste å ha en oversikt over hvem de er, hva de jobber med, og hvilke ressurser de kan være i de prosjektene Norge har i de ulike landene. Det er jo så enkelt å samle den informasjonen, og nå har de til og med nettverk av studenter i noen land som gjør det enda enklere. Jeg tenker at hvis da Statkraft kommer til Nepal og skal ha et prosjekt så kan man straks finne frem til hvem som er i Nepal og jobber med slike ting og til og med har bodd i Norge og har en kulturbro inne. Det er folk som forstår til og med noe så banalt som hvordan en nordmann har det i Nepal, som da kan være nyttig for de norske bedriftene.

Jeg synes det er underlig å oppdage når vi er rundt på ambassadene og snakker med de som har ansvar for utdanningsporteføljene at de setter det veldig lite i perspektiv og i sammenheng med andre ting som skjer på ambassaden".¹⁶⁷

Materialet signaliserer at både heimvendte stipendiatar og norske faginstitusjonar etterlyser ei meir aktiv etterbruk av stipendiatane. Det er imidlertid nokre kursarrangørar som både har god erfaring på området og som har vore meir aktive rundt det å formidla kontakt mellom kandidatar og norske bedrifter. Sjølv om det helst gjeld teknisk sektor, er deira gode erfaringar vel verdt å merke seg:

"Det er mange bedrifter som kontakter oss dersom de skal ha en jobb i utlandet. Da ringer de hit for å få kjennskap til våre kontakter som de da kan benytte seg av som døråpnere. De norske bedriftene synes det er meget verdifullt med disse kontaktene når det vet at det er kontakter som er utdannet i Norge. Dette har skjedd i India, Sri Lanka, Vietnam, Etiopia, Zambia og Uganda. Så norske firma som prøver seg ute er interessert i kandidater som har vært her".¹⁶⁸

"Et annet eksempel er norske bedrifter som mer og mer får kontrakter i utlandet. Det kan være demningsprosjekter eller innenfor petroleumssektoren og mye annet. Har vi utdannet stipendiatar fra et av de aktuelle landene for norske bedrifter er bedriftene interessert i å rekruttere stipendiatene som har norsk utdanning. Da er de norske bedriftene sikker på hvilken utdanning de har i tillegg til at de vet at stipendiatene vet en del om norsk kultur også. Dette samarbeidet innenfor næringslivet er smertefritt fordi man kjenner igjen kultur og utdanning. Norplan og ABB har rekruttert flere i forskjellige land".¹⁶⁹

¹⁶⁴ Samtale med 1A, 26/8-03.

¹⁶⁵ Samtale med 4A, 26/8-03.

¹⁶⁶ Samtale med 1A, 26/8-03.

¹⁶⁷ Samtale med 4B, 10/9-03.

¹⁶⁸ Samtale med 8A, 25/8-03.

¹⁶⁹ Samtale med 2A, 25/8-03.

Delar av norsk næringsliv synes interessert i å utvikle eit samarbeid med lokal ekspertise, og har altså i ulike tilfelle realisert dette. Eeg-Henriksen sin representant kunne også gje døme på bruk av stipendiatar:

"Yes, I have myself made use of two former Fellows from NTH in Trondheim. This happened during a collaboration between Norconsult and ICE (Instituto Costaricense de Electricidad). The two Fellows had been studying hydro-power technology in Norway, and they had obtained knowledge and expertise within this field which they made use of in recommendations towards partners in Costa Rica".¹⁷⁰

Dei fleste er einige om at stipendiatane er ressurspersonar som mange vurderer som endringsagentar. Mot denne bakgrunnen er det tankevekkande at det berre kjem fram nokre få døme på etterbruk innan teknisk sektor knytt til norsk næringsliv. NORAD synes noko nølande til ei nyttegjeriing av ressursane dei har finansiert etterutdanning for, trass i at styrka nytteverdi av bistandsmidlane og auka utviklingseffekt er ein mogleg konsekvens av å auka bruken av heimvendte stipendiatar. Stipendiatane har ofte høve til å påverke som kapasitetar utover det faglege, noko som kan kome bistandsverksemd til gode mellom anna i høve til korrupsjon som i dag forvanskar utviklingsarbeid.

"Tove Strand hadde seminar her ved NTNU for to år siden der hun oppfordret til å jobbe mot korrupsjon. NORAD har jo ikke villet snakke om korrupsjon tidligere, men nå har Strand gått ut for å motarbeide korrupsjon. Det er noe studentene i årevis har fått lære her i Norge, og det har imponert dem stort at det går an å drive et land uten korrupsjon. Så dersom det i det hele tatt skal være håp om at noen skal motarbeide korrupsjon i hjemlandene deres så mener jeg at det letteste ville være å bruke de som har vært i Norge. De har i hvert fall fått en holdning med seg, for jeg sier ikke at de kan gå hjem og forandre på det med det samme".¹⁷¹

Ei rekkje spørsmål kan stillast i samband med det som synes å vere minimal etterbruk av kandidatane. På sikt er norsk bistand sin effektivitet, kostnadsomsyn og ikkje minst nytteverdi i utviklingsland tema som kan drøftast i høve til bruk av desse ressurspersonane som er finansiert av norske bistandsmidlar. Grimstad tok eit initiativ for ti år sidan, kvifor har det ikkje kome lenger i dag? Tida synes å vere inne til å drøfta Skjerdal sitt spørsmål frå 1981 på ny. Skal altså NORAD stipendprogram bygge opp under og styrke øvrige bistandstiltak eller skal ein sjå programmet i andre perspektiv?

¹⁷⁰ NORAD Informasjonstjenesten: *Connexion*. A NORAD Fellows Network Bulletin, s. 3. 1995.

¹⁷¹ Samtale med 1A, 26/8-03.

KAPITTEL 6. SPENNING FØR OG NO

Ikkje uventa har det vore ulike spenningsfelt i samband med stipendiatverksemda, i gjennomføringa av ulike vurderingsforslag, i tillegg til uro mellom ulike institusjonar involvert i NORAD stipendprogram. Ein av hovedproblemstillingane i mandatet gjeld erfaringar som sentrale aktørar i Noreg har hatt med Stipendprogrammet, og i den samanhengen kjem me inn på den spenning som norske aktørar har følt ovanfor NORAD, og i seinare tid SIU. Til slutt kort nokre problemstillingar som har vorte avdekka angående NORAD stipendprogram i høve Kvoteprogrammet. Dette er sider ved verksemda som sterkt opptek informantane som har delt sine erfaringar med forfatarane av studien. Noko som i seg sjølv legitimerer at stoffet, som fell på sida av mandatet, blir inkludert.

6.1. NORADs engasjement i stipendiatverksemda – heime og ute

NORAD sitt engasjement for stipendiatverksemda har endra seg både på heimekontoret og utestasjonane sidan etableringa av verksemda. For å kunne skildre spenningane som har eksistert best mogleg vil me nytta både skriftlege kjelder og munnleg intervjumateriale. Ei omtale av den fyrste perioden er likevel naudsynt for å skildre utvikling og vurderingsfaktorar.

Tida fram til midten av 1980-talet er som nemnt omtala som stipendiatverksemda sin gullalder. Det kjem mellom anna av at det skriftlege materialet tyder på ei sterk interesse for ordninga innan NORAD og øvrige norske bistandsstyresmakter på denne tida. Verksemda vert skildra som ei gunstig bistandsform med stort potensial for å oppnå nytteeffekt i utviklingslanda.¹⁷² Det vart difor lagt ned mykje arbeid på byrjinga av 1970-talet i å formalisere og etablere stipendiatverksemda i høve til utdanningsprogram der Noreg hadde spesielle føresetnader for å gje opplæring. Fokuset på 1970-talet var å etablere kursopplegg som ville styrke den verksemda som NORAD allereie var engasjert i og såleis medverke til kompetansebygging i utviklingsland.¹⁷³

¹⁷² Me har sett at det ikkje berre var som bistandsform stipendiatverksemda vart vurdert gunstig, men også som eit utnarikspolitisk diplomatisk verkty.

¹⁷³ NORAD: Notat, "NORAD Stipendiatvirksomhet", 1973, s. 11a.

NORAD hadde tidleg god kontakt med norske fagfolk og skildra det som eit "nært og godt samarbeid om opplæring av stipendiater".¹⁷⁴ Eit samarbeid vart fyrst starta med NTH i Trondheim og NLH på Ås, og den fyrste samarbeidsavtalen vart signert med Trondheim i 1973 og rørte i hovudsak kjemisk institutt ved NTH.

"Jeg kan si litt om hvordan det var til å begynne med. Da var vi to personer som bare jobbet med NORAD saker. Det var på kjemi, fordi de hadde et kurs på kjemi som starta i 1968 i papir teknologi. Flere av de på kjemi var veldig utviklingslands engasjert, derfor ble det opprettet et samarbeidsutvalg for NORAD og NTH. Vi kalte oss NORAD-kontoret ganske lenge.(...) Til å begynne med hadde vi bare kontakt med NORAD. Vi hadde nesten daglig kontakt med forskjellige personer der".¹⁷⁵

Verksemda ekspanderte kraftig på 1970-talet og både talet på stipendiatar og tilbodet av kursprogram i Noreg og i heim- eller tredjeland auka. På NTH starta stipendiatprogrammet Pulp and Paper Technology allereie i 1968. I løpet av ekspansjonen på 1970- talet vart papirteknologikurset raskt etterfylgd av kursa Hydropower Development og Electrical Power Distribution Systems i 1976, og sidan Petroleum Exploration i 1980 og Marine Civil Engineering i 1981.

Stipendiatverksemda var tilsynelatande ei bistandsform NORAD var stolt over og engasjert i. Det vart mellom anna synleggjort i årsmeldingane der NORAD stipendprogram vart omtala under eit eige kapittel, og ikkje minst i grundige gjennomgangar av verksemda i rapportar og direksjonsnotat frå 1970-talet. Det vart også skrive fleire pressemeldingar om verksemda. Informasjonstenesta ved NORAD nytta mellom anna i 1972 eit bilete av ein stipendiat i pressemeldinga i tillegg til ei rekkje konkrete døme på kven som kom for å ta sin etterutdanning.¹⁷⁶ Kan det vere at ei slik fyldig og til og med visuelt informativ pressemelding uttrykker den interessa for verksemda som fans i NORAD på denne tida, i tillegg til ynskje om å syne opinionen ei bistandsform direktoratet meinte gav gode og synlege resultat? Ser ein det i samband med den øvrige merksemda og arbeidet som vart gjort med stipendiatordninga fram til byrjinga av 1980-talet kan ein argumentere for nettopp det.

Formuleringa om at NORAD stipendiatane var ei prioritert gruppe ser ut til å gjelde på dei fleste område i denne perioden. Det er ei positiv formidling av stipendiatverksemda som dominerer når ein ser på ulike faktorar som omfang og ekspansjon, merksemd og vurderingar av ordninga. Me såg i den historiske

¹⁷⁴ NORAD: "Melding om Stipendiat- og kursvirksomheten 1978", s. 9. Oslo, 1. februar 1979 ved Rannveig Andersen-Rysst.

¹⁷⁵ Samtale med 5A, 26/8-03.

¹⁷⁶ NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: Pressemelding frå Informasjonstjenesten i NORAD 16/3-1972: "NORADs stipendiatvirksomhet gir impulser begge veier".

oversikten at også samfunnsvitaren Atle Hetland, som skisserte nokre kritiske punkt i høve til stipendiatverksemda, var einig i at ordninga var positiv og velfungerande.

i. Mot minska interesse?

Kritikken tok til å auka og merksemda minska frå midten av 1980-talet. Ei av omorganiseringane på midten av 1980-talet førte stipendiatverksemda over til US-avdelinga, og dei tok initiativet til ei meir grundig gjennomgang av ordninga med fokus på omlegging av midlane omkring hovudmålet som var å medverke til å bygge opp ei brei og varig kompetanse i Noregs samarbeidsland.¹⁷⁷ US ville i 1987 at stipendiatverksemda skulle inngå som ein del av eit større heile under omgrepet opplæringsbistand, og konsulentverksemda DECO med Desmond McNeill i spissen, vart hyra for ei kritisk gransking av dei ulike kursprogramma som fans med tanke på å legge meir vekt på aktivitetar og kursprogram i hovudsamarbeidslanda. Eit av NORAD sine formål med ei meir kritisk vurdering var å avgrensa talet på faste kurstilbod i Noreg.

I same perioden vart stipendiatverksemda redusert til eit underpunkt i NORAD sine årsmeldingar, og Jannicke Hestås Minken peikar på at arkivmaterialet etter verksemda også minka frå midten av 1980-talet.¹⁷⁸ Ut på 1990-talet fortsette denne utviklinga, og me såg at NORAD trappa ned drift av verksemda gradvis ved å avslutte sine eigarforhold til kursa. Som ei vidareføring av det vart forvaltninga av programmet overført til Universitetsrådet ved SIU i 1998. Tyder dette på at NORAD ikkje var interessert i å arbeide med denne bistandsforma i særleg grad lenger? Eller var dei strukturelle endringane i hovudsak eit teikn på behov for tilpassa prioritering av støtte til utdanning, og då særleg det utdanningspolitiske kravet om internasjonalisering av norsk høgare utdanning? Begge forklaringane er sannsynlege når ein vurderer det som er sagt om tankegangen bak utflyttinga av stipendprogrammet sin forvaltning:

"Det vi da gjorde var i tråd med hele internasjonaliseringen av høyere utdanning. Vi ønsket da at også våre studenter skulle være en naturlig del av universitetsmiljøene. Vi ønsket å stimulere universitetene til å utvikle egne kurs som også var attraktive for våre studenter, så kunne vi kjøpe plasser. Det var tenkningen. (...) Bakgrunnen var også at stipendprogrammet var en tung forvaltningsbit som vi ønsket å legge ut. Det var en ting, en annen ting var at vi mente at universitetsrådet var mye mer kompetent

¹⁷⁷ NORAD: "Om bruk av opplæringsmidler til videreutdanning", 21/10-1987, s. 6.

¹⁷⁸ Dette er også erfaringa etter dette studiet, men her må det samstundes påpeikast at tidspress har gjort det vanskeleg med svært grundige arkivundersøkingar.

enn det vi var til å vurdere kvaliteten av de søknadene som kom. Vi ville invitere og stimulere universitetene til å utvikle kurs, og da ville universitetsrådet være mer kompetent til å vurdere kvaliteten og se hvor vi skulle plassere våre penger og kjøpe plasser slik at vi slapp å forholde oss til det. Det var tankegangen".¹⁷⁹

Overføringa av forvaltninga var berre den siste av ei rekkje omorganiseringar og flyttingar av NORAD stipendprogram. Svært få personar innan NORAD har difor fått høve til å engasjera seg for stipendiatverksemda over lengre tid. Dei som enkelte merkte seg var engasjerte for verksemda var difor særleg interesserte fagfolk:

"Det er ikke så mange som er opptatt av det (stipendprogrammet). Noen er det, og da går det gjerne på deres fagfelt som for eksempel Erik Jacobsen som hele tiden har fulgt Shippingkurset. Han var veldig involvert i det og møtte opp på samlinger. Even Sund som var energirådgiver var veldig engasjert i energikurset på NTH. Kirsten Bjøre var interessert i fisk og fiskerikurset i Bergen og et kurs i Tromsø. Så det var mest de som jobbet innen et fagfelt som var engasjert, ellers kan jeg ikke si at det har vært noen særlig interesse for stipendiatkursene. Men så kom Per Grimstad som direktør og var veldig interessert i disse kursene. (...) Han var vel den første direktøren som blant annet deltok på Vinterseminaret og i det hele tatt viste en stor interesse for den virksomheten. Ellers kan jeg ikke si at det har vært noen spesiell interesse i NORAD".¹⁸⁰

Det er godt mogleg at den tilsynelatande manglande interessa for programmet frå særleg midten av 1980-talet kan forklarast dels ut i frå dei mange strukturelle endringane i norsk utviklingshjelp. Men trass i kvar forklaringa ligg har det vore merkbart ved norske faginstusjonar at NORAD i lengre tid ikkje har hatt det same engasjementet for stipendprogrammet. Dette har særleg kome til uttrykk i åra før og etter at NORAD la forvaltninga ut av direktoratet. Fleire aktørar ved norske faginstusjonar har hatt behov for å uttale seg om korleis dei tolkar forvaltningsoverføringa i høve til NORAD sitt engasjement i stipendprogrammet, som framleis står som ei av bistandsformene frå Direktoratet for Utviklingshjelp. Nokon av dei eldre kursa mista sin direktekanal til NORAD når SIU overtok, og det har vore ei kjelde til frustrasjon. Det kjem også fram frustrasjonar og spenningsfelt på andre område som mellom anna økonomiske rammer, utviklinga av stipendprogrammet og mangelen på konkret behovsavklaring i Sør:

"Vårt inntrykk er at 1) det ikke er noen i NORAD som virkelig holder tak i dette. Når de satte ut forvaltningen så slapp de kontrollen slik at det er ingen der inne som tenker særlig på dette lenger. 2) programmet har ikke fått vokse slik det står i kontrakten med SIU at det skal gjøre. Det er ikke rom for utvikling av stipendprogrammet, det er bare rom for omdisponeringer og kutt. Beløpet som i dag gis er i nominelle kroner lavere enn det var i 1998. I reelle termer er det da vesentlig lavere. Det fører til at vi mistenker dem for å ville redusere eller kutte ut programmet (...) Så vi har altså en beklemmende følelse av at de ikke er så veldig interessert".¹⁸¹

¹⁷⁹ Samtale med 1D, 16/9-03.

¹⁸⁰ Ibid.

¹⁸¹ Samtale med 1C, 24/10-03.

"Det sentrale målet er jo bistand, men samtidig endret NORAD premissene for dette kurset i den nye avtalen som ble laget i 1998. De prøvde fra 1997 å understreke at de ikke ville kjøpe kurs, men studieplasser. Men når du kjøper studieplasser og forlanger at dette skal være ordinære kurs ved universitetet, samtidig som du forlanger å ha innflytelse på justering av kurset, for det står jo i kontrakten at det skal være relevant for utviklingslandsstudenter osv. Ja, så gjør du to ting på en gang. De sier at de ikke vil kjøpe kurs, men de vil likevel deponere kurset. De vil ha innflytelse på et kurs som skal være et ordinært kurs på universitetet, men universitetene har monopol på vurdering av sine egne kurs. Så vi mener at de holder fast i det teoretiske målet om bistand og bistandsrelevans, og samtidig lager de en ordning som gjør at det er fryktelig vanskelig å oppfylle det teoretiske målet. Så vi mener de rett og slett har bommet i forhold til hva de vil oppnå med programmet".¹⁸²

"Det som er vanskelig er at vi ikke har fått vite NORAD sine behov de siste årene. Det er en del kurs som blir etablert her fordi instituttene og fagfolkene selv mener det er relevant for utviklingsland. Men om NORAD mener det er relevant for utviklingsland det er veldig vanskelig å si. Vi har for eksempel et kurs nå som ikke fikk støtte som jo er veldig aktuelt for mange utviklingsland, for eksempel Kina og Vietnam. Vi ville trodd dette kurset ville gått gjennom, så det er litt vanskelig når vi ikke får den direkte beskjeden eller signalene fra NORAD om at det og det har de behov for. Vi får vite at det skal være bistandsrelevant ja, men hva er det? Det er veldig mye som kan være relevant, og alle kursene har veldig gode argumenter for at det er bistandsrelevant. Men hva NORAD mener, det kommer vanskelig frem, det kommer til og med vanskelig frem i programstyret. Er dette fordi informasjon forsvinner fordi den går en lengre vei gjennom SIU, eller er det fordi NORAD faktisk ikke er så bevisst lenger på hva det er de ønsker?"¹⁸³

ii. NORADs representasjoner – overarbeida eller uinteressert?

Ein del av dei norske representasjonane synes også å vere kjenneteikna av det me omtalar som ei etter alt å dømme manglande interesse for stipendprogrammet. Det vart allereie i 1971 for fyrste gong anbefalt å bruke NORAD sine utestasjonar for å lette det administrative arbeidet med stipendiatverksemda.¹⁸⁴ Utanriksstasjonane skulle også ha arbeidet med å vurdere dei enkelte kandidatane, og det vart mellom anna i 1973 påpeika at det burde skjerpast inn overfor dei norske utestasjonane at "det må innhentes mer detaljerte faglige opplysninger på vårt nye søknadsskjema for NORAD-stipendier som kan danne grunnlag for mer kritisk utvelging av stipendiater."¹⁸⁵ Desse tilrådingane vart gjenteke ved fleire høve, og etter ei gjennomgang av verksemda i 1981 var ein av konklusjonane at opplæringstiltak måtte innførast som ein obligatorisk del av arbeidet ved representasjonane. I 1988 vart utestasjonane sitt forhold til stipendprogrammet på ny teke opp som eit av hovudpunkta til Desmond McNeill i gjennomgangen av McNeill-

¹⁸² Ibid.

¹⁸³ Samtale med 3A, 25/8-03.

¹⁸⁴ NORAD 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", s. 51. 24/11-1971.

¹⁸⁵ NORAD: Notat. "NORAD's stipendiatvirksomhet", s. 7. 1973.

rapporten frå 1988.¹⁸⁶ Me såg i den historiske oversikta at han påpeika at det eksisterte dårleg kommunikasjon mellom utestasjonane og norske institusjonar. Til sist var det Per Ø. Grimstad som aktualiserte problemstillinga i sitt initiativ til stipendiatnettverk i 1993 i samband med ideen om "Norgesaksen". Innhaldet i Norgesaksen, slik det vart prøvd knytt til stipendiatverksemda, kan skisserast som ein ide der stipendiatane skulle vere bindeledd mellom Nord og Sør, og då særleg i høve til norsk næringsliv. I arbeidet med nettverket og Norgesaksen var utestasjonane og NORADs representasjonar ønska som meir aktive aktørar enn det tilfellet synes å vere på midten av 1990-talet.¹⁸⁷

Det er, som sagt, ikkje funne skriftleg dokumentasjon frå nokon periode på kor vidt norske utanriksstasjonar utførte det arbeidet som vart anbefalt frå NORAD sitt hovudkontor i Oslo. Det som synes å ha vore tilfelle, basert på samtalar med ei rekkje sentrale aktørar, er at det har eksistert varierte tilhøve ved dei ulike stasjonane. I skriftleg materiale funne ved norske faginstitutionar skildrar reise- og studierapportar tilhøve ved ambassadar som også vert stadfesta gjennom ulike intervju. Det kan vere interessant å sjå nærare på spenningane og erfaringane som eksisterer i høve til norske utanriksstasjonar og aktørar innan NORAD stipendprogram i Noreg, då utestasjonane bør sjåast som sentrale aktørar i den framtidige verksemda også.

I desember 1992 var Turid Bræk, sosialsekretær ved NTNU, på studiereise i Tanzania for å oppsøke tidlegare stipendiatar. Ei av dei sakene som opptok stipendiatane sterkt var kontakten med NORAD etter at dei var komne heim.¹⁸⁸ Den dominerande tilbakemeldinga Bræk fekk var at stipendiatane kjende det som om ikkje NORAD var interessert i dei etter at dei hadde returnert frå noregsopphaldet. Dette er inntrykk som er vorte formidla seinast i ein reiserapport frå oktober 2003 då ein delegasjon frå NTNU vitja Bangladesh: "we were then informed that students were not satisfied with the service they were given at the Norwegian embassy".¹⁸⁹ Konkretiseringa av den spenningen som eksisterer ved norske faginstitutionar i samband med utestasjonane sitt manglande engasjement for stipendiatverksemda

¹⁸⁶ Norad: "Rapport fra konferanse om bistand til høyere utdanning og institusjonsutvikling finansiert av Departementet for utviklingshjelp/NORAD", s. 5. Rica Hotell, Sandvika 26.-27.10 1988. Kontoret for utdanning og stipendiatvirksomhet, NORAD.

¹⁸⁷ Norad: "Rapport – Arbeidsseminar om bruk av NORAD-stipendiater som ressurs". Trondheim 3. juni 1993.

¹⁸⁸ NTNU: "Rapport fra studiereise til Tanzania 18.11-2.12 1992" av Turid Bræk, sosialsekretær.

¹⁸⁹ NTNU: "Report from Institution visits in Bangladesh Oct. 6-10 2003", Ragnhild Lund and Jorunn Reitan, Department of Geography and coordinators of MPhil of Social Change, NTNU.

vert best illustrert ved å vise til nokre av erfaringane som er hausta ved ulike ambassadar:

"NORAD i ambassaden var ikke interessert. Jeg snakket jo med de norske på ambassaden i Dar es Salaam, og de hadde verken interesse eller tid til å ha noen kontakt med studentene".¹⁹⁰

"Ellers hadde vi en del opplevelser som tydet på at NORAD egentlig ikke brydde seg så mye om Stipendprogrammet. Men det var kanskje aller minst respons hos de norske ute på ambassadene. Det hadde vi av og til problemer med. Når det gjaldt akkurat stipendiatsaker virket det ikke som om de tok det særlig seriøst".¹⁹¹

"Jeg opplever også veldig ofte at ambassadene har svært dårlig informasjon om Stipendprogrammet. De vet veldig lite om stipendprogrammet, hvilke muligheter det er og dette med institusjonssamarbeid. Noen ambassader har også silt ut søknader selv fordi de ikke liker den og den institusjonen. De overkjører beslutninger som tas her".¹⁹²

"En annen gang jeg var ute og traff gamle studenter ringte jeg til ambassaden og inviterte de også på den festen studentene hadde arrangert. Men da sa NORAD-representanten der i Dhaka at det ikke var hans jobb å møte opp på den festen. Jeg sa til han at det var en enestående sjanse, det var tredve stipendiater samlet på festen. Men nei, det var ikke hans jobb".¹⁹³

Fleire negative erfaringar ved ulike ambassadar og utestasjonar kan gje eit generelt inntrykk av at ambassadesystemet ikkje fungerer når det gjeld NORAD stipendprogram. Nyansering er difor naudsynt for å understreka variasjonen som fins på norske utanriksstasjonar. Norske aktørar har til dømes registrert ei utvikling på nokre ambassadar i samband med stipendiatarbeidet:

"Det har bedret seg veldig etter at vi nå har kontakt med de lokalt ansatte på ambassadene, og ikke lenger noe særlig kontakt med de norske. Dette gjelder særlig i Bangladesh, Etiopia, Tanzania og noen andre steder. De lokalt ansatte er mer stabile, velvillige, og kjenner oss personlig, og kjenner gangen i det hele. De tar affære med det samme og finner ut av det vi lurer på".¹⁹⁴

Ambassaden i Nepal har synt eit stort engasjement for stipendiatverksemda, og dette kan nok i stor grad knytast til ambassadør Ingrid Ofstad si interesse for verksemda. Ofstad sat ei stund som avdelingsdirektør for FAG-avdelinga ved NORAD sitt heimkontor og var sterkt involvert i stipendiatverksemda.

"Noen ambassader har engasjert seg ganske mye. For eksempel ambassaden i Nepal etter at den ble opprettet. De har lagt mye arbeid i rekrutteringen og de har virkelig utmerket seg ved å være opptatt av det".¹⁹⁵

¹⁹⁰ Samtale med 1A, 26/8-03.

¹⁹¹ Samtale med 5A, 26/8-03

¹⁹² Samtale med 4B, 10/9-03.

¹⁹³ Samtale med 1A, 26/8-03.

¹⁹⁴ Samtale med 5A, 26/8-03

¹⁹⁵ Samtale med 1D, 16/9-03.

Det som går igjen ved utestasjonane, som ved NORAD sitt heimekontor, er at engasjementet har vore svært personavhengig, og det kan verka som det er folk med stor fagleg interesse som aktiviserar seg for NORAD stipendprogram. Ein av grunnane til at engasjementet avgrensar seg til særleg interesserte personar kan ha bakgrunn i eit argument om overarbeid og sprengd kapasitet ved utestasjonane. Ansvar for stipendiatverksemda er lågt plassert i ambassadehierarkiet, og det er mykje rutinearbeid knytt til programmet som berre er ei av mange oppgåver som ligg på ambassadane. I Nepal har engasjementet fått eit oppsving på grunn av interessa for programmet på høgste hald i systemet, hjå ambassadør Ofstad, og ei oppfatning er at arbeidet nettopp må forankrast høgt oppe i hierarkiet for at det skal verte prioritert.¹⁹⁶

Argumentet om overarbeida ambassadetilsette kan på den eine sida legitimere den manglande prioriteringa og viljen til å arbeide med stipendiatverksemda. Det må samstundes opnast for å vurdere denne sida av programmet med bakgrunn i at norske utanriksstasjonar faktisk er pålagt denne oppgåva som er ein del av bistandsarbeidet Noreg finansierer. Eit interessant perspektiv vil difor vere å legge kapasitetsspørsmålet noko tilsides og undersøke dette spenningsfeltet ved å granske mentalhistoriske faktorar. Kva haldningar har kome til syne ved norske utanriksstasjonar i samband med stipendprogrammet?

Intervjumaterialet lyser denne sida opp og erfaringane norske faginstitusjonar sit med er av slåande negativ art. Haldningane på ambassadane kan reise ei rekkje problemstillingar som ikkje berre gjeld stipendprogrammet:

"Når vi er ute er vi ofte på besøk ute på ambassadene. For det første blir jeg alltid så opprørt over hvordan man behandler utenforstående på ambassadene. Jeg synes det er en uverdigg behandling der man mistenker at alle er en skurk inntil det motsatte er bevist. Folk må stå i lange køer. Når jeg hører den behandlingen studentene våre har fått under søknadsprosessen synes jeg det er pinlig og ekkelt å vite at det er det systemet vi opererer under".¹⁹⁷

"NORAD sa faktisk rett ut at det ikke er NORAD sitt ansvar hva som skjer med studentene når de er ferdige her. Jeg opplevde faktisk en dame i NORAD som sa at det eneste ansvaret NORAD hadde var mens studentene var her i landet. Men hva som skjedde etterpå var deres eget ansvar, og dersom landet deres ville bruke dem når de kom hjem så var det fint, men det hadde ingenting med NORAD å gjøre. Jeg tok dette opp med direktøren for NORAD, Per Grimstad, på Gausdal (Vinterseminaret) da jeg hørte dette, og han sa han ville ta fatt i det".¹⁹⁸

"Jeg opplevde særlig da jeg var i Afrika i 1992 at de norske som var der ikke var særlig interessert i å ha noe omgang med de lokale. Jeg reagerte veldig på det. Jeg kom jo først og fremst for å se hvordan

¹⁹⁶ Ibid.

¹⁹⁷ Samtale med 4B, 10/9-03.

¹⁹⁸ Samtale med 1A, 26/8-03.

folk lever i Afrika, det var jo ikke noe interessant å reise til Afrika for å se hvordan en nordmann som lever på solsiden har det. Jeg opplevde det som direkte dårlig rett og slett. Vi hadde blant annet noen tilstelninger der de norske som jobbet der var invitert pga av meg hjem til en av de gamle stipendiatene. Og da satt de norske ute på verandaen for seg selv".¹⁹⁹

"Måten og tonen de (potensielle stipendiatane) får informasjon på er også som en gjennomsyra ide om at de (ambassadetilsette) ikke tror de er verdt noe inntil de ser at du er det. Jeg synes det er en veldig lei holdning. Jeg trodde egentlig ikke at det var en norsk holdning, og jeg synes det er veldig dumt at det er deres første møte med Norge".²⁰⁰

"Per Grimstad som jeg diskuterte dette mye med sa at dette var holdningen som rådet ute på ambassadene".²⁰¹

Trass i at NORAD sentralt har gjenteke tilrådingane om å bruke ambassadane meir aktivt i arbeidet med stipendprogrammet har det vore lagt svært få reelle føringar på utestasjonane i praksis. NORAD sine representasjonar har i stor grad sjølv kunne prioritere om dei la vekt på det arbeidet, og haldningar som har vorte skildra ovanfor kunne då lettare få gjennomslag når ikkje forståinga og interessa for denne bistandsforma var forankra med tyngde på topp i systemet.

Det er nærliggande og tilrådeleg å problematisere desse funna og spørje om ikkje det er fare for å oppnå det motsette av intensjonen Grimstad i hans lansering av Norgesaksen? Ein av hovudtankane i Norgesaksen var at ferdige stipendiatar er gode ambassadørar for vårt land, og dei bør sjåast som ressursar og nyttast på ein fornuftig måte. NORAD ønskjer med andre ord å auke kjennskapen til norsk kultur som ein del av stipendprogrammet sine verknader, og det står også oppført som eige punkt i avtalen mellom NORAD og Universitetsrådet at stipendprogrammet skal gje høve for "kulturell læring og innsyn i norsk tenkemåte".²⁰² Kan lærdomen i norsk tenkemåte i verste fall slå i mot oss når det fyrste og siste stipendiatane opplever av Noreg er ein ambassade som lar ein kandidat stå og vente i timar for å få svar på enkle spørsmål hjå ambassadepersonell som sjølv hevar seg over kandidaten frå Afrika eller Asia?²⁰³ Norske faginstitusjonar reflekterer over desse erfaringane og understrekar at haldningane på ein del ambassarar er det motsette av det kursarrangørane prøver å formidle. Er det noko mange av kandidatane kan frå før er det å vere underlagt tungt byråkrati og eksplisitte makt- og autoritetsskilnadar.²⁰⁴

¹⁹⁹ Samtale med 5A, 26/8-03.

²⁰⁰ Samtale med 4B, 10/9-03.

²⁰¹ Samtale med 1A, 26/8-03.

²⁰² Norad: "Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om Norads stipendprogram", s. 2, pkt. 2.5.

²⁰³ Dette konkrete dømet er henta frå eit intervju med 4B 10/9-03.

²⁰⁴ Samtale med 6A, 25/8-03.

6.2. Relasjonen mellom faginstitusjonane og SIU/NORAD

Norske universitet og høgskular er naturlege samarbeidspartnarar for NORAD i samband med bistandsarbeid knytt til høgare utdanning og forskning mellom anna på grunn av den spesifikke fagkompetansen som har interesse for målgruppene i utviklingsland. NORAD har difor frå starten av stipendiatverksemda si historie hatt eit samarbeid med norske akademiske institusjonar. Forholdet mellom desse har imidlertid vore i endring.

Me har sett ovanfor at NORAD i den seinare tid haustar ein del kritikk frå norske faginstitusjonar. Det har altså ikkje alltid vore tilfelle. Forholdet har, som me har sett, vorte skildra i ulike dokument og rapportar som svært godt i særleg den fyrste perioden av NORAD stipendprogram. Det same gjeld karakteristikkane frå fagfolka som var involverte i starten. NORAD kontora som vart etablert i Trondheim og på Ås hadde nærast dagleg kontakt med NORAD i Oslo, og intervjumateriale syner at den direkte kontakten opplevdes positiv for faginstitusjonane.²⁰⁵

Dreinga som kom på midten av 1980-talet vart aktualisert i samband med det nye Kontoret for utdanning og stipendiatverksemd (US) sine framtidsplanar for stipendiatverksemda som vart flytt til denne avdelinga. Siktemålet var å legge meir vekt på aktivitetar i hovudsamarbeidslanda, i tillegg til ønskje om ei omstrukturering for å gjere kurstilboda meir relevant for utviklingslandsforhold enn det vart hevda å ha vore tidlegare.²⁰⁶ Tilhøvet mellom NORAD og universiteta vart no skildra som spent, noko som vart knytt til store interesseskilnadar mellom partane. Meir spesifikt vart problema konkretisert til å gjelde både kursverksemda i Noreg og institusjonsoppbygging og universitetssamarbeid i Sør.

NORAD såg positivt på universiteta sine uttala ønskje om å internasjonalisere seg, og DUH var difor interessert i å stå fram som ein konstruktiv samarbeidspartnar i denne prosessen. Det som likevel uroa NORAD var den retninga utviklinga og trykket frå universitet og høgskular tok. I universiteta sine internasjonaliseringsplanar var NORAD og bistandsmidlar heilt sentrale, og arbeidet ved faginstitusjonane sentrerte seg rundt utarbeiding av nye kurstilbod som var forventa finansiert av norske bistandsmidlar. I tillegg kom det førespurnader i 1987 om å utvide dei eksisterande programma frå diplomkurs til to-årige masterkurs. NORAD uttalte skriftleg dette som eit press frå faginstitusjonane som dei varsla som aukande i framtida. Eit

²⁰⁵ Mellom anna Berit Sterten, NTNU og Turid Bræk, NTNU har uttalt seg slik.

²⁰⁶ NORAD. "Om bruk av opplæringsmidler, til behandling i direksjonen 21.10.1987", s. 6.

grunnleggande spørsmål om kven som skulle styre stipendiatverksemda si utvikling vart reist i samband med det aukande trykket frå universitet og høgskular: "Er det mulig å bygge opp et økt utviklingslandsengasjement som hviler på bistandspolitiske målsettinger, men som likevel skjer på universitetenes egne premisser uten særlig detaljstyring fra DUH's side?"²⁰⁷

Dette er eit spørsmål som framleis er aktuelt på grunn av den retninga utviklinga etterkvart tok med utlegging av stipendiatverksemda si forvaltning, og dermed Universitetsrådet og SIU si rolle i verksemda frå 1998. I 1987 vart konklusjonen derimot at sjølv om det hadde vore ønskjeleg å kunne ta omsyn til begge partar tyda erfaringane på at det ikkje var lett å eine både dei bistandspolitiske omsyna og universiteta sine behov. Bakgrunnen for det var dei trass alt ulike utgangspunkta for å engasjere seg i utviklingsland, og DUH meinte på slutten av 1980-talet av dei måtte ta omsyn til dei bistandspolitiske måla framføre universitetsbehova. Men som me har vore inne på tidlegare eksisterte det tankar i NORAD om at det kunne vere interessant å fremje universiteta sine internasjonaliseringønskje av andre grunnar enn dei bistandspolitiske. Ansvar for ei slik utvikling måtte i følge NORAD ligge på det dåverande Kultur- og vitskapsdepartementet og Utanriksdepartementet.

Vurderingane frå 1980-talet tok ei ny retning i 1990-åra med den nye politikken innan stipendiatverksemda som tok bort NORAD sine eigarforhold til utviklingslandsretta stipendiatkurs. Universiteta måtte etablere og utvikle eigne kurs som då NORAD kunne kjøpe stipendiatplassar på. Dette var ei utvikling som vart vidareført med utlegginga av forvaltningsansvaret i 1998 til Universitetsrådet ved SIU.

Kva med erfaringane som vart understreka i 1987 om interesserskilnadar og trykk på at det bistandspolitiske omsynet måtte gå føre det utdanningspolitiske? Vart universiteta sin internasjonaliseringstrategi vurdert over det bistandspolitiske med denne overføringa, eller var det eit nytt signal om den dokumentert minskande interessa for verksemda innan NORAD?

Utviklinga på 1990-talet og vidare fram til i dag har ført til fleire frustrasjonar og spenningar mellom NORAD/SIU og særleg faginstitusjonar som har vore involvert i stipendprogrammet sidan den fyrste perioden i verksemda si historie. Dei eldre kursa samanliknar verksemda etter forvaltningsoverføringa med slik det var i

²⁰⁷ Ibid, s. 10.

utgangspunktet, og syner frustrasjonar i samband med mellom anna mangel på kommunikasjon mellom partane innan stipendiatverksemda. Mangelen på høve til direkte kontakt med dei bistandsansvarlege er påtrengande, og målsettingane med programmet verkar meir perifer for både sosialsekretærar og dei fagansvarlege som har vore med i stipendiatverksemda lenge.

"Det jeg savner nå er en direkte kontakt med NORAD slik vi hadde det før. Jeg savner å ha noen å ringe til i NORAD for å fortelle hva som rører seg blant studentene. Hva diskuterer studentene, hva føler de, hvordan opplever de å være studenter i Trondheim, hva vil de ha mer eller mindre av. Dette kunne jeg diskutere direkte med NORAD før. Nå er NORAD bare en fjern, stor organisasjon. En slik kontakt har vi ikke med SIU".²⁰⁸

"Når vi hadde direktekontakt med NORAD, som varte frem til 1998, kunne fagmiljøene diskutere direkte med NORAD om for eksempel hvorfor det ene kurset var aktuelt og ikke det andre. Det at man kunne diskutere behova i de ulike utviklingsland direkte med NORAD var en stor fordel og viktig for instituttene. Nå føler kursene at de har veldig stor avstand til den faglig ansvarlige kilden, og derfor ikke kan forklare direkte hvorfor et kurs er viktig for utviklingslanda. Så det var fordel å kunne diskutere behov og samtidig se strategiene fra NORAD".²⁰⁹

"Når du forhandler med NORAD direkte er du mye nærmere kilden enn når du må gå gjennom et forvaltningsorgan som SIU er. Sånn sett var det lettere når vi hadde den direkte kontakten og bare kunne ta en telefon til NORAD".²¹⁰

"All vår kontakt gikk direkte til NORAD. Det blir litt av det samme med SIU som tok over. SIU har i stor grad overtatt den rollen, men det var mye nærmere kontakt med NORAD enn det nå er med SIU".²¹¹

Problemet med mangel på kommunikasjon og eit fjernare forhold til NORAD gjer at institutt som har arbeidd med utviklingsrelaterede kurs i svært mange år oppfattar utlegginga av forvaltninga som eit uttrykk for at NORAD, som me diskuterte ovanfor, ikkje lenger er bevisst eller verkar interessert i stipendprogrammet.²¹²

Trass i kritikken om mangel på kommunikasjon, som også rammar SIU, vert SIU for det meste omtala som eit velfungerande forvaltningsorgan. Det vert særleg trekt fram at SIU har fått til ei meir likeverdig behandling av institusjonane på nasjonalt nivå, og at dei sit med erfaringar frå ulike institusjonar som alle kan dra nytte av ved å henvende seg til SIU.²¹³ Stipendiatane sine masteroppgåver vert også gjort tilgjengeleg for eit stort publikum under SIU og er påpeika av institusjonskontaktar som eit positivt tiltak. Det er likevel nokre spenningar som pregar forholdet institusjonane har til SIU. Det går mellom anna ut på at trass i at

²⁰⁸ Samtale med 1A, 26/8-03.

²⁰⁹ Samtale med 2A, 25/8-03.

²¹⁰ Samtale med 3A, 25/8-03.

²¹¹ Samtale med 5A, 26/8-03.

²¹² Samtale med 6A, 25/8-03.

²¹³ Samtale med 2A, 25/8-03.

NORAD strammar dei økonomiske rammene til stipendprogrammet utvidar Programstyret og SIU kurstilbodet, noko som medfører færre stipendplassar på fleire kurs, inkludert ei rekkje nye kurs som ikkje har solide institusjonelle forankringar i Sør enno.

"Det opplegget som er nå med at alle universitet og distriktshøgskoler skal sitte og slite og lage gode kurstilbud for så at alt blir lagt på et fat så NORAD/SIU kan velge fra det er ikke særlig mottakerorientert. Det er heller ikke særlig på linje med det å administrere minst mulig og få mest mulig ut av bistandspengene. Det er en enkel måte å lage administrasjon og utvalg av kurs på for de som sitter på den ene siden, men det er absolutt ikke effektivt for verken fagmiljøene eller for de som skal komme på kursene. Men det er også mye bra å si om SIU, vi må ikke glemme den biten".²¹⁴

"Vi har jobbet med institusjonsbygging i 30-40 år og vet hvor vanskelig det er. Når man da setter en kaskade av nye aktører på banen med å gi dem 5-6 studieplasser, kan de da klare å bygge opp et institusjonsnettverk?"²¹⁵

"Etter at SIU kom inn er det gått rett til værers med rapporteringer. Så det var adskillig enklere da vi hadde direkte kontakt med NORAD i Oslo. Den biten merker jeg veldig godt fordi det må følges godt opp og helst være inne i riktig tid".²¹⁶

"Det blir da også ofte en ny vri på ting, slik at dokumentasjon og beskrivelser vi har liggende klart skal nå plutselig inn i et nytt format og lastes inn i en database som kanskje fungerer i Bergen, men ikke herfra. Det er et utrolig frustrasjonsarbeid med den SIU databasen".²¹⁷

"Slik vi vurderer SIU sin rolle så har de gjort en god administrativ jobb, men på det fagligpolitiske og særlig det bistandspolitiske gjør de en dårlig jobb. Vi er derfor redde for at NORAD vil kutte ut ordningen. Vi er også redde for det vi ser som en redusert bistandsrelevans i hele stipendprogrammet".²¹⁸

"Jeg oppfatter SIU mer perifer enn NORAD. Men det har kanskje med at vi har fått mer selvbestemmelsesrett her. Vi trenger ikke innhente tillatelse fra SIU for hver lille ting. Derfor opplever jeg SIU som mer fjern".²¹⁹

Mykje av kritikken retta mot SIU er konkrete frustrasjonar i høve til administrative grep og retningslinjer som institusjonane har måtta tilpasse seg, i tillegg til den uvissa forvaltingsendringane, som dei fleste store endringsgrep, fører med seg. I tillegg er det naudsynt å peike på at SIU sjølv har vore i støypeskeia som forvaltingsorgan sidan 1998. Uvisse er difor ikkje eksklusivt for kursarrangørar med frykt for store endringar for sine institutt. Det tek tid å bygga opp ein velforma og velfungerande organisasjon. For det fyrste er det NORAD som sit med minnet, og

²¹⁴ Samtale med 6A, 25/8-03.

²¹⁵ Samtale med 1B, 8/9-03.

²¹⁶ Samtale med 8A, 25/8-03.

²¹⁷ Samtale med 6A, 25/8-03.

²¹⁸ Samtale med 1B, 8/9-03.

²¹⁹ Samtale med 5A, 26/8-03.

overføringa av denne kunnskapen verkar noko mangelfull. For det andre har staben rundt Norad stipendprogram vore noko prega av gjennomtrekk.

Kritikken mot SIU verkar imidlertid å vere botna i spenningar knytt til økonomi og fordeling av midlane, og det meste av kritikken kan såleis tolkast som konsekvensar av mangelen på midlar i programmet. NORAD har stramma inn dei økonomiske rammene for programmet, men i denne konteksten reagerer institusjonskontaktar også på bruken av dei eksisterande midlane. SIU vert til dømes kritisert for å påføre institutta større administrative arbeidsbyrder noko som har skapa praktiske problem i høve til dei økonomiske innstrammingane, som også har ramma SIU. Dei auka administrative oppgåvene SIU har pålagt institutta, mellom anna i form av nye rapporteringsformat og databasar, vert av somme også vurdert i høve til effektivitet i bistanden.²²⁰ Dialog og oppklaring mellom SIU og institusjonane kan synast påtrengande i høve til dette. Diskusjonen om midlane til stipendprogrammet kan likevel synes å gå djupare enn dette, og me vil nedanfor sjå tydelegare korleis frustrasjonar er knytt til økonomi.

Etter at NORAD valde å kjøpe plassar i staden for å eige kurs har institusjonane lagt ned mykje arbeid i å tilpasse bistandsrelevante kurs til både norske og utanlandske studentar. Trass i at kursa då vart å rekne som integrerte delar av universitetet sitt opplegg elles, og ikkje minst som ein viktig del av internasjonaliseringsprosessen ved institusjonane, er det eit faktum at arbeidet med stipendiatar frå utviklingsland er langt meir arbeidskrevjande og såleis meir pengekreivjande enn vanlege kurs:

"Norad kandidatene koster 2-3 ganger så mye arbeid både administrativt og faglig som en ordinær norsk kandidat. Veiledningsprosessen er utrolig arbeidskrevende siden de faktisk må læres en ny måte å tenke på i forhold til læring. De skal lære å tenke selv, noe de ikke har gjort før hjemme. Dette er det mulig Norad vil protestere på, men alle institusjonene som har drevet med Norad kurs vet det".²²¹

Fleire kurs fryktar difor endå sterkare kutt i bistandsmidlane til høgare utdanning, og spenningane kjem til uttrykk på grunn av uvisse i høve til sine eigne arbeidsplassar og eksistensen av kursprogramma som er bygd opp over ei årrekkje. Særleg den siste fordelinga av stipendiatplassar på fleire nye masterkurs i stipendprogrammet har skapa uvisse mellom fleire av dei eksisterande kursa. Kritikken mot SIU kan

²²⁰ Samtale med 6A, 25/8-03.

²²¹ Samtale med 1C, 24/10-03.

såleis også sjåast som eit uttrykk for frustrasjonar på grunn av den retninga stipendprogrammet har teke som fører til intern konkurranse og kiving ved dei ulike universitet og høgskular i kampen om å nå fram i søknadsrundane som avgjer kvar NORAD, gjennom Programstyret og SIU, kjøper plassar og kor mange stipendiatar dei ulike kursa får. I tillegg til bekymringar for det bistandsmessige aspektet i programmet framover kan såleis økonomiske frustrasjonar og frykt for eigne arbeidsplassar argumenterast som ei hovudkjelde til spenning mellom institusjonane og NORAD/SIU:

"Kursene her baserer seg på å få pengene fra NORAD, og når de da ikke får det kan det slå beina under hele kurset. Selv om de har finansiering utenom baserer de seg faktisk på det fordi dette er bistandskurs, åpent for alle, men veldig ofte fokusert mot visse bistandsland. Det kan da velte mye av kurset dersom de ikke får penger fra NORAD".²²²

"Andre ser at det (Stipendprogrammet) er en viktig del for at vi skal overleve som institutt. Vi er ganske avhengig som institutt av de NORAD stipendpengene vi får".²²³

"Vi mener jo at det som skjedde når SIU overtok var et rent maktpolitisk spill. Før hadde Trondheim og Ås fått mye av bevilgningene, men når SIU overtok ble det en dreining med langt større midler til Bergen og Oslo. Vi opplever det siste utspillet nå som en bekreftelse på at man har laget en annen organisasjonsform som gir en helt annen fordeling av midlene. Bortsett fra at vi så klart er lei for at vår kake er blitt mindre, så er det jo det bistandspolitiske vi er bekymret for".²²⁴

"Det som ellers kan sies om motivasjon er at vi som jobber med økonomisiden av det blir mindre og mindre motivert. Det blir trangere og trangere rammer og det blir ikke gjort justeringer på kostnadsnivået verken på lønn eller reiser. Samtidig kuttes det på den generelle potten, så når da stipendutgiftene øker som konsekvens av stipendsatsene på nasjonalt nivå så er det nå tap. Jeg har sagt til universitetet sentralt at vi antagelig er passert det punktet der det i det hele tatt svarer seg å ha NORAD stipendprogram fordi det antagelig er universitetets ordinære statsbevilgning som finansierer reelt en del av det fordi det er så enormt arbeidskrevende".²²⁵

6.3. Institusjonelle erfaringar: Kvoteprogrammet versus NORAD stipendprogram

Fleire av dei sentrale aktørane som har vore informantar til denne rapporten har på eige initiativ teke opp problemstillingar knytt til Kvoteprogrammet i høve til Norad stipendprogram. Fleire spenningsfelt kom til syne mellom tilsette som arbeider med stipendiatar finansiert av både Lånekassen og Norad. Det verkar i tillegg å eksistere ein tilsynelatande mangel på kunnskap om dei prosessane som i dag finn stad i høve til Kvote- og stipendprogrammet. På bakgrunn av desse funna er det naudsynt at også denne rapporten kort drøftar spørsmål kring dei to stipendiatorordningane.

²²² Samtale med 3A, 25/8-03.

²²³ Samtale med 6A, 25/8-03.

²²⁴ Samtale med 1B, 8/9-03.

²²⁵ Samtale med 1C, 24/10-03.

Dessuten vert det kasta noko lys over moment som ikkje allereie er sterkt inne i dagens diskusjon om programma sine framtidige virke:

"Vi var veldig opptatt av dette med samordning (mellom Kvoteprogrammet og NORAD stipendprogram) fordi det skapte praktiske problemer når studenter begynte å sammenligne. Det er jo bare helt håpløst at man ikke har klart å rydde opp i det enda. Begge deler er jo stipendier fra den norske staten".²²⁶

Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD) styrer Kvoteprogrammet, med tildeling av stipend gjennom Statens lånekasse. Kvoteprogrammet vart etablert haustsemesteret 1994 som støtteordning for studentar frå utviklingsland og Aust-Europa, og erstatta den gamle utviklingslandsparagrafen.²²⁷ Behovet for opprettinga av Kvoteprogrammet vart grunngeve med mellom anna bistand. Programmet skulle legge vekt på utdanning retta mot å oppnå optimal utviklingseffekt ved å tilby ei kortsiktig, engelskspråkleg høgare utdanning, og hyppig kontakt med heimlandet.²²⁸ Utviklingsperspektivet vart imidlertid sett til sides allereie studieåret 1995/96 etter påtrykk frå Universitetsrådet. Kvoteprogrammet vart då dreia meir som eit internasjonaliseringstiltak der kulturforståing og kulturutveksling var hovudpunkt.

Trass i at bistandsintensjonen vart underprioritert i høve til internasjonaliseringperspektivet, har det gjentekne gonger vore anbefalt og teke initiativ til å samordne NORAD stipendprogram og Kvoteprogrammet. Arbeidet med ei slik tilnærming har vore ei raud tråd gjennom Kvoteprogrammet sin historie; i dag høgaktuelt. I 1997, då det var klart at SIU skulle overta forvaltningsansvaret for NORAD stipendprogram, uttala til dømes SIU-direktør Ulf Lie seg offentleg ved fleire høve om senteret sitt ynskje om å koordinere NORAD stipendprogram med Kvoteprogrammet.²²⁹ To år seinare, i 1999, vart det tilrådd i ein rapport frå ei intern arbeidsgruppe i NORAD at leiinga i NORAD burde ta initiativet til å sjå NORAD stipendprogram meir i samheng med Kvoteprogrammet med den intensjon å utarbeide ein plan for å etablere eit felles stipendprogram for studentar frå utviklingsland.²³⁰ I dei siste åra har det også vore initiativ og iverksetting av

²²⁶ Samtale med ID, 16/9-03.

²²⁷ Dette var i tråd med eit forslag frå Stortingsmelding nr. 40 (1990/91).

²²⁸ UFD: "Rapport fra arbeidsgruppe for evaluering av støtteordningen i Statens lånekasse for studenter fra utviklingsland og Sentral- og Øst-Europa". Oslo, 20. april 2001.

²²⁹ Sjå nyhetssakene "Akademiker og byråkrat" og "Utanlandsstudentar vert ordinære studentar" i *På Høyden* 1997, publisert på Internett: http://www.uib.no/elin/elpub/ph/08-97/2_2.html, http://www.uib.no/elin/elpub/ph/15-97/3_1.html

²³⁰ NORAD: "Organisering av NORADs støtte til forskning og universiteter", s. 38. Rapport fra intern arbeidsgruppe 29.juli 1999.

arbeidsplanar for ei tilnærming mellom dei to stipendiatorordningane. Kvoteprogrammet vart til dømes evaluert i 2001 og arbeidsgruppa konkluderte med at programma burde koordinerast frå same stad for å oppnå ei samordning av programma. Samanslåing vart imidlertid fråråda.²³¹ SIU har arbeidd vidare i tilknytning til tilrådingane, med forslag til framtidig administrering av Kvoteprogrammet og samordning av stipendiatorordningane.²³²

Ein av årsakene til dei kontinuerlege forslaga om samordning er dei skilnadane som eksisterer mellom programma, og den negative verknaden dette har på stipendiatane. Både dei økonomiske og sosiale vilkåra for stipendiatane er ulike, og skilnadane mellom NORAD stipendprogram og Kvoteprogrammet har vore eit problem i lengre tid.

Det som går igjen i forslaga og grunngjevingane for samordning er mellom anna at det er svært uheldig at stipendiatar som går i same klasse har ulik type og nivå på finansieringa. SIU påpeika allereie i 1997 at dei ville unngå at to stipendiater sit ved sida av kvarandre på same institutt med heilt forskjellige økonomiske vilkår.²³³ Stipendiatane opplever det som urettvis og norske kursarrangørar har vanskar med å legitimere skilnadane for stipendiatane. Andre argument i høve samordning har vore at NORAD stipendiatane får heile beløpet som stipend, og kan få ekstra støtte til feltarbeid. Kvotestudentane har på si side høve til å arbeide ved sida av studiane, og kan få støtte til ektefelle og born som blir med til Noreg etter Lånekassen sine vanlege reglar.²³⁴

Det har vore og er framleis eit problem for NORAD stipendiatane å få familiane sine til Noreg, og ved alle dei konsulterte institusjonane vert den lange og svært frustrerande prosessen stipendiatane må gjennom i høve til Utlendingsdirektoratet (UDI) og familiegjenforeining understreka som eit av dei største problema for stipendiatane under sitt Noregsopphald:

²³¹ UFD: "Rapport fra arbeidsgruppe for evaluering av støtteordningen i Statens lånekasse for studenter fra utviklingsland og Sentral- og Øst-Europa". Oslo, 20. april 2001:

<http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/rapporter/014001-220011/index-hov006-b-n-a.html>

²³² SIU 321.02: NORAD stipendprogram samrådsmøte: "Diskusjonssak – samordning av kvote- og NORAD stipendprogram etter Flatin-utvalgets forslag", Møtedato: 22.01.2002.

²³³ "Akademiker og byråkrat" i *På Høyden* 1997, publisert på Internett: http://www.uib.no/elin/elpub/ph/08-97/2_2.html

²³⁴ UFD: "Rapport fra arbeidsgruppe for evaluering av støtteordningen i Statens lånekasse for studenter fra utviklingsland og Sentral- og Øst-Europa". Oslo, 20. april 2001: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/rapporter/014001-220011/index-hov006-b-n-a.html>

"Det er mange som har barn allerede når de kommer hit. De forlater barna sine i to år for å komme hit og studere, det er jo helt forferdelig. Jeg får vondt i hjertet når jeg ser hvor mye de lengter etter barna sine".²³⁵

"NORAD sa til og med da diplomkursene ble omgjort til to-årige gradskurs at studenten ikke trenger å ha familien sin her siden det bare er for to år. Men da vil jeg gjerne spørre hvem det er i NORAD som reiser ut til ambassadene for et par tre år uten å ha familien sin med seg. NORAD sier bare at studentene skal jo få lov å reise hjem om sommeren".²³⁶

Denne rapporten vil støtta arbeidet med å samordne programma med bakgrunn i mellom anna institusjonelle erfaringar som kjem fram i nemnde sitat. I tillegg vil me påpeike andre viktige faktorar som er understreka og spesifisert av administrativt og fagleg tilsette som dagleg arbeider med stipendiatar finansiert både gjennom Kvoteprogrammet og NORAD stipendprogram. Informantane framhevar særleg problem knytt til skilnadar for kvinner, og elles problem i høve til velferds- og sosiale tiltak. NORAD og SIU blir mellom anna kritisert for å understreka at stipendprogrammet skal prioritera ei auke i kvinnelege stipendiatar når det synes som om den praktiske tilrettelegginga for å auke kvinnedeltakinga ikkje er teke omsyn til i den grad som er naudsynt.

"Jeg synes det er voldsomt pinlig på SIU sine vegne at studentene ikke har noen sosiale rettigheter når de er her. I forbindelse med sykdom, graviditet og dødsfall i familien er det ikke noe apparat for å ta hånd om det finansielt sett. På Kvoteprogrammet får studenter som får barn utsettelse, og dersom de har sykemelding får de utsettelse. Det er også et system for å ta hånd om de dersom de opplever dødsfall i familien. Det er ikke et system for dette i stipendprogrammet. Og ettersom vi har så mange kvinner i den mest fruktbare alderen blir det en del graviditeter, og det synes jeg vi må akseptere når vi vil satse på kvinner i den alderen. Jeg synes det er pinlig at man er student i Norge og ikke har noen rettigheter i forhold til det. Jeg tror heller ikke at det er noe problem med at det skulle bli utnyttet med et system for rett til forlengelse av stipendet. På Kvoteprogrammet har vi hatt flere graviditeter og det har vært en student som har tatt ut hele det året hun har rett på. Ellers ser vi at de er mest interessert i å bli ferdig så fort som mulig, og at de derfor bare har tatt ut to til tre måneder. Andre har jo også gjort ferdig studiet på normert tid til tross for at de har fått barn. Så utnytting av systemet er lite aktuelt. Derfor burde de i det minste fått tilbud om noen måneder med ekstra finansiering når de får barn eller opplever sykdom. Jeg tror vi merker dette problemet mer enn andre program fordi vi har så pass mange kvinner. Akkurat nå er det to av NORAD stipendiatene der en nettopp har fått barn, og en skal snart føde. De har bare fått beskjed om at de må gjerne føde og få så mange barn de vil, men de får ingen forlengelse på stipendet. Det betyr at de må være fulltidsstudenter mens de får barn. Dette er skikkelig pinlig for den norske velferdsstaten".²³⁷

"Det er veldig rart at dette kan skje i Norge som har vært et foregangsland på kvinners retter. Det ligger ikke noe innbakt i stipendprogrammet om forlengelse av stipendet dersom graviditet".²³⁸

"Problemstillingen i forhold til kvinner som kommer er at ting ikke er tilrettelagt, og de får blant annet ikke familiestøtte. Det er klart det er viktig for menn å få familiestøtte også, men det er enda viktigere for kvinner som er hovedansvarlig for oppdragelsen av barna. Når det i tillegg er forskjell på den måten at studentene i Kvoteprogrammet får familiestøtte, da blir det veldig vanskelig. I tillegg er

²³⁵ Samtale med 4B, 10/9-03.

²³⁶ Samtale med 1A, 26/8-03.

²³⁷ Samtale med 7A, 25/8-03.

²³⁸ Samtale med 1A, 26/8-03.

kvinnene invitert hit i sin mest fruktbare alder, og da bør man forvente at noen kvinner blir gravid. De har da ingen muligheter for svangerskapspermisjon i stipendprogrammet. Det er urettferdig i forhold til kvotestudenter, norske studenter og oss som er ute i arbeidslivet og får permisjon alle sammen i ett år om ønskelig".²³⁹

"Vi forsøker å nedtone det at noen kommer med NORAD stipend og andre med kvotestipend. Det er vanskelig å kjøre noe eksklusivt for NORAD studentene. Vi har blant annet prioritert å være med på Vinterseminaret, men det blir vanskeligere og vanskeligere".²⁴⁰

"Når det er 10 NORAD studenter og 7 kvotestudenter i klassen så er det ikke så artig å reise på tur når 7 må sitte igjen".²⁴¹

"For oss blir det (NORAD Fellows Network) ikke noe attraktivt verktøy fordi det ekskluderer mange. SIU har også gjort det helt klart at dette er for NORAD og ikke for kvote- eller prosjektstudenter. Vi kan ikke ha separate opplegg for studentene som kun er ulikt finansiert".²⁴²

Erfaringane som er illustrert ovanfor synes å vere minimalt behandla i tidlegare vurderingar om dei to programma. Det synes naudsynt å drøfte dei emna som informantane avspeglar mellom anna for å nyansera tidlegare rapportar, som gjerne er konsentrert kring andre emne i sine vurderingar. Evalueringsgruppa vurderte til dømes Kvoteprogrammet som eit svært vellukka internasjonaliseringstiltak innan norsk høgare utdanning. Dei aller fleste faginstitusjonane som var involvert i kvoteordninga påpeika ordninga si stimulerande verknad i samband med det internasjonale miljøet ved institusjonane.²⁴³

Fleire kritiske problemstillingar har likevel vorte reist i samband med verknaden av programmet utanfor Noreg. For det fyrste kjem det fram i evalueringsrapporten at tilbakevendingsprosenten på stipendiatane er urovekkande låg. Det manglar gode statistikkar på dette, men Statens lånekasse sine registreringar tyder på at nærare 40 prosent av stipendiatane ikkje returnerer til heimlandet sitt med det same dei er uteksaminert i Noreg.²⁴⁴ Dei studentane som blir i Noreg etter avslutta utdanning fordeler seg i hovudsak på dei landa som kjem fram i tabellen som er henta frå evaluerings-rapporten.

²³⁹ Samtale med 4A, 26/8-03.

²⁴⁰ Samtale med 6A, 26/8-03.

²⁴¹ Samtale med 8A, 26/8-03.

²⁴² Samtale med 4B, 10/9-03.

²⁴³ UFD: "Rapport fra arbeidsgruppe for evaluering av støtteordningen i Statens lånekasse for studenter fra utviklingsland og Sentral- og Øst-Europa", Oslo, 20. april 2000.

²⁴⁴ ibid, kapittel 4.6.7.

Tabell 6.1. Den delen av kvotestudentane som blir i Noreg etter endt utdanning ifølge Statens Lånekasse sin statistikk (1999-2000).

	Hjemlandet	Tredjeland	Noreg
Kina	36	5	37
Etiopia	9	5	27
Ghana	26	-	13
Litauen	29	4	16
Latvia	16	-	15
Russland	28	3	59
Tanzania	14	-	14
Romania	6	2	13
Pakistan	11	1	7
Ungarn	10	1	6
Uganda	11	-	4
Zimbabwe	4	-	8
Totalt	200	21	219

Tabellen syner lokaliseringa av ferdige kvotestudentar frå 2000. Desse tala står i motsetnad til NORAD stipendprogram der det førekjem svært lite hjerneflukt i følgje leiaren i Programstyret for stipendprogrammet, Ragnar Øygard.²⁴⁵ Dette har mykje årsak i dei ulike prinsipp som gjeld for ordningane, med krav om institusjonell tilknytning og permisjon frå arbeidsstad for NORAD stipendiatane, medan kvotestudentane kjem til Noreg på individuell basis utan institusjonelle krav. For det andre vert Kvoteprogrammet kritisert av enkelte som har hatt med kvoteadministrasjon å gjere for å vere meir sjølvhjelp til Noreg enn eit program som har gjensidig utveksling og utvikling som mål. Distriktsutvikling og internasjonaliseringspolitikkk som skal gagne Noreg verkar på nokon å ligge til grunn for programmet. Arbeidsgruppa som evaluerte Kvoteprogrammet seier også i sin rapport at ordninga utan tvil har vore svært viktig for heile den norske høgskulesektoren sitt internasjonale engasjement.

²⁴⁵ SIU Dokumentserien Nr. 2/2003: Årsrapport 2002, NORAD stipendprogram, s. 2.

KAPITTEL 7. KONKLUSJON

Norske aktørar sine erfaringar med kva som skjer og har skjedd med NORAD stipendprogram er for det meste positive. Fleire ser at stipendiatane har fått høgare posisjon etter ferdig utdanning, og nordmennene meiner det er klare fordelar med å ha kurs i Noreg framfor i Sør. Samstundes kjem det fram at norske kurstilsette saknar oppfølging av verksemda for å kunne sjå om arbeidet deira verkeleg fører fram.

Investering i utdanning og overføring av kunnskap er ein kontinuerleg prosess, og NORAD stipendprogram har over 40 år lang historie å vise til i så måte. I denne studien har me skildra og drøfta ei rekkje aspekt ved ordninga som har framkome ved undersøkingar av både skriftlege og munnlege kjelder. Granskinga av historia synte seg imidlertid meir tungvint enn forventa. Arkivsystemet fungerer lite effektivt, og sjølv med førebudde nummererte referanselister i henhald til eksisterande katalogiseringssystem, fekk forskarane bry med å skaffa tilveges dokumentasjon. Resultatet var at undersøkingane i NORAD sine arkiv vart langt tynnare enn forventa. Det vart heller ikkje høve til å intervjuje meir enn 19 sentrale aktørar, mellom anna grunna liten respons i NORAD. Likevel meiner me at desse samtalanene er heilt essensielle i studien.

7.1. Mål, verkemiddel og omfang

Kva har vore Stipendprogrammet sitt omfang, sentrale mål og verkemiddel?

Ordninga skreiv seg opprinneleg frå etterkrigsperioden, men sidan 1968 har NORAD vore givarinstitusjonen. I 1971 vart Stipendprogrammet formalisert i ei innstilling som mellom anna sette opp mål, retningslinjer og vilkår for stipendinnvilgning; ei innstilling som la grunnlaget for stipendiatpolitikken i mange år framover. I dag, over 40 år seinare, er mykje det same som då. Målsettingane frå 1971 var at Noreg skulle gje opplæring på fagfelt der me hadde spesielle føresetnader for å tilby utdanning, og konsentrasjon kring desse områda var naudsynt då prosjektverksemda i norsk bistand kunne skape behov for utdanning som andre land ikkje dekkja. Innsatsen skulle også nå grupper i Sør som elles ikkje fekk tilgong på stipendmidlar. I 1981 vart det vidare slått fast at ei av målsettingane var å medverke til å gjere utanlands bistandspersonell overflødig, og i tillegg fremje framtidig internasjonalt samarbeid innan undervisning og forskning. Heile tida har kompetansebygging har vore eit mål. Sjølv om formuleringane har endra seg noko på desse åra, har den overordna

målsettinga med å bygge ut kompetansen i utviklingsland vore eins like frå starten. I dag er det formulert at stipendprogrammet skal "bidra til strategisk kompetanseutvikling innenfor offentlig forvaltning og det sivile samfunn med fokus på utdannings- og forskningsinstitusjoner, næringsvirksomhet og frivillige organisasjoner".²⁴⁶ Dagens prioriteringar i NORAD peikar spesielt ut den offentlege forvaltninga som sentral mottakar av styrka kapasitet.

NORAD har samarbeidd med fleire norske faginstitusjonar om gjennomføringa og vedlikehaldet av kursa. Sentrale institusjonar har mellom anna vore tidlegare Norges tekniske høgskule i Trondheim, som alt i 1976 fekk etablert eit kontor som berre jobba med denne slags saker. Landbrukshøgskolen på Ås er ein annan sentral og erfaren kursarrangør. Likeleis institutt for havforskning og fiskeriteknologi ved Universitetet i Bergen. Shippingakademiet i Oslo skal også nemnast mellom dei tidlege aktørane. Hovudvekta av kurstilboda var dei første åra innan tekniske fag, økonomi og helsefag, men fagtilbodet auka, og i dag er samfunnsvitskaplege og humanistiske fag også ein solid del av verksemda.

Individuelle studieprogram av både kort og lengre varighet var ein viktig del av verkemidla i starten, men på 1980-talet vart fokuset tilrådd dreia mot meir akademiske prosjektorienterte kurs og mot institusjonelt samarbeid. Eittårige diplomkurs vart også anmoda bytt ut med toårige masterkurs, og det fyrste MA-kurset vart oppretta i 1986 på Ås med opptak på kurset "Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture". I dag er alle kursa på mastergradsnivå, og i tillegg er det oppretta eit eige kulturprogram. Det har også gjennom heile perioden vore fokus på å etablere kurs i Sør, og alt i 1979 var dei fleste norskstøtta stipendiatane under utdanning i heim- eller tredjeland. I dag er det utvikla fleire masterkurs på ulike utdanningsinstitusjonar i Sør, og det eksisterar årelange samarbeidsavtalar mellom norske institutt og private og offentlege institusjonar i Afrika og Asia.

I byrjinga var elles kursa eigd av NORAD, men eigarforholda vart endra på 1990-talet. NORAD ynskte at universiteta skulle eige og drive kursa, mens dei kjøpte plassar til stipendiatar på kursa som då skulle verta ein eigen del av universiteta sin internasjonaliseringsstrategi for høgare utdanning. Ei vidareføring av denne politikken

²⁴⁶ UD: "Strategi for styrking av forskning og høgere utdanning i tilknytning til Norges forhold til utviklingslandene", januar 1999. Målsettingen vart gjenteke i 2001 då NORAD underteikna ein ny samarbeidsavtale med Universitets- og høgskolerådet (UHR) om forvaltningen av NORAD stipendprogram for perioden 2001-2005.

var at NORAD også overførte administrasjonen av verksemda til Universitetsrådet og SIU i 1998.

Omfanget av stipendiatverksemda utgjorde etter den første etableringsfasen cirka 1-2 prosent av det norske bistandsbudsjettet. Dei seinaste åra har imidlertid programmet vore prega av innstrammingar. På dei 16 åra frå 1987 til 2003 har til dømes løyvingane til stipendiatposten berre auka med 3,5 millionar kroner. Innstrammingar på talet stipendiatar har også vore ein konsekvens av den retninga programmet tok etter gjennomgang og vurdering av verksemda frå slutten av 1980-talet. I 1980 var det til dømes 178 kandidatar totalt, i 1999 deltok 134 og i 2003 var talet på stipendiatar redusert til 93. Kurstalet har derimot auka, også dei seinaste åra, noko som inneber færre NORAD stipendiatar fordelt på fleire kurs.

Dei siste åras endringar er den kanskje viktigaste årsaka til at det eksisterer ulike spenningsfelt innan ordninga i dag. Det er slåande at informantane uttrykte frustrasjon over mellom anna administrative og økonomiske aspekt ved dagens situasjon. Faginstusjonane har måtta tilpassa seg eit nytt forvaltingsorgan, med dei administrative grep og endra retningslinjer det har ført med seg. Mykje av frustrasjonen her heime er imidlertid knytt til dei stramme økonomiske rammene for Stipendprogrammet. Fleire meiner at den retninga programmet har teke, har ført til intern kiving ved lærestadane. Fleire kurs og institutt er blitt heilt avhengig av dei pengane dei får frå NORAD, og fleire fryktar for eigne arbeidsplassar.

Erfaringane til norske aktørar avdekka også iaugefallande spenningar mellom faginstusjonane og NORAD sine utestasjonar. Det er uttrykt frustrasjonar over den behandlinga potensielle og heimvendte stipendiatar møter ved Noregs representasjonar.

7.2. Kva skjer med heimvendte stipendiatar?

Kva veit så sentrale norske aktørar om kva som skjedde/skjer med dei heimvendte stipendiatane? Tilsette innan både administrasjon og undervisning av NORAD stipendiatar er einige i at stipendiatane har hausta både nyttig fagleg lærdom og viktig kunnskap på andre felt. Det er også særst positive tilbakemeldingar frå dei som har hatt kontakt med heimvendte stipendiatar på at denne kontakten vert opplevd verdfull av alle partar.

I kartlegginga og drøftinga av kva dei norske aktørane veit om heimvendte stipendiatar har me studert kompetansebygging, karriereutvikling, påverknadshøve,

stipendiatane som endringsagentar og læringsfilosofi. Indikatorane er nært knytt til kvarandre og kan skildrast som komplementære. Dei er valt ut i denne studien fordi dei gjev eit relativt breitt bilete av kva type erfaringar som fins ved norske institusjonar i høve dei kvalitative undersøkingane. I tillegg meiner me at anvisarane kan sjåast som underindikatorar av hovudmålet om å bygge kompetanse i Noregs samarbeidsland.

Informantane har på ulikt vis skaffa seg erfaringar med kva som skjer med stipendiatane, og det er dei eldre kursa som sit på det største erfaringsgrunnlaget. Dei har årelange samarbeid med institusjonar i Afrika og Asia bak seg, og norske kursarrangørar vitjar desse regelmessig. Deira erfaringar lir imidlertid noko av at det aldri har vore systematisk oppfølging av NORAD stipendiatane, trass gjentekne tilrådingar om dette i NORAD-rapportar gjennom fleire tiår med Stipendprogrammet.

Spørsmålet om kompetansebygging er elles komplekst og omhandlar effekt på institusjonelt nivå. Dei norske aktørane har fått sterke indikasjonar på at kursa medverkar til styrka kapasiteten og kompetansen ved institusjonar i Sør. Mellom anna vert kursrelevansen framheva, i tillegg til det faktum at eit fleirtal av dei spurde stipendiatane har fått nytta utdanninga si i praksis. Fleire av stipendiatane har imidlertid skifta arbeidsstad etter dei kom heim, og forflyttinga har oftast skjedd frå det offentlege til universitet og private organisasjonar. Denne kapasitetsforskyvinga, som mellom anna kan skuldast byråkratiske "flaskehalsar", bør vurderast i grundige undersøkingar av kompetansebygging spesielt og utviklingseffekt generelt, spesielt når ein har i mente at dei norske målsettingane, som sagt, er fylgt av ei klar prioritering av å styrka kompetansen i den offentlege forvaltninga. NORAD seier at styresmaktene er avhengige av å ha kompetente tenestemenn som kan vere med å bygge opp samfunnet og gje eit betra tilbod av offentlege tenestar, samt auka effektiviteten i statsforvaltninga. Me meiner kapasitetsforskyvinga frå det offentlege gjer den reelle relevansen og kompetansehevinga til ein noko usikker faktor. Ei alternativ tolking er at stipendiatane sin kunnskap kan ha like stor nytteeffekt om han/ho bruker kompetansen sin i offentleg eller privat sektor.

Det er elles fleire informantar som fortel om stipendiatar som både kjenner seg som endringsagentar og truleg også er det i praksis. Det er også ein del stipendiatar som har fått karriereopptrykk. Dette er punkt som rører ved både den institusjonelle og individuelle effekten av ordninga. Dei som har evne til å påverke gjer det ofte i kraft av sin posisjon. Dei sit i stillingar med avgjerslerett og kan slik ha sterk

innverknad og påverknadshøve både på eigen institusjon og utover denne. NORAD stipendprogram verkar altså å medverke til styrking av den faglege kapasiteten i sektorar som er relevant for vidare utvikling i landa i Sør. Den kanskje viktigaste faktoren er imidlertid den læring dei har tileigna seg. Læringsfilosofi er den indikatoren me meiner gjer stipendiaten i stand til å hevde seg i høve dei andre indikatormåla. Norske aktørar legg stor vekt på at kandidatane har utvikla seg og at dette har påverka alt i frå deira evne til å tenke sjølv i eksamenssituasjonen til at dei tek egne avgjerder når dei er komne tilbake på jobb i heimlandet. Stipendiatane får sjansen til å utvikle eit større perspektiv på eigen kultur, internasjonale tilhøve og samanhengar på mikronivå i samband med til dømes forholdet overordna/underordna. Mellom dei viktigaste gevinstane som er kome fram er auka sjølvstende, sterkare etisk og kritisk sans, evne til å inkludere nye perspektiv på prosjektarbeid heime og ikkje minst kritisk refleksjon. Det siste punktet er også understreka av både Verdsbanken og NORAD sjølv som avgjerande for utvikling. Stipendiatverksemda verkar difor også gunstig i høve til å gje personell frå utviklingsland høve til å påverke det sivile samfunnet ved å medverke til å auke fokus på etikk, likskap og profesjonalitet som tek omsyn til og inkluderar lokalsamfunna. Ved styrka kritisk refleksjon kan også stipendiatane ha effekt som agentar for å reise sosiale og etiske spørsmål i samband med framtidige design av utviklingsrelaterte problemstillingar og prosjekt.

7.3. Mangel på etterbruk og oppfølging

Dei norske erfaringane er interessante i ein diskusjon om utviklingseffekt, men spørsmålet om nytteeffekt kan lenkast mot ei meir kritisk vurdering av den norske etterbruken av stipendiatane. Mangelen på etterbruk er slåande. Me har i denne studien funne at tilsette i NORAD legitimerer den manglande etterbruken av stipendiatane med at det ikkje er individet det satsast på, men *institusjonell* kompetansebygging. Dette stemmer dårleg med det faktum at NORAD i si prioriteringsliste understrekar at utdanning er viktig også for *enkeltmennesket* og såleis er eit sentralt verkemiddel for å bekjempe fattigdom. Dette er ingen ny ide. På begynnelsen av 1990-talet vart ideen om aktiv etterbruk av stipendiatane kopla til ein ny type utviklingshjelp – meir hjelp til *globalt samarbeid* – med initiativet til tidlegare NORAD direktør Per Grimstad for å bruke stipendiatane som den ressursgruppa dei er. Han meinte at Stipendprogrammet og bruken av bistandsmidlar ville få tilført

ekstra verdi ved oppfølging og etterbruk av denne mottakargruppa. Det vart også allereie på 1970- og 1980-talet tilrådd gjentekne gonger at spesielt utestasjonane burde ha det som obligatorisk oppgåve å følge opp stipendiatane med blant anna den intensjon å gjere behovet for utanlands bistandspersonell mindre. Det er difor påfallande at eit statleg bistandsorgan ikkje iverksetter oppfølging og etterbruk i praksis. Det er imidlertid ein iaugefallande rundgang av saker som innan denne ordninga som kan tyda på svakt institusjonelt minne. Dei i hovudsak same problemstillingane har med ujamne mellomrom vorte trekt fram, med i tillegg langt på veg samanfallande tilrådingar som ikkje har vorte fulgt opp i særleg grad. Dette er spesielt tilfelle angående oppfølging og etterbruk.

Stipendiatane har også meldt frå til norske aktørar at dei saknar kontakt så vel som oppdrag. Dei vert i realiteten forbigått av personell henta frå Noreg. Spørsmålet er om ordninga er for lita i det store systemet, og likeleis om den – trass gode intensjonar – i alt for stor grad har vore eit verkemiddel for norsk utdanningspolitikk. Det faktum at Stipendprogrammet synes å ha hatt sin eigen dagsorden og dynamikk, legitimerer denne slags spørsmål.

KJELDER

DECO: "Regionale kurs i utviklingsland". April 1994.

Dejene, Sileshi and Waktola, Aregay: "Educating change agents: the contribution of the agricultural university of Norway (NLH) in Ethiopia and Eritrea". Draft, 2002.

Jamil, Ishtiaq: "Higher education and development: A tracer study on knowledge production and knowledge transferability," Draft. UiB 2003.

Jiunju, Emmanuel: e-post til Hilbjørg Sandvik, NTNU. 25. september 2003.

Halvorsen, T, Havnevik, K. J, og Simensen T.: "Gjennomgang og vurdering av kurs innen NORADs stipendprogram". Rapport til Universitetsrådets styre for NORADs stipendprogram, 5. mai 2000.

McNeill, Desmond, Lexow, Janne and Wirak, Anders Helge: "Review of Diploma Courses financed by the MDC/NORAD. Final Report", DECO Oslo 1988.

NLH International Student Office: "Studying at the Agricultural University of Norway. Information for International Students", 2002.

Noonan, Tony og Sandvei, Bård: "Studietur til India og Sri Lanka", Shippingakademiet, Oslo.

NORAD: "Gjennomgang av Opplæringsposten. Rapport fra fase 1 (utkast)." Kontoret for Utdanning og Institusjonsutvikling NORAD. September 1994.

NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: Pressemelding fra informasjonstjenesten

NORAD 16/3-1972: "NORAD stipendiatvirksomhet gir impulser begge veier".

NORAD: "Om bruk av opplæringsmidler til videreutdanning", til behandling i Direksjonen 21.10.1987.

NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen, "NORAD's stipendiatvirksomhet", 24.september 1981.

NORAD: "Norske og utenlandske bistandspolitiske retningslinjer – bistand til høyere utdanning, opplæring og kursvirksomhet", av UNESCO kommisjonen v/ Anne Welle-Strand, 1994.

NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen: "NORAD's stipendiatvirksomhet", 24. september 1981.

NORAD: "Nettverk for tidligere NORAD stipendiater", Bård Sandvei, 1994.

NORAD 531.311: "Notat fra UTD/arbeidsgruppen til Per Ø. Grimstad: Nettverk for tidligere stipendiater – fase 1", datert 8. desember 1994.

NORAD 531.311: Brev frå Bård Sandvei til Dir. Per Ø. Grimstad, juni 1994.

NORAD 531.311: "Notat fra UTD: Nettverk for tidligere NORAD-stipendiater – etablering av arbeidsgruppe", datert 9. august 1994,

NORAD 531.311: "Notat fra UTD/arbeidsgruppen til Per Ø. Grimstad: Nettverk for tidligere stipendiater – fase 1", datert 8. desember 1994.

NORAD: "Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om NORADs stipendprogram", Signert 29. juni 1998.

NORAD 824.33: "Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om NORADs stipendprogram". 1/7-1998.

NORAD. Generelt: "Direktoratet – Stipendiat- og kursvirksomheten – Helårsoversikt 1973", 30/11-1973.

NORAD. Utkast til styredokument: "Melding om Stipendiat- og kursvirksomheten". Rannveig Andersen-Rysst, 1. februar 1979.

NORAD: Notat til avdelingssjef A. E. Sørensen fra Kontorsjef Rannveig Anderssen-Rysst: "Kommentar til notat av 7. august 1981 fra spesialrådgiver Karl Skjerdal "Om NORAD's stipendiatvirksomhet". 16. september 1981.

NORAD. "Rapport fra konferanse om bistand til høyere utdanning og institusjonsutvikling finansiert av Departementet for utviklingshjelp/NORAD." (Rica Hotell, Sandvika 26.-27.10.1988). Kontoret for utdanning og stipendiatvirksomhet, NORAD.

NORAD: NORADs stipendprogram samrådsmøte: "NORADs retningslinjer for opptaket". Møtedato: 04.02.2002.

NORAD: NOTAT til ambassadene fra FAG/UFK: "NORADs stipendprogram: anmodning om innspill til bistandsrelaterte relevanskriterier for valg av nye master/diplomkurs, høsten 2004". Dato: 10.01.03.

NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen: "NORAD's stipendiatvirksomhet", 24. september 1981.

NORAD Informasjonstjenesten: *Connexion*. A NORAD Fellows Network Bulletin. 1995.

NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: Notat, "NORAD Stipendiatvirksomhet", 1973, s. 11a.

NORAD: "Melding om Stipendiat- og kursvirksomheten 1978", s. 9. Oslo, 1. februar 1979. Rannveig Andersen-Rysst.

NORAD 700.0 Generelt 1969-1974: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", 24/11-1971.

NORAD: "Rapport – Arbeidsseminar om bruk av NORAD-stipendiater som ressurs". Trondheim 3. juni 1993.

NORAD: "Organisering av NORADs støtte til forskning og universiteter", s. 38. Rapport fra intern arbeidsgruppe 29.juli 1999.

NTNU: "Report from Institution visits in Bangladesh Oct. 6-10 2003", Ragnhild Lund and Jorunn Reitan, Department of Geography and coordinators of MPhil of Social Change, NTNU.

NTNU: "Rapport fra studiereise til Tanzania 18.11-2.12 1992". Av Turid Bræk, sosialsekretær.

NTNU: "Annual Report, NORAD-sponsored courses. M.Sc, M.phil., and Diploma Programme and Institutional Development". 2001.

NTNU: Hydropower Development: Evaluations 2000.

NTNU: "Innstilling og anbefalinger fra Evalueringsgruppen for M.Phil. in Social Change", mai 1999.

Paulsen, Kristin Holst: "Reiserapport fra Uganda", Senter for Utviklingsstudier UiB, november 2003.

SIU: "Årsrapport 2002. NORADs stipendprogram". Dokumentserien nr 2/2002, s. 7.

SIU 321.02: NORAD stipendprogram samrådsmøte: "Diskusjonssak – samordning av kvote- og NORAD stipendprogram etter Flatin-utvalgets forslag", Møtedato: 22.01.2002.

Syrstad, Ola: "Mat, miljø og utvikling. U-hjelpens historie ved Noregs landbrukshøgskole 1964-1990", NORAGRIC/Noregs landbrukshøgskole.

Tjeldvoll, Arild (ed.): "Education as Development Aid – a seminar report", University of Oslo, 1993.

UD: "Strategi for styrking av forskning og høyere utdanning i tilknytning til Norges forhold til utviklingslandene", januar 1999. Målsettingen vart gjentatt i 2001 då NORAD undertekna ein ny samarbeidsavtale med Universitets- og høgskolerådet (UHR) om forvaltningen av NORAD stipendprogram for perioden 2001-2005.

KJELDER FRÅ INTERNETT

UFD: "Rapport fra arbeidsgruppe for evaluering av støtteordningen i Statens lånekasse for studenter fra utviklingsland og Sentral- og Øst-Europa". Oslo, 20. april 2001. <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/rapporter/014001-220011/index-hov006-b-n-a.html>

"Akademiker og byråkrat": http://www.uib.no/elin/elpub/ph/08-97/2_2.html , På Høyden 1997.

"Utanlandsstudentar vert ordinære studentar": http://www.uib.no/elin/elpub/ph/15-97/3_1.html , På Høyden 1997.

LITTERATURLISTE

Gabrielsen, Elin Vally: *Hjelp til de fattigste? Norsk bilateral bistand til høyere utdanning og forskning i u-land 1960-1995*. Hovedoppgåve, Universitetet i Oslo, Historisk institutt, 1999.

Halvorsen, Kate: "The Role of Education in Norwegian Development Aid", i *Forum for utviklingsstudier* 1990 (2), s. 249-265, 1990.

Hetland, Atle: "The NORAD fellowship programme for students from developing countries", i *U-landsseminarets skriftserie*. Oslo, 1980.

Hestås Minken, Jannicke: *De kom for å bli kunnskapsbærere. NORAD-stipendiatkurs ved Norges Landbrukshøgskole 1970-1999*. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2002.

Liland, Frode og Kjerland, Kirsten Alsaker: *1989-2002: På bred front. Norsk utviklingshjelps historie, bind 3*, Fagbokforlaget, 2003.

Ruud, Arild Engelsen og Kjerland, Kirsten Alsaker: *1975-1989: Vekst, velvilje og utfordringer. Norsk utviklingshjelps historie bind 2*. Fagbokforlaget, 2003.

Samer al-Samarrai and Paul Bennell: *Where has all the education gone in Africa? Employment outcomes among secondary school and university leavers*. Institute of Development Studies at the University of Sussex, 2003.

Simensen, Jarle: *Norge møter den tredje verden. Norsk utviklingshjelps historie bind 1*. Fagbokforlaget, 2003.

Vedeld, Pål: "Some piece of cake! Crafting Interdisciplinarity in Teaching in Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture – experiences from an M.Sc. Programme in Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture from the Agricultural University of Norway", 2002.

ANDRE RELEVANTE KJELDER

NORAGRIC:

Årsrapport 2000, 2001, 2002

Strategic Plan, 2002-2007

Refsdal, Trygve, Brock-Utne, Birgit og Lexow, Janne: "Review of Diploma Course and M.Sc. Programme *Management of Natural Resources and Sustainable Agriculture*", Final Draft Report from the Review Team to NORAD's Education Division, December 1994.

Andersen, Ingunn: "Project Report. MNRSA Network Pilot Project, autumn 1998, Nepal and Tanzania", april 1999.

FONAREM brosjyre (nettverk i Nepal): Forum of Natural Resource Managers.

Evaluering av tidlegare MNRSA stipendiatar. Utfylte spørreskjema.

Boddens-Hosang, Joanna A. A. (ed.): "Learning from the Past, Looking to the Future: NORAGRIC/NLH's partnerships with universities in Africa". NORAGRIC Report No. 15, August 2003.

NTNU:

Liste over samarbeidsinstitusjonar og diverse studentevalueringar.

Direktoratet for utviklingshjelp, "Avtale med Universitetet i Trondheim", 1973.

Sterten, Berit: "Dagboksnotater fra en reise i Afrika", 1992.

Sterten, Berit: "Dagboksnotater fra en studiereise i Asia", 1997.

VEDLEGG

VEDLEGG 1: Førande utviklingsteoriar og norsk bistandspraksis 1960 - 2000

Kva har vore dei førande vindretningane innan norsk bistandpolitikk 1960-2000, og korleis samsvarer stipendiatordninga med den generelle bistandsstrategien? Dette er blant spørsmåla me kort vil undersøke her for å setje stipendiatverksemda som bistandsform inn i den generelle norske bistandskonteksten.

Med grunnlag i bistandspolitiske Stortingsmeldingar i perioden synes tilknyttinga til moderniseringsteoriar å vere sterkt tilstades på 1950- og 1960-talet, medan avhengighetsteoriar kjem til syne på 1970-talet. På 1980- og 1990-talet er Stortingsmeldingane i varierende grad prega av begge retningane.

Det som kjenneteiknar moderniseringsteoriane var økonomisk vekst som den viktigaste faktor for utvikling. Paradigmet innebar ein ide om at store kapitalinvesteringar i utviklingsland ville føre til ei tilsvarande utvikling og modernisering som i vestlege land. I dette låg det ei sterk tru på at menneskelege ressursar, i all hovudsak gjennom vitskap og teknologi, kunne bidra til økonomisk utvikling. "Human-kapital" var eit nytt omgrep i denne samanhengen, og ein sentral tanke var at investering i både individ og samfunn var viktig for eit lands utvikling. Denne tankegangen influerte både Verdsbanken og FN-systemet i deira bistandsstrategi, og det er likeeins funne sannsynleg at teorien påverka norsk bistandspolitikk slik den blir presentert i dei ulike bistandsmeldingane.²⁴⁷

i. 1960-talet

Me ser at dei same teoriane vart nytta som hovudargument for den norske bistanden til høgare utdanning i utviklingslanda på 1960-talet. Kunnskapsmangel vart mellom anna trekt fram i bistandsmeldinga: "Innstilling om den vidare utbygging av norsk bistand til utviklingslandene" (1966).²⁴⁸ Meldinga, kalla "Onarheim-utvalget", peika på at kunnskapsmangel var eit stort hinder for økonomisk vekst, og fokuset vart såleis sett på som fremjande tiltak innan helse, administrasjon og skule. Personellutvikling vart hovudverkemiddelet for å bygge opp den faglege kompetansen ved institusjonar i Sør,²⁴⁹ og det skulle mellom anna gjerast ved

²⁴⁷ Gabrielsen, Elin Vally: *Hjelp til de fattigste? Norsk bilateral bistand til høyere utdanning og forskning i u-land 1960-1995*. Hovedoppgåve, Universitetet i Oslo, Historisk institutt. 1999.

²⁴⁸ Hestås Minken, Jannicke: *De kom for å bli kunnskapsbærere. NORAD-stipendiatkurs ved Norges Landbrukshøgskole 1970-1999*, s. 20. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2002.

²⁴⁹ Omgrepet Sør er omdiskutert, men då det er kjent og mykje nytta i bistandssamheng vil Sør verta nytta her som ein variasjon til omgrepet 'utviklingsland'.

tildeling av stipendier. Norsk bistand på 1960-talet var altså prega av ei positiv tru på utviklingseffekten av utdanning og opplæring. Den vestlege verda kunne bidra med kompetanse og kapital, og det var i ein slik tankegang naturleg å hente studentar til Europa for å auke utviklingslanda sin kompetanse. Dette var tankar som også fekk tilslag hjå styresmaktene hjå utviklingslanda, som også tilsynelatande sette sin lit til at teknologi- og kunnskapsoverføring utanfrå var løysinga.²⁵⁰

I samband med "Onarheim-utvalget" og fokuset på "human-kapital" vart stipendiatverksemda teke eit skritt vidare. Talet på stipendiatar auka kraftig i løpet av 1960-talet, og det vart utvikla eigne stipendiatkurs innan satsingsområde som industri, teknologi, helse og økonomi. Fokuset var på høgare utdanning då grunnutdanning vart sett som utviklingslanda sitt eige ansvar.

På 1960-talet var altså den generelle norske utviklingsstrategien samstemt med stipendiatverksemda som bistandsform. Bistandens fokus på moderniseringsteoriar og trykk på økonomisk vekst gjennom kompetanse- og teknologiutvikling såg svært positivt på utdanning og opplæring av personell i utviklingsland som eit sentralt verkemiddel. Stipendiatverksemda avveik likevel frå den generelle bistandspolitikken frå byrjinga av 1970-talet.

ii. 1970-talet

Stortingsmelding nr. 29 frå 1971/72 kom i etterkant av den fyrste radikaliseringa som hadde funne stad innan bistandsdiskursen.²⁵¹ Radikaliseringa vaks fram i takt med ei auka erkjening og kjennskap til korleis dei strukturelle tilhøve i verdsøkonomien påverka utviklingslanda. Oljekrisa i 1973 var eitt døme på økonomiske tilhøve som var kritisk for utviklingslanda. I kjølvatnet av dette vart det framsett krav om politiske reguleringar av verdshandelen, og særleg FN var aktiv i denne prosessen.²⁵² Fokuset på økonomisk vekst vart på 1970-talet erstatta med å understreke dei fattigaste befolkningsgruppene i utviklingslanda. Både Stortingsmelding nr. 29 og den neste meldinga, nr. 94 i 1974/75: "Om Norges økonomiske samkvem med utviklingslandene" la vekt på fordelingsperspektivet, ei auka satsing på utviklingslanda sine primære behov og det som er vorte kalla konsentrasjonsprinsippet; bistand avgrensa til enkelte hovudsamarbeidsland. I norsk

²⁵⁰ Gabrielsen 1999, s. 154.

²⁵¹ Hestås Minken 2002, s. 25f.

²⁵² Det vart mellom anna framsett krav om ei Ny Økonomisk Verdensordning (NØV). Hestås Minken 2002, s. 26.

utviklingslandspolitikk vart no handel og industrielt samarbeid vurdert som det viktigaste for å sikre utvikling i Sør, og bistand kom mindre i fokus. Hovudmålet var å hjelpe dei fattigaste og at u-hjelpa såleis skulle medverke til utvikling av dei breie lag av folket.

Gabrielsen karakteriserer 1970-talet som ein periode for kritikk og sjølvransaking.²⁵³ Den gamle veksttankegangen i norsk bistand vart lagt vekk så tidleg som i 1971, med Stortingsmelding nr. 29, og då melding nr. 94 kom nokre få år seinare var oppgjeret med tidlegare utviklingsteoriar eit faktum.

Avhengighetsparadigmet avløyste moderniseringsteoriane, noko som markerte at manglande utvikling i Sør no vart forklart ut i frå ytre strukturelle årsaker. Dette førte til at ein ynskte å leggja hovudvekt på å hjelpa utviklingslanda til å bli sjølvhjelpne og uavhengige av verdsmarknaden. Frå norsk side vart det difor understreka at utviklingslanda måtte leggja meir vekt på å auke sin sjølvstendige forskingskompetanse, og ikkje la vestlege land ukritisk overføre sine forskingsresultat til Sør.²⁵⁴

Stipendiatorordninga var på slutten av 1960-talet ei etablert ordning, og den vart formalisert på byrjinga av 1970-talet i ei innstilling som vurderte og anbefalte prinsipp for verksemda på grunnlag av erfaringane med stipendiatorordninga.²⁵⁵

Stipendiatverksemda vart fremma med stor merksemd og interesse i dette tiåret, og vart ført vidare på 1970-talet med ei auka støtte til eigne organiserte stipendiatkurs i Noreg i tillegg til meir støtte til studiar i heim- og tredjeland. Dette var i samsvar med den allereie påbegynte politikken frå 1960-talet, og dei nye utviklingsteoretiske retningane. Avhengighetsteoriane som dominerte utviklingsdebattane og Stortingsmeldingane på 1970-talet var likevel ikkje einerådande innan stipendiatorordninga, og verksemda falt i nokon grad på sida av dei generelle retningslinjene for norsk bistand som la vekt på fattigdomsorientering, velferd for massane, mottakarorientering, primær behov og ei satsing på hovudsamarbeidsland. Noreg let til dømes NORAD stipendprogram formelt vere unnateke frå konsentrasjonsprinsippet. Stipendiatorordninga hadde heilt sidan starten tilgodesett kandidatar frå eit stort antal land, og dette fekk fortsette sjølv etter Stortingsmelding nr. 29. Gabrielsen hevdar at dette også gav ei opning for at stipendiatorordninga kunne

²⁵³ Gabrielsen 1999, s. 157.

²⁵⁴ Ibid, s. 158.

²⁵⁵ NORAD 700.0: "Innstilling fra utvalget for vurdering av NORAD's stipendiatvirksomhet", 24/11-1971.

vike, og faktisk veik frå hovudorienteringa innan norsk bistand på 1970-talet, nemleg fattigdomsorienteringa.²⁵⁶

Ved å satsa på fattigdom ynskte ein å auke det store fleirtalet si velferd, og difor vart konsentrasjonsprinsippet sentralt for å sikre at bistanden gjekk til dei fattigaste landa med regjeringar som førte ein rettferdig sosial politikk som auka sjansane for at bistandstiltaka nådde dei fattigaste delane av folket. Bistand til høgare utdanning såg ut til å stå i motsetning til desse retningslinjene, då det fyrst og fremst er den ressurssterke delen av befolkninga som studerer på universitetsnivå. Korleis kunne då norske styresmakter legitimere ei auka satsing på stipendiatverksemda på 1970-talet? Dåverande kontorsjef Rannveig Andersen-Rysst som leia NORAD Stipendiatkontor uttalte i ei pressemelding i 1972 at det gav ringverknader å satse på akademikarar og ferdig utdanna fagfolk då deira kunnskapar ville nå mange menneske både direkte og indirekte.²⁵⁷

Motivforklaringar er mellom problemstillingane som har vorte stilt i samband med norsk bistandspolitikk. Var det idealisme eller eigeninteresser og realpolitikk som styrte stipendiatdelen av norsk bistand? Det kjem mellom anna fram i *Norsk utviklingshjelps historie* at norske interesser vart forankra i utviklingshjelpen allereie på 1970-talet.²⁵⁸ Ein kombinasjon er nærliggande som forklaringsmodell. Bak den breie orienteringa innan stipendiatordninga var det forklaringar av både utanrikspolitisk og praktisk art. Eigeninteresser kjem til syne særleg i det utanrikspolitiske der stipendiatordninga vart nytta som ei opning for å utvide kontakten mellom Noreg og land som elles ikkje var kvalifisert til å ta i mot andre former for norsk bistand.²⁵⁹ Andersen-Rysst bekrefta dette i pressemeldinga frå 1972 på spørsmål om tanken bak NORAD stipendiatverksemd:

"NORAD-stipendier tilbys et stort antal land. De fleste av disse mottar kun denne ene formen for norsk utviklingshjelp, og en får derved en viss kontakt med land en ellers ikke driver utviklingsarbeid i. () Det kan også ha noe å si at stipendiatene får et innblikk i norske samfunnsforhold. Dette kan føre til bredere kontakflate mellom våre land og gi impulser begge veier."

Stipendietildelinga vart såleis også eit utanrikspolitisk tiltak for å skape gode samband med andre land. I tillegg kan ein argumentere for at idealisme og altruisme var

²⁵⁶ Ibid, s. 101f.

²⁵⁷ Norad 700.0 Generelt 1969-1974: Pressemelding fra informasjonstjenesten Norad 16/3-1972: "NORAD stipendiatvirksomhet gir impulser begge veier".

²⁵⁸ Simensen, Jarle: *Norge møter den tredje verden. Norsk utviklingshjelps historie bind 1*, s. 132f.

Fagbokforlaget 2003.

²⁵⁹ ibid, s. 102.

delvis drivkraft bak den breie landorienteringa. Noreg hadde kapasitet til å ta i motstipendiatar utover det behovet hovudsamarbeidslanda hadde, og det legitimerte at andre land fekk høve til opplæring av kvalifiserte kandidatar. Gabrielsen hevdar likevel at det ideelle aspektet i bistanden var underordna når fattigdomsorienteringa vart tilsidesett.²⁶⁰

Allereie nokre få år etter unntaket frå konsentrasjonsprinsippet tok NORAD til orde for å i større grad fylgje det likevel. Årsaka var at den breie landorienteringa resulterte i eit stadig større stipendiatbudsjett og det vart også problem med å vurdere kvaliteten og effekten av ordninga. NORAD ynskte ei meir selektiv utveljing av kandidatar frå eit avgrensa antal land også fordi det ville forenkla arbeidet med å tilpasse norsk undervisning til stipendiatanes studiebehov. Trass i NORAD sitt uttalte ynskje om å tilpasse ordninga til konsentrasjonsprinsippet stod unntaket fast i alle år, noko som førte til at det frå 1970-åra og ut heile 1990-talet vart delt ut stipend til land som Noreg elles ikkje prioriterte i bistandssamanheng. Gabrielsen nevner tilfeller med tildeling av stipend til Irak, Iran, Israel, Jordan og europeiske land som påfallande brot på fattigdomsorienteringa i norsk bistandspolitikk.²⁶¹ Når norske styresmakter gav desse landa bistandsmidlar kan det tyde på at eit godt politisk samband med landa var viktigare enn omsynet til at stipendiatverksemda skulle vere bistands- og fattigdomsrelatert.

iii. 1980-talet

På 1980-talet var det politiske grunnlaget for bistand sterkt. Dette kjem til syne mellom anna ved ein stadig auke i bistandsmidlar som ved inngangen til 1980-åra utgjorde over ein prosent av BNP. Det sterke fokuset på bistanden kan også illustrerast ved at verksemda fekk sitt eige departement i 1984, Departementet for Utviklingshjelp (DUH) i tillegg til at NORAD fortsette å eksistere.

Målsettingane for den generelle bistanden var stort sett dei same som på 1960- og 1970-talet, og bistandspolitikken vart argumentert ut i frå ei blanding av moderniseringsteoriar og avhengighetsparadigmet. Kjenneteiknet på 1980-talets bistand er ei auka vektlegging av modernisering og økonomisk vekst i tillegg til eit endå sterkare trykk på at bistanden skulle rettast mot dei fattigaste delane av befolkninga. Willoch-regjeringa si prinsippmelding frå 1984 understreka

²⁶⁰ Gabrielsen 1999, s. 64.

²⁶¹ *ibid.*, s. 104

fattigdomsorienteringa særleg.²⁶² Miljøvern, kvinnebistand og bærekraftig utvikling var også sentralt i norsk bistandsstrategi slik den vart framstilt i Stortingsmeldingane på 1980-talet. Norsk næringsliv vart også tilgodesett i desse meldingane, og då mellom anna ved at norske produsentar av varer og tenester skulle føretrekkast sjølv om prisane var høgare enn hjå konkurrentar. Norske utviklingslandsinteresser prioriterte med andre ord, som antyda ovanfor, også ei norsk hjelp til mellom anna næringslivet som hadde sterke ønskje om å delta i den tredje verda.²⁶³

Mottakarorientering vart framleis understreka, men nytt i dette tiåret var at norske styresmakter sine målsettingar skulle vege tyngst om dei var i konflikt med mottakerlandet sine prioriteringar.²⁶⁴

Det skjedde elles endringar på det strukturelle og organisatoriske planet i norsk bistand. I departementsstrukturen vart DUH avvika i 1989 etter berre nokre få leveår. I tillegg gjekk NORAD, som på midten av 1970-talet, gjennom ei ny omorganisering. Det gamle "Stipendiatkontoret" vart mellom anna nedlagt i 1986 og erstatta med "Kontor for utdanning og stipendiatvirksomhet". NORAD uttrykte i den samanheng at dei med det nye kontoret la eit organisatorisk grunnlag for både å utvikle og forvalte ei heilheitleg strategi for utdannings- og opplæringsbistanden frå Noreg.²⁶⁵

Stipendiatorordninga fekk framleis mykje merksemd på byrjinga av 1980-talet. Det vart mellom anna påpeika at stipendiatverksemda skulle følgje dei generelle retningslinjene som gjaldt for norsk bistand ved å tilby ei opplæring som søkte å nå dei dårlegast stilte og då særleg kvinner.²⁶⁶ Det kom elles forslag om endringar i opplæringsform og verkemiddel som fyrst vart forankra nokre år seinare då den positive merksemda kring stipendiatorordninga endra seg. NORAD ynskte ei grundigare vurdering av ordninga i høve til den generelle bistandsstrategien, og difor vart det engasjert ei konsulentverksemd som skulle undersøke stipendiatorordninga. I 1988 kom resultatet, med fleire heller alvorlege konklusjonar. Det vart mellom anna påpeika at stipendiatorordninga på mange måtar ikkje nådde dei mål som var sett korkje for enkeltkurs eller for bistanden generelt.

²⁶² *ibid*, s. 54.

²⁶³ Simensen 2003, s. 132f.

²⁶⁴ Hestås Minken 2002, s. 37.

²⁶⁵ NORAD: "Om bruk av opplæringsmidler til videreutdanning", til behandling i Direksjonen 21.10.1987, s. 3.

²⁶⁶ NORAD: Notat til Direksjonen fra P&S avdelingen, "NORAD's stipendiatvirksomhet", s. 2. 24.september 1981.

Stipendiatorordninga kom altså under lupa i høve til resten av norsk bistand, og resultatet var at det på slutten av 1980-talet vart motteke færre stipendiatar enn tidlegare; frå rundt 400 stipendiatar årleg fram til 1983 og ned til 113 deltakarar på diplomkursa i 1988.²⁶⁷ Utviklinga vert også illustrert i NORAD sine årsmeldingar. På 1970-talet vart stipendiatorordninga via stor plass i årsmeldingane med eige kapittel, medan merksemda minka på slutten av 1980-åra. Jannicke Hestås Minken har også funne at mengda arkivmateriale om stipendiatorordninga vart mindre på slutten av 1980-talet.²⁶⁸ Denne utviklinga fortsette inn i 1990-åra.

iv. 1990-talet

Stortingsmelding nr. 51 (1991/92): "Om utviklingstrekk i Nord-Sør forholdet og Norges samarbeid med utviklingslandene" fastslo at bistandsarbeid var vanskelegare enn tidlegare forventa. Det vart likevel hevda, i tråd med den framleis sterke fattigdomsorienteringa, at ei oppretthalding av både nivå og status av bistanden var naudsynt for å sikre dei fattigaste landa tilgang på kapital og teknologi.²⁶⁹ Nokre prinsipp, som bærekraftig utvikling og mottakarorientering, vart vektlagd langt sterkare enn før, men elles var bistandsmåla for 1990-talet kjenneteikna ved kontinuitet frå tidlegare tiår. Kompetansebygging og institusjonsutvikling vart lansert som hovudpunkt for 1990-talets bistandsarbeid, og dette vart knytt direkte til tidlegare NORAD direktør Per Øyvind Grimstad si utvikling av Norgesaksen.²⁷⁰

På 1990-talet vart fleire av McNeill-rapporten sine tilrådingar implementert, og fleire endringar i verkemiddel og omfang vart innført. Fokuset gjekk i frå eittårige diplomkurs som opplæringstiltak til toårige masterkurs. I tråd med vurderinga av kursa i høve til generelle bistandsmål, vart det også trappa ned på antal kurs. Stipendiatverksemda vart slik svekka i omfang og betydning, men trass uklare retningsliner for utdanningsbistand vedgjekk NORAD at opplæringstiltak var naudsynt for at bistandsprosjekt skulle lykkast, og argumentasjonen gjekk særleg ut på at institusjonsutvikling og mottakaransvar var viktige oppgåver for det norske bistandsarbeidet.²⁷¹

²⁶⁷ Hestås Minken 2002, s. 40

²⁶⁸ *ibid.*, s. 41.

²⁶⁹ *Ibid.*, s. 44.

²⁷⁰ Liland, Frode og Kjerland, Kirsten Alsaker: *1989-2002: På bred front. Norsk utviklingshjelps historie, bind 3*, s. 159. Fagbokforlaget, 2003. Norgesaksen involverte norske offentlege institusjonar og private organisasjonar meir direkte i samarbeidet med utviklingslanda.

²⁷¹ Gabrielsen 1999, s. 167.

Anne Welle-Strand vurderte i 1994 korleis Stortingsmelding nr. 51 og NORAD sine strategidokument for 1990-åra formulerte retningslinjene for bistand til høgare utdanning. Hennar oppsummering synar at den påbegynte nedtrappinga og minkande merksemda til utdanningsbistand frå slutten av 1980-åra absolutt var gjeldande på 1990-talet.²⁷² Dette kan synast i strid med lanseringa av kompetansebygging og institusjonsutvikling som kjernen i Noregs bistand på 1990-talet. Det faktum at *Norsk utviklingshjelps historie* (bind 3) vier liten plass til dette syner den minimale betydninga av stipendiatverksemda. Dette signaliserer bistandsstyresmaktene sine vurderingar av kva som var det tradisjonelle verkemiddelet for å bygge opp kompetanse i Sør. Fagleg bistand var i Noreg meint som den viktigaste forma for institusjonsutvikling og kompetansestyrking i utviklingslanda. Fagleg bistand vil seie at norske ekspertar vart sendt til utviklingsland for å drive opplæring eller for å gjere ein jobb. Dette verkemiddelet fekk massiv kritikk på 1990-talet på grunn av manglande effektivitet. Kompetansebygging i norsk bistand vart deretter knytt, ikkje til stipendiatverksemda i særleg grad, men mot å kople norske aktørar meir systematisk til motparten i utviklingsland. *Norsk utviklingshjelps historie* viser til dømes at det norske vegdirektoratet kunne knytast opp til det tanzanianske samferdselsdepartementet.²⁷³

Den siste delen av 1990-talet representerte altså ein del endringar for stipendiatordninga. Organisatorisk gjekk NORAD på ny i gjennom fleire interne omorganiseringar som også påverka stipendprogrammet. Innholdsmessig vart formålet med ordninga no formulert i samsvar med øvrige bistandsmål. Hovudmålet var å bidra til strategisk kompetanseutvikling innan offentleg forvaltning og det sivile samfunnet, og institusjonell forankring i samarbeidslanda vart altså vektlagt meir. Dette var ikkje noko radikalt nytt, men det var derimot den nye dreininga mot ei slutt for eigne stipendiatkurs. NORAD ynskte ikkje lenger å eige kursene, men heller kjøpe plassar på integrerte kurs.²⁷⁴ Kursa skulle no vere opne for andre studentar enn NORAD-stipendiatar. Det vart eit mål at kursa skulle vere ein integrert del av det faglege og sosiale opplegget ved dei norske undervisningsinstitusjonane. Det førte til at tidlegare praksis, der midlane frå NORAD vart retta direkte til institutta, no vart bestemt erstatta med ei ordning der universiteta sentralt vart involvert. Forvaltninga

²⁷² Norad: "Norske og utenlandske bistandspolitiske retningslinjer – bistand til høyere utdanning, opplæring og kursvirksomhet", av UNESCO kommisjonen ved Anne Welle-Strand, 1994.

²⁷³ Liland og Kjerland, 2003, s. 160f.

av stipendprogrammet vart også lagt ut av NORAD, då Universitetsrådet ved SIU overtok forvaltningsansvaret 1. juli 1998 med avtale om å drive verksemda "i samsvar med til enhver tid gjeldende norsk bistandspolitikk".²⁷⁵ Denne endringa markerte også at stipendiatordninga formelt vart ein større del av norsk utdanningspolitikk og dermed eit viktig verkemiddel i norske faginstitusjonar sin internasjonalisering politikk.

Stipendiatverksemda i perioden 1960 og fram til i dag har tilsynelatande hatt ein eigen dagsorden og dynamikk trass vektlegginga på å samsvare stipendiatverksemda med øvrig bistand dei siste par tiåra. På grunn av at stipendiatverksemda vart unnateke frå konsentrasjonsprinsippet har det gjentekne gonger vore diskutert kor vidt ordninga har brote med hovudorienteringa innan norsk bistand: fattigdomsorienteringa.

²⁷⁴ Hestås Minken 2002, s. 49.

²⁷⁵ NORAD 824.33: "Avtale mellom Direktoratet for utviklingshjelp og Det norske universitetsråd om NORADs stipendprogram". 1/7-1998.

VEDLEGG 2: Kurs i Sør eller i Noreg?

"Jeg pleier å spørre studentene om de heller ville hatt kurset i hjemlandet slik at de slapp å reise så langt unna, særlig i forhold til det med familie. Da sier de at uansett vil de heller reise ut og få internasjonal erfaring. Bare det å ha vært ute i to år som her på masterkursene, det betyr veldig mye når de kommer hjem igjen i forhold til at de har utenlandske kontakter. Det er ikke bare fagene og kursene de er ute etter når de drar ut, det er også en veldig høy stjerne for dem når de kommer tilbake. Det er entydige reaksjoner på det fra studentene, jeg har aldri hørt noen som har sagt at de vil ha kurset hjemme".²⁷⁶

"Det er viktig å ha dette kurset i Norge for at de skal få et annet syn og holdning til korrupsjon og juks. Jeg tror det er veldig nyttig at de lærer seg at det ikke går an å gå inn til noen her og betale dem noen penger".²⁷⁷

"For de aller fleste av kandidatene ligger det en helt annen prestisje i å ha en eksamen fra en institusjon i nord enn eksamen hjemmefra. Det blir heller ikke så mye billigere å ha kurs i Sør dersom du skal lage et reelt kurs i Sør og ikke bare støtte et kurs ved en bestemt institusjon. Dette er fordi du må ha et tilstrekkelig antall månedsværk av nord-forskere som foreleser og veileder i Sør. Og det er kostbart. Så vi ser jo at enkelte av de Sør kursene som NORAD betaler for er omtrent like dyre som i nord. En annen faktor er at i det øyeblikket du ønsker å legge kurs til Sør vil den institusjonen foretrekke den institusjonens studenter og i alle fall den nasjonens studenter. Det blir ikke lenger den type kurs vi ønsker der man smelter sammen studenter fra forskjellige land og kontinenter. Det blir heller en ren støtte til en institusjons interne virksomhet. Du mister både kultur- og ambassadøreffekten".²⁷⁸

"Jeg tror det er viktige akademiske elementer som også blir borte ved å flytte kurs til Sør. I akademisk sammenheng er det viktig å få en kritisk masse, og du får vel utvidet den kritiske massen når du har et samvirke mellom nordmenn og de fra Sør. Det blir større mangfold og balanserte synspunkter ved å utvikle en kritisk masse. Jeg tror at selv om de sosiale og kostnadsmessige aspektene er annerledes, tror jeg at både vi fra nord og de fra Sør drar fordel av kurs i nord av slik grad som nevnt".²⁷⁹

"Jeg har snakket med hun som er den ansvarlige professoren her om fordelene med å ha kurs i Norge. Hun sa at vi har en helt annen tradisjon for kritisk kunnskap her i Norge, spesielt i samfunnskunnskapene. Studentene er ofte frustrerte i starten fordi det er ikke noen eksakte svar. De kan ikke foreberede seg til eksamen ved å bare lese bok og kopiere den på eksamen. De må gjøre seg sine egne refleksjoner. Det tror jeg vi har en helt annen mulighet til å gjøre her enn i Sør. Det at de opparbeider seg en stor grad av selvrefleksjon og kritisk sans til sitt eget system er viktig. De blir tvinget til det gjennom vårt system og eksamensformen vår med hovedoppgave. De har også en helt annen mulighet til å diskutere og være uenige i klassen. De synes det først er et sjokk at de kan være uenige med lærerne og snakke i timen, men nå senest i vår på avslutningen vektla tre av studentene i sine taler at det var veldig godt å komme til et sted og få stå for sine egne meninger og være uenige med foreleser. Det at de har en større akademisk frihet er kanskje det viktigste. Noe anna er det jeg sa om at man møter folk fra mange forskjellige steder i verden som har mange like problem som likevel er ulike pga forskjellige kontekst og kultur".²⁸⁰

"Det er mange tekniske hindringer i Sør for eksempel. Jeg fikk senest i dag en telefon fra en inder som beklaget seg over hvor vanskelig det har vært for han å få ut data i India nå i sommer når han har vært på feltarbeid. Han ville ikke kunne få det til i den settinga pga byråkratiet. Jeg tror derfor også at det er viktig å komme bort fra sin hjemlige setting rett og slett for å få tid til å studere. Mange studenter sier at det er viktig å komme bort hjemmefra for å få andre perspektiv på ting de trodde var riktig for eksempel, og i tillegg er det verdifullt å møte studenter fra andre land".²⁸¹

²⁷⁶ Samtale med 8A, 25/8-03.

²⁷⁷ Samtale med 2B, 10/9-03.

²⁷⁸ Samtale med 1C, 24/10-03.

²⁷⁹ Samtale med 3B, 8/9-03.

²⁸⁰ Samtale med 7A, 25/8-03.

²⁸¹ Samtale med 6A, 25/8-03.

Det er mange positive trekk som kjem fram om vidareføring av stipendiatkurs i Noreg. Fleire peikar mellom anna på at fordelene med å ha kurs i Noreg er den høgare individuelle statusen kandidatane får etter utanlandsstudiar. Stipendiatane oppnår auka respekt og status i heimlandet, og den internasjonale erfaringa vert for det meste verdsett i høg grad ved arbeidsstaden. Dette er eit moment som også kan spele ei rolle i høve til kandidatens moglegheit til å påverke ved sin institusjon etter studieopphaldet. Fleire norske kursarrangørar legg også vekt på dei tilbakemeldingane dei har fått frå stipendiatar om verdien av lærdomen dei tilegnar seg i Noreg i form av det me foran kalla læringsfilosofi. Fokuset på kritisk tenking, sjølvstende og refleksjon er vesentleg kunnskap som dei meiner dei ikkje ville vorte til gode ved utdanning i sitt eige heimland. Eit tredje fokus som også er vurdert som ulempe med å flytte kurs til Sør er til dømes det kostnadmessige og tekniske aspektet. Stipendiatar har problem med å gjennomføre datainnsamling på grunn av dårleg tilgang på datautstyr og andre tekniske fasilitetar. Byråkratiske og infrastrukturelle hindringar kan også føre til forseinkingar i arbeidet noko som også aukar kostnadane ved studiet.

Fordelane med å ha kurs i Noreg synes å vere mangfoldige og det er ikkje tvil om at stipendiatane sjølve ser eit stort utbytte av å få høve til å kome ut av sin eigen heimesituasjon, få internasjonal og fleirkulturell eksponering, og ikkje minst få høve til å sjå faglege og menneskelege problemstillingar med nye perspektiv. Det er likevel ikkje slik at alle norske kursarrangørar er udelt negative til å flytte heile eller delar av kurs til Sør. Ein interessant observasjon er at det helst er dei programma og institutta som har lengst erfaring med NORAD stipendprogram som ser fordelane med å fase ut kurs heilt eller delvis. Kursarrangørane som er positive til kursmodellar utanfor Noreg har ofte fleire bein å stå på og eit anna perspektiv på institusjonssamarbeid enn dei yngre og meir sårbare programma. Dei vurderar også bistanbspolitiske omsyn utover det individuelle nivået i høgare grad enn andre kurs. Eit anna kjenneteikn er gjerne at dei sjølve har undervist ved samarbeidsinstitusjonar i Sør, eller har forankra eit utstrakt samarbeid.

"En del nevner dette at de gjerne ville vært nærmere tilknyttet fagmiljøet. De sier at en av ulempene med å ha studert ute og så komme hjem er at du ikke er tilknyttet det hjemlige fagmiljøet. Du hører ikke naturlig til i det lokale fagmiljøet, som du ville gjort om du hadde studert ved hjemmeuniversitet. Vi har heller ikke nettverk i alle land, så i en del land føler man seg nok mer isolert enn i andre. Det er

noe vi tenker er positivt med å ha kurs i Sør som del av graden her er at da får de et miljø som er litt nærmere enn Norge etter at de er ferdig".²⁸²

"Faglig og akademisk sett tror jeg ikke vi klarer å gjøre det så bra som vi gjør det her om vi skulle lagt det i Sør. Men at det kommer andre kurstilbud opp i Sør det er kjempebra, men altså ikke at vi skal ta bort dette før noe annet er etablert".²⁸³

"Jeg tror vi godt kan ha både Sør/Sør utdanning og utdanning i nord. Men noe som kanskje er optimalt er sandwichprogram der de tar noe utdanning hjemme og noe her. Man skal ikke kimse av den internasjonale eksponeringen. Det er ikke noe negativt i å la studenter bo her i Norge og la dem se snø og oss og se hvordan vi bor og hvor rare vi er. Det er viktig at folk får oppleve at man ikke er like over alt og det er ikke noen grunn til at det skal være annerledes for studentene fra Sør enn de norske studentene som nå blir innprenta med dette".²⁸⁴

"Man følte at det var viktig å linke dette mer opp mot Sør. Da forhandlet man med Tribhuvan universitetet i Nepal for å se om man kunne få til et samarbeid i tredje semester for de asiatiske studentene våre, og tilsvarende med Makerere universitetet i Uganda for de afrikanske studentene. Da var opplegget at i de to første månedene av tredje semester (august og september) kjørte man gjennom kurser på de lærestedene med delvis forelesere herfra og fra Tribhuvan og Makerere. Så var det mer valgfritt på datainnsamlingsdelen for hovedfagsoppgaven. I utgangspunktet var da meningen at de asiatiske studentene skulle samle inn sine data i Nepal, selv om de var fra Sri Lanka eller Vietnam for eksempel. Og tilsvarende for de afrikanske, at de skulle fortsatt være i Uganda og samle data der. Men i praksis har det ikke gått akkurat slik. Mange studenter var veldig spesifikke faglig, og de ønsket å ha en hovedoppgave på sin hjemlige problematikk. Da ble det gitt åpning for at når den kursperioden var ferdig fikk de reise hjem og samle inn data. Den ordningen har vi gjennomført høsten 2002, da var det første gangen man kjørte det konseptet. Det vi gjør i år er det andre året med tilsvarende modell. Det er litt tidlig enda å si hvor god effekt det har, men det er i alle fall et tydelig signal om at man ønsker å trekke søsterinstitusjoner i Sør mer aktivt inn i bildet. Jeg tror at det oppleves positivt av de fleste, men det er en kostnadsside her som ikke er så enkel å takle. Universitetene ute må jo ha en kompensasjon for arbeidet med dette, og studentene våre har også litt høyere forventninger til bostandard og slike fasiliteter etter å ha vært her. Så det er nok også brukt noen ressurser for å ruste opp infrastruktur. Men jeg tror at fra et ideelt siktepunkt om å integrere nord og Sør mer faglig så er dette et skritt i riktig retning".²⁸⁵

"Tidligere har det vært veldig ensidig fokus på at vi tar dem derfra og hit, lærer dem alt det gode vi kan og så sender vi dem tilbake uten å ha hatt noe særlig kontakt med deres institusjoner. Uten at noen sier det gir det signal om at vi ikke synes det er så viktig det dere driver med, så dere får komme hit og lære det vi kan og reise tilbake og ta med alt det flotte dere har fått herfra. Det er jo aldeles feil. Det er så mye viktig som læres, undervises og forskes i de institusjonene i Sør. Vi ser for eksempel på de kursene vi har i Rural Development i Uganda at de er mye bedre enn oss i Uganda på dette. De i hovedsak norske og europeiske studentene våre som er der nå for første gang er strålende fornøyd over de kursene. Det er veldig tydelig at det er så mye viktig som skjer der som vi har gått glipp av lenge, og som det er viktig at vi får med oss for å få et komplett bilde. Jeg tror også at det er viktig for studenter i Sør å oppleve at det kommer europeiske studenter til deres institusjoner. Vi må ta med hele bildet og gjøre en virkelig utveksling. Det skal byttes på alle måter. Holdningene blir da at det er om å gjøre å komme til for eksempel Norge, så det var en del afrikanske studenter nå som var veldig skeptiske til å reise til Uganda for å lære i stedet for å bare være her. Men når de hadde vært der et semester var de veldig positive. Selv der er det et kompleks man må over. Så man knytter ikke bare bånd mellom Nord-Sør institusjoner, men også Sør-Sør bånd. Det ser vi veldig godt i Nepal. De vi hadde fra Pakistan som var i Nepal i fjor var helt overveldet over at et land så nært hadde så forskjellige problemer i forhold til hva de selv opplevde. Det er en vel så stor verdi av det Sør-Sør samarbeidet. I år ville vi prøve å få til at asiater skulle til Uganda og afrikanere til Nepal, men det fikk vi ikke til økonomisk praktisk sett. Men det ville vært det optimale".²⁸⁶

²⁸² Samtale med 4B, 10/9-03.

²⁸³ Samtale med 6A, 25/8-03.

²⁸⁴ Samtale med 3A, 25/8-03.

²⁸⁵ Samtale med 3B, 8/9-03.

²⁸⁶ Samtale med 4B, 10/9-03.

"Vi kjører også kurs i Sør. Jeg hadde et tre ukers kurs i Pakistan i naturforvaltning, som var veldig rettet mot naturvitenskap. Vi sa at vi mente de skulle prøve noe annet, og vi fikk da dra ned og kjøre et kurs i samfunnsfaglig forståelse av landbruk og miljø. Det var veldig vellykket, og lærerne der såg plutselig at det gikk an å ta med seg studentene ut i felt, og at det gikk an å jobbe i grupper og få studentene til å legge fram ting. Vi gjorde ting der nede som lærerne såg at studentene likte, og de tok da det til seg. Bare det med at lærerne pratet med dem og ikke bare ned til dem".²⁸⁷

Dei positive institusjonelle erfaringane i høve til kurs i Sør understrekar eit interessant moment som dels tek bort påstanden om at ved utdanning i Sør mister ein høve til å lære sjølvstendig refleksjon og kritisk tenking. Når ein vurderer opplevingane etter utveksling av norske undervisningskrefter til samarbeidsinstitusjonar i Sør synes ikkje det å vere eit fullgodt argument til å forsvare permanente kurs i Noreg. Ovanfor ser me at dei lokale lærekreftene tok til seg alternative undervisningsteknikkar som stimulerte til ein ny type interaksjon mellom lærar og student der. Dersom det fungerer er ikkje kritisk tenking lenger unikt og eksklusivt ved utdanning utanfor utviklingslanda. Mellombels utveksling av undervisningskrefter kan gje konkrete resultat i Sør som til dømes eit større nedslagsfelt slik at bistanden når fleire enn ved å oppretthalde kursmodellar utanfor utviklingslanda.

Sitata viser likevel at det eksisterar reelle frustrasjonar mellom norske kursarrangørar i spørsmålet om konsekvensane av å flytte norsketalte kurs til Sør. Desse frustrasjonane bør takast alvorleg og utredast nøye i høve til framtidig stipendiatpolitikk. Det er samstundes naudsynt å omtale kva som kan ligge til grunn for frustrasjonane. Dette er sentralt for vidare vurderingar mellom anna på bakgrunn av dei historiske aspekta og overordna målsettingane med NORAD stipendprogram.

Stipendiatverksemda i NORAD har sidan 1969 hatt som mål å auke opplæringstiltaka i heim- eller tredjeland mellom anna fordi det generelle utdanningstilbodet i desse landa ofte er betre tilpassa lokale og regionale behov. Det har samstundes vore understreka at kurs i Noreg skulle avgrensast til felt der norsk utdanning stod sterkt internasjonalt, og når det var bygd opp tilstrekkeleg kompetanse i samarbeidsland skulle ein arbeide for å få bygd opp tilsvarende høgare utdanningstilbod der. Konkrete døme på at dette kan fungere i praksis er til dømes utviklinga av ein sterk naturforvaltningskompetanse i Aust-Afrika, og kvinnejuss i Zimbabwe:

"Det har også vært en målsetting for oss å begynne å bygge opp miljøer ute. I Tanzania har de for eksempel et eget kurs nå i Naturressursforvaltning. Det er nesten likt det vi har her. Det at vi nå også

²⁸⁷ Samtale med IB, 8/9-03.

har identifisert Nepal og Uganda, og sender våre studenter dit i to måneder, vil si på sikt at vi vil lage tilsvarende masterprogrammer der Vi ser det som vår rolle i fremtiden å bygge mer innovative, eksperimentelle, tverrfaglige og tverrkulturelle utdanningsopplegg enn de tradisjonelle. Dette fordi at de tradisjonelle kursene, de gir de nå selv. Jeg mener det er bortkastet å gi et helt vanlig rett fram masterkurs i Development studies. Disse landene er kommet langt på mange felt, og det er da viktig å tenke gjennom hva som er poeng i å gi og ikke gi.”²⁸⁸

